Utdrag frå boka

Ord te gagns

Ord og uttrykk frå Surnadal

Med tillegg og rettingar etter at boka kom ut i 2010
Ein del nye ord frå ”Teft og tykkje”
etter avtale med Bøfjorden Sjøbruksmuseum

Surnadal Heimbygdlags skrifter nr. 11
Surnadal Heimbygdlag 2010

Ordsamling

A

abakle (adj *abakkḷe*)
avbakleg, avsides, ulagleg, vanskeleg

abel (eit *a-beḷ, a-beḷe*)
avberde, noko storoverlag (sagt om folk og dyr og ting) Jf. åbørsverk

abese (å *abes, abese, abest*)
avbese, roe ned, stagge, støre frå, frårå: *e abest sa farrkåt oŋŋaŋŋ / du lyt prø̂v å abes 'n me sa tolḷa / de va ʒe veṛṭ å prø̂v me nå abeseŋŋ*

afsa (å *affsa*)
avsa, åtvara: *ho affsa åt 'nå att 'n iʒʒe skolḷ våg se utpå is'n*

afsing (ei *affseŋŋ, affsiŋŋa*)
avsing, åtvaring

aga (å *aga*)
aga, tukte, truge, skremme

agje (ein *aje, ajiŋŋ, agå*)
age, blanding av vørdnad og otte: *dæmm he iʒʒe nåŋŋ aje tå lerara no læŋŋ'er / haŋŋ e iʒʒe ṣlik att 'n te aje, na gut'n*

agne (hokj flt *aŋne, aŋŋniŋŋ, aŋŋnå*)
agner, frøskal på korn

agust (ein *agust, agust'n*)
august (månad): *ska tru kålles agust'n bḷi?*

aia seg sjå: **øya seg**

aks (eit *akks, akks'e*)
1. aks på korn og gras
2. spiss el. egg på somme slags reiskap (navar)

aksel (ei *akks'el, akk'ṣla, akk'seln, akkṣle, akkṣliŋŋ, akkṣlå*)
1. kroppsdel: skulder
2. framskytande, smalvore høgdedrag i ei li.

akselblad (eit *akkselbḷa, -bḷae*)
skulderblad

akslott (ein *akkslått, akkslått'n*)
den delen av eit kornstrå el. kornband der akset er

aktande (*akktaŋŋ* pres part av akte)
påliteleg, noko å legge vekt på: *de e aḷḷ'der nå akktaŋŋ ka 'n sie*
Jf. sætande

aktau (adj *akktɒu, akktåkt*)
aktug, påpasseleg

akte (å *â̂kkt, akkta*)
akte, passe, ta seg i vare: *akkt de no, så du iʒʒe breŋŋe de!*

al I (ein *aḷ, aḷ'ṇ*)
ard, gammaldags plog, plog til å laga fòr i åkeren med

al II (ein *al, al'n*)
al, kjerneved, malmved

ala I (å *æḷḷa, eḷ, oḷ, åḷḷe*)
1. ala, fostre opp
2. venne til seg, få til å bli heimvant: *dæmm he nå ṣøḷ åḷḷe-åt-se sa oŋŋaŋŋ / haŋŋ oḷ hæmåt-se sa sɒuiŋŋ e håbbåḷḷåŋŋ / haŋŋ eḷ hæmåt-se di faŋŋtaŋŋ så fiŋŋst*

– ala på seg nokon= sleppe nokon så innpå seg at ein får ulempe av det
Jf. fark-ala

ala II (å *ała*)
ala, arda, pløye opp fòr, hyppe

alder (adv *aḷḷ'der*)
aldri: *fær aḷḷ'der de* = aldri i verda, ikkje for nokon pris
– aldri det slag = slett ingen ting: *de e likar me iḳḳenå heḷḷ aḷḷ'der de ṣlag*

aldermann (ein *aḷḷdermaṇṇ, -ma'ṇṇ*)
aldrande person, olding

aldervoren (adj *aḷḷdervoriṇṇ, -vora, -vore, -voṛṇe,* bf *-voṛ'ṇ*)
tilårskomen: *e de eṭṭ aḷḷdervore meṇṇeṣḳe haṇṇ he fått-se-ti? / ho viḷḷa ha æi aḷḷdervora dråk te jṇṭṭp / de e aḷḷdervoṛṇe fåṭṭk, âḷḷ her no*

alen (adj *aliṇṇ, ala, ale, alne* bf *al'n*)
om ved: med al i: *de e aliṇṇ ve ti sa gammeṭtemmra / de e æi ala tâḷḷ / vi må brûk alne bor*

ales sjå: **annleis**

all (pron/adj/adv *aḷḷ, aḷḷt, aḷḷe* bf *âḷḷ*)
– alle dagar og alle netter (*aḷḷe dagga å aḷḷa net* bf flt: *âḷḷ dagaṇṇ å âḷḷ net'n*)
– all med seg = 1. over alt, fullstendig: *haṇṇ va stor å støgg aḷḷ me se* 2. så vidt: *de va bærre aḷḷ me se att e ha moṇṇtåṭṭa* (munntolt)
– all min dag: *e he vårre fressk aḷḷ miṇṇ dag*
– all så helst = mest truleg, aller helst, sannsynleg: *aḷḷ så heḷḷst e dæmm boṛṛṭ'resst når dṇrriṇṇ e lest*
– all så oftast = for det meste, rett som det er– all så tidast = stadig, heile tida:
æn bṭi no 'ḳe på de bṭiast når de e poṇṇi-trå-lṇså aḷḷ så tiast
(Gravvold: Ville blomstra s.159)
– all vissande = utan tvil, særleg: *vi ska bṭi færṛṛdi te lṇdags aḷḷ vessaṇṇ omm vi får jṇṭṭp tå 'nå far*
– som all snarast = aller snarast: *så aḷḷ snarast / aḷḷ så snarast*
Uttrykk: Han er ikkje all der ein sjer_'n = han er meir enn han ser ut for med det same
– i all dag = i heile dag

alles sjå: **annleis**

allhandkar (ein *aḷḷhaṇṇ(s)kar*)
ein som er hendt og driv med mange slags arbeid
— Jon Moa har vore litt av ein allhandkar, som det heiter her i Surnadal. (HH i Romsdalsposten 10.11.65)

allmannveg (ein *aḷḷmaṇṇvæg, -væ'n, -væja*) = offentleg veg
"Du går så bratt ette allmannvæja" (HH: E slåttatæja)

allstads (adv *aḷḷ'stass / aḷḷ'stann*)
allstad

allveg (adv *aḷḷvæg / aḷḷ væg*)
alltid, stadig: *ṣlik he de aḷḷvæg vårre me dæmm, dæmm veṇṇta att e ska varra te-ræi' å jṇṭṭp dæmm aḷḷvæg*

allå stads (adv *aḷḷå stass* dativ flt)
allstad –"…drengene handfor han allom stads" (LH: Bonden på Bjørset s.21)

almemåske (ei *aṭṭmemâssk, -måsskå*)
tørka og male almebast oppløyst i vatn (til brødbaking)

aln (ei *aṭṇ, aṭn'a*)
1. gammalt lengdemål 63 cm
2. stav som ein brukar når ein vippar jeppe, og som ein mæler alner med

alo (ein *al'o, al'o'n*)
sjau, bråk, mas

alt (adv *aḷḷṭ*)
meir og meir etter kvart: *haŋŋ he vårṛṛṭe aḷḷṭ vær å vær te å lyg / vi je-på aḷḷṭ læŋŋ'er utevve kveḷḷaŋŋ*

alt med (konj *aḷḷṭ me*)
1. ettersom, sia, når: *dæmm må ha vårṛṛṭe færhæff'taŋŋ aḷḷṭ me dæmm bṭi så sæn / haŋŋ må varra hæm'gått aḷḷṭ me vi iḳḳe ṣeṛ 'ṇ*
2. så lenge, medan: *dæmm såg iḳḳe opp heḷḷ aḷḷṭ me dæmm drokkst me mottora / de let iḳḳe or'e ti 'nå aḷḷṭ me e va te-stess'*

alt med seg (adv *aḷḷṭ me se*)
berre så vidt, med nauda, på hengande håret: *de va aḷḷṭ me se att'n komm se te laŋŋs* Jf. på niande naglen, så vidt kattå nådd noven

alt så te (*aḷḷṭ så te*)
alt som til er, alt som finst, all slag: *ho sammṭa på aḷḷṭ så te*

alvor (eit *ɒṭṭvɒr*)

ambod (eit *ammbo, ammboe*)
verkty, bestikk Jf. handfeng

ambodsveå sjå: **emnesveå**

ame (ei *âm, amå*) = stor tynne, kasse, (overført: stor, tjukk kvinne)

ampe (ein *ammpe, ammpiŋŋ*)
dragster, armod, bry: *e he hafft myḳḳy ammpe me sa sɒuå*

amplei (eit *ammpṭei*)
nok å stå i med (frå engelsk "employ")

amråle (ei *ammrâṭ, ammråṭå*)
nokon som er grådig og rålar åt seg

amrålen (adj *ammråṭiŋŋ, -råṭa, -råṭe, -råṭṇe* bf *-râṭ'ṇ*)
som er grådig og vil råle åt seg

anau (adj *anɒu, anåkt*)
var, på vakt Jf. anen

and (ei *aŋŋ, aŋŋ'a, a'ŋŋ*)
ande, pust: *ho sɒp ette a'ŋŋ* = snappe etter pusten
– dra anda = 1. puste: *e va så kṭar att de va bæṛ ṣå viṭṭ e greḍḍ å dra aŋŋ'a* 2. kvile litt, puste på: *vi sætt åss å dro aŋŋ'a så viṭṭ de va*

andast (å *aŋŋast*) = døy, ande ut

andblesen (adj *aŋŋbṭessiŋŋ*)
dss andblest

andblest (adj *aŋŋbṭesst*)
andblæst, andpusten: *he du fårre så du he vårṛṛṭe aŋŋbṭesst?*

anddrått (ein *aŋŋdrått, aŋŋdrått'n*)
andedrått, andedrag, pust: *haŋŋ drækkst syŋŋele me aŋŋdrått a*

andføtes (adv *aŋŋføttes*)
med føtene mot kvarandre: *dæmm legg aŋŋføttes lekk'så brurfåṭṭḳe på Bæṛṛṣ'ɒ'n* (Dei ligg andføtes liksom brurfolket på Bergsøya – ordtak)

andmokt (adv *aŋŋmokkt*)
kjøvande, tungt, travelt, drygt:
de e så aŋŋmokkt oppi hʋyståţa / de ʒeŋŋest så kvaţţmt å aŋŋmokkt når gţas'e e att

andnaggel (ein *aŋŋnaggeţ, -naggeţŋ*)
andnagl, hudfliser ved naglrota

andror (ein *aŋŋror*)
roing i motvind
– andror i stilla = strev i utrongsmål: *du taţţa omm å järra se aŋŋror e stiţţåŋŋ!*

andski (ei *aŋŋṣʒi, -ṣʒiå, -ṣʒiåŋŋ*)
vertikalstilt vedaskie fremst på vedabøra

andsøles (adv *aŋŋsøţes*)
mot sola

andørkje (eit *aŋŋdø̊rr̊ʒe*)
andyrke, vyrke, emne, gagnstre
dss. emnesveå

andøve (å *aŋŋdôv, -døve, -døft*)
1. halde båten i ro med årane
2. handtere, få på rett lei Jf. abese

andåre (ei *aŋŋdâr, -dårå*)
andyrje, skispor Jf. dåre, skiandåre

anen (adj *aniŋŋ, ana, ane, ane* bf *a'n*) = vár, oppspilt Jf. anau

angerholden (adj *aŋŋerhåţţiŋŋ, -håţţa, -håţţe, -håţţne* bf *-håţţ'n*)
angerhalden, angrande, lei seg

angermann (ein *aŋŋermaŋŋ*)
ein som angrar seg ”E ’n angermann, han Hans?” (HH: Svarrabærje, Vårsøg s.342)

angrau (adj *aŋŋrʋu*)
angrug, angrande, lei seg:
haŋŋ vaṛṛţ nå så aŋŋrʋu ettepå

ann- sjå også: **and-**

anna, ikkje anna (*iʒʒe anna*)
om ikkje meir, i det minste:
vi lyt skoŋŋ åss å få iŋŋ fţathʋye iʒʒe anna / iʒʒe anna så bærrga ’n nå hællså si

annakveld, i annakveld (adv *e annakveţţ*) = i morgon kveld
(også: annahelg = neste helg, annavekku = neste veke)

annall (*annaţţ*)
samandregen uttale av *anna heţţ*

annan (pron *annaŋŋ, ånnår (anna), anna, are (annare)* bf *aŋŋ'er*)
æn annaŋŋ gåŋŋ (ein annan gong)
æi ånnår ti (ei anna tid)
eţţ anna år (eit anna år)
are karra (andre karar)
ara drek'er (andre dreker)
are båŋŋ (andre born)
deŋŋ aŋŋ'er gåŋŋ'en (den andre gongen)
di aŋŋ'er daggaŋŋ (dei andre dagane) Jf. hin

annau (adj *aŋŋʋu, aŋŋåkt*)
onnug, aktiv,arbeidsam, oppteken
Jf. onnau

anna-års (adv *anna-årṣ*)
– te anna-års = til års att, til neste år

anndag (ein *aŋŋ'dag, aŋŋ'da'n*)
annandag, andredag: *vi ska ha juţtrefæsst aŋŋ'dag e juţ*

annive sjå: **handive**

annleis (adj/adv *aŋŋ'less / aŋŋṣ'less / aŋŋṣ'less'n / a'less*)

annsem (adj/adv *aŋŋsæmm*)
annsam, travel
– ha det annsemt = ha det travelt
Jf. annau

annsemd (ei *aŋŋsæmmd, aŋŋsæmmda, aŋŋsæmmd'n*)
annsemd, travel verksemd, stor aktivitet: *de e nåkkålit te aŋŋsæmmd på dåkkå*
Også: annsemheit (*aŋnsæmmhæt*)

annsemyllå (adv *aŋŋsemyḷḷå*)
annsimellom, så vidt det er pusterom i annsemda, når gjeremåla står i kø
"E må skriv ein stubb no det er så annsemyllå med tidå" (HH)

ansande (adj *aŋŋsaŋŋ* av anse)
med nekting: ikkje ansande = ikkje noko å bry seg om Jf. aktande

ansau (adj *aŋŋsɒu, aŋŋsåkt*)
ansug, årvak, gløgg, åndsfrisk

anse (å *âŋŋs, aŋŋsa*)
anse, legge merke til, bli var

ansless sjå: **annleis**

ant om (adv *aŋŋt omm*)
om å gjera, nødvendig, ivrig etter: *haŋŋ va 'ʒe så aŋŋt omm å ha-me fṭæ̂r*

apast (å *apast*) = gjera narr Jf. glir

ape (å *âp, apa*) = ape, herme

arbeidsbørne (ei *arrbeisbø̂ṛŋ* sjå børne) = arbeidsbørn, reiskap o.l. som ein treng til arbeidet

arbeidstøk (adj *arrbeistøk* sjå tøk)
tiltaksam, arbeidsvillig
"Ho er eit par år yngre enn broren og ei arbeidstøk lita klubbe som skjønar seg på litt tå kvart" (HH: Ei haustferd på Nordmøre, s.20)

arbust (ei *ar'busst, ar'bussta*)
pilbørse, armbrøst

arbørse (ei *arbɒ̂ṛṛṣ, arbɒ̂ṛṛṣå*)
dss arbust

are (andre) sjå: **annan**

arm (ei *arrm, arrm'a, arrm'en, arrma*) – særskilt: landtau til kastenot Jf. gein
(Om kroppsdel: hand)

armast (å *arrmast*)
plagast, dragast, mødast, slite: *ho lyt arrmast fær myʒʒy me sa kṭæn oŋŋå*
Jf. imødsle, brusle, ampe

armod (ei *arrmo, arrmoa*)
fattigdom, vanskelege kår: *haŋŋ he drijjest e arrmo'n aḷḷ siŋŋ dag / de he våṛṛṭe eṭṭ arrmos-hus*

arstaden (adv *aṛ'ṣtann / aṛ'ṣtass*)
annanstad, andre stader: *næi, du får prø̂v nåṛ'ṣtann aṛ'ṣtann / dæmm jær ḍe aŋŋṣ'ḷess somm'stann aṛ'ṣtann*

arveld (eit *arrveḷḷ*)
horvelde, tverrtre el. tverrband til å låse ein kuklave av tre med
Jf. avreld

as-labbe (ei *aslâbb, aslabbå*)
flat og rund kake av gjærbakst, steikt oppå komfyren – helst teken av deigen når ein steiker brød
Jf labbe, kak-labbe

att (adv *att*)
ha-att dɒr'a! / ho ʒæmm att'-att e mårrgå / e fiŋŋ iʒʒe att nåṭ'a / vi får slû̂ṭṭ no å heḷḷ ta-de-att e mårrgå / ho vesst iʒʒe att framm = var rådvill

attend (adv *att'eŋŋ*)
attover, baklengs: *ʒør att'eŋŋ eṭṭ styʒʒe!* (mots. *framm'eŋŋ*)

attend-att (adv *atteŋŋatt*)
attende att, tilbake: *vi ǩæmm atteŋŋ-att åt se saǩ'en æn annaŋŋ gåŋŋ*

atter I (adj/adv *att'er* komp. av att)
lengst att (av to), på atterenden, bak: *e la-poŋŋ viŋŋterṣko att'er / hæsst'n ṣer så høg ut att'er / vi lyt ṣǩîfft både fræmm'er å att'er stɒtfaŋŋaṛŋ på bil'a*

atter seg II (å *att'eṛ ṣe, attra se*)
attre seg, komma på andre tankar, trekke seg: *næi, haŋŋ attra se me di*

attest (adj/adv *attest* av att)
attast, lengst att: *kvaŋŋ si dråk e 'å, na attestå / kvaŋŋ siŋŋ gut e 'n, na attestiŋŋ / kvaŋŋ e de så går attest?*

att-eå (ei *att-eå* sjå eå)
att-ide, bakevje, straum som går motsett lei av hovudstraumen

attglett (adj *attgłætt*) = bakglatt

attgletten (adj *attglættiŋŋ*)
dss attglett

attglømme (ei *attgłø̂mm, -głø̂mmå*)
eldre ugift kvinnfolk

atthald (eit *atthaḷḷ*)
1. med nekting: (ikkje) noko som held att: *de finŋŋst iǩǩe nå atthaḷḷ me sa stakkaḷḷoŋŋå, haŋŋ jæṛ ṣå 'n viḷḷ*
2. fokksnø e.l. som bremsar farten på ski el. slede

atthall (eit *atthaḷḷ*)
eit lite stykke nedatt når ein kjører i motbakke (bakhalling)

atthål (adj *atthåł*) = bakglatt

atti (adv *atti*)
– blande atti = blande saman med
– komma seg atti = bli kjent med, få omgang med folk på ein ny stad

attjø (int *att-jø*)
adjø! ha det bra! (fransk: til Gud!)

attlegg (eit *attlægg, attlejje*)
åker tilsådd med grasfrø

attleggu (ei *attleggu, attleggu*)
attlege, førsteårseng

attljø (ein *att-jø* sjå ljø)
ekko, dvergmål Jf. svarraberg

attomralla (adj perf part *attomraḷḷa*)
overvunnen av annan friar, tåheina Jf. ralle attom, heine tå

attpå att (adv *attpåatt*)
1. (få/gje) attpå, i tillegg, imellom: *lɒt du ji myǩǩy attpåatt da di byṭṭ urå? / ta fekk e attpåatt haŋŋ'eln*
2. etterpå: *næi, no attpåatt aŋŋra 'n aḷḷt 'n sa / de e lett å ṣå fælaŋŋ attpåatt*

attpåklatt (ein *attpåkłatt*)
barn som er fødd mykje seinare enn søskena sine

attrabød (ei *attrabø, -bøa*)
atterbod, oppseiing, kontraordre: *haŋŋ ha lavva ut å varra me på set'ra, mænn lɒt sên̂ŋŋ attrabø da 'n vaṛṛ kłæn*

attrauva (adj *attrɒva*)
som har utståande bakstuss

attre sjå: **atter II**

attstøeng (ei *attstøæŋŋ, attstøeŋŋa*)
eng som står att uslegen: *fłøtt kałłvaŋŋ boṛṛtpå attstøeŋŋa!*

attund (adv *attoŋŋ*)
attunder, i ly, under tak: *ǩy'n jekk attoŋŋ fær vera*

attvendt (adj *att'veŋŋt frå præsst'a*)
nekta konfirmasjon
attvisande (adj *attvisaŋŋ*)
som det er synleg merke etter
att-å-bak (adv *att-å-bak*)
dss att-å-ende
att-å-ende (adv *att-å-eŋŋ*)
att å bak, baklengs: *haŋŋ valḷḷt att-å-eŋŋ på ryjj'en*
attåt (adv *attåt*)
1. bort til: *sætt dåkkår attåt bora!*
2. i tillegg til: *ka ska vi ha attåt kaffea?*
attåvegå (adv *e attåvægå* dativ flt)
attafor t.d. som ikkje kan følgje dei andre (Overført, helst med nekting: *haŋŋ e 'ʒe e attåvægå, haŋŋ* = han bergar seg bra) Jf. storsaugarde
au- sjå: **aud-, aug-**
audkjent (adj *ɒuʒeŋŋt*)
lettkjenneleg, lett å kjenne frå andre: *haŋŋ e ɒuʒeŋŋt på gåŋŋåŋŋ / haŋŋ he så ɒuʒjeŋŋt måḷ når 'ŋ søŋŋ*
Jf. kjennspak
audsjåande (adj *ɒuṣåaŋŋ*)
audsynt, lett å sjå, tydeleg: *de va ɒuṣåaŋŋ att 'n for myʒʒy e skog å marrk*
augblekk (eit *ɒubḷækk, ɒubḷeʒʒe*)
augneblink, blunk: *haŋŋ skoḷḷ ṣåte å kåmm på ɒubḷeʒʒa / viḷḷ du vêŋŋt eṭṭ lite ɒubḷækk?*
augbrun (ei *ɒubron, ɒubrona*)
augnebrun
auge (ei *ɒ̂u, ɒuå (ɒ̂g, ɒgå)*)
augfara (å *ɒufarra, -fer, -for, -fårre*)
sjå på, granske med augo
"Kristen husbond augfor himmelen og såg etter vermerka." (LH: Eit plassrom kalla Trøa,s.78)
augkvarm (ein *ɒukvarrm*)
augekarm
auglag (eit *ɒulag, ɒulaje*)
augelag, uttrykk i blikket: *e lika ʒe ɒulaje på 'na / ho he så hommḷåt ɒulag*
aug-rå (ei *ɒu-rå* sjå rå) = augekrå
augstykkjyll (ein *ɒustyʒʒyḷḷ, -styʒʒyḷḷn*) = augestikel, sti, kveise på augkvarmen
augsyn (eit *ɒusyn, ɒusyne, ɒusyna*)
1. synsfelt: *kåmma tu ɒusyna*
2. oppsyna, augo, andletet: *haŋŋ va svaṛṛṭ e ɒusyna*
august sjå: **agust**
auke (å *ɒ̂k, ɒka*)
særskilt om bunding: binde på fleire mosker (mots. felle)
aukje (ein *ɒʒe, ɒʒiŋŋ, ɒkå; ɒka*)
avlang ball av mjøl og potetrasp, som blir bruka attåt koka kjøtt o.a. (trøndsk "klubb")
aukjeball (ein *ɒʒebaḷḷ*) = aukje
aule (å *ɒ̂ṭ, ɒṭa*)
aule, myldre, kry (særleg om smådyr, men også om folk i store mengder)
aurforr (ei *ɒrfårr, ɒrfårra*)
den siste fòra i eit plogland
aurås (ein *ɒr-ås, -ås'n*) = plogås
ause I (ei *ɒ̂s, ɒså*)
1. ause
2. storpratmakar Jf. oskause
ause II (å *ɒ̂s, ɒse, ɒsst*)
1. ause 2. fara med storpreiking
austafløte (ein *ɒsstafḷøte* sjå fløte)
skydrift austafrå i høgda

austate (prep/adv *ɒsstate* dativ)
austafor: *væ'n går ɒsstate byta*
Jf. innate, hitate, synnate, åvate
auster I (ei *ɒsst'er, ɒsst'ra*)
auster, ause
auster II (adj *ɒsst'er* komp av *aust*)
som er lengst aust (av to gardar)
aust-und (prep *ɒsstoŋŋ* sjå und)
aust-under
auståte (prep/adv *ɒsståte*)
austafrå (NB! ikkje austate)
av- sjå også: **åv-, å-** og **a-**
avart (ein *avaṛṛṭ, avaṛṛṭ'n*)
noko utanom det vanlege
avbakleg sjå: **abakle**
avbese sjå: **abese**
aven (adv *av'en*) = i tvil
avhende (å *avhêŋŋ, avheŋŋe, avheŋŋt*) = selje, kvitte seg med (særleg om slaktedyr)
avhendele (adj *avheŋŋele*) = salgbar
aving (ein *aveŋŋ, aviŋŋen*)
siste enden av renningsgarnet i veven (det som går bort, mellom hovlane og varpbommen)
avlating (ein *avlateŋŋ, avlatiŋŋen*)
fargerest (av te eller fargingsvæske)
avle (ein *avvłe, avvłiŋŋ*)
avling Jf. årsavle og fjorsavle (Sjå: avvel)
avmerkjes (adv *avmærṛṛǩes*)
avsides (eigl. der det ikkje finst bytmerke)
avrat (eit *avrat*)
avfall, skrot, vrakgods:
e tøkkt da de va bærre avrat så låg att / de kaŋŋ varra eŋŋkvaṛṛṭ avrat 'n ṣer se gaŋŋn ti
("kongens avrat" = dei som vart vraka på sesjonen)
avreld (eit *avvreḷḷ*)
horvelde, tverrtre el. tverrband til å låse ein kuklave av tre med
Jf. arveld
avrå (å *avrå, avrår, avrådd*)
rå ifrå: *dæmm avrår'n mæsst dæmm kaŋŋ / haŋŋ e vesst avrådd me hæle græiåŋŋ*
avskore (ei *avskôr, avskorå*)
1. rest, leivning Jf. kaure
2. bakhun av plank
avstere (å *av-stêr, avstere, avsteṛṭ* eller *ster-åv*)
fråråde, tala frå: *di lyt prø̂v å avstêṛ 'ṇ me sa gar-haŋŋla / dæmm avsteṛṭ 'ṇ mæsst dæmm koŋŋ*
Jf. stere frå
avtelje (å *avtæł, avtæł, avtæłṭ*)
rå ifrå: *dæmm he avtæłt 'ṇ me å farra te by'n*
Jf. avstere, avrå, stere ifrå
avundsjuk (adj *avoŋŋ-ṣuk*)
avundsjuk, misunneleg
avundsykje (ei *avoŋŋ-syǩe, -syǩå*)
avundsykje, misunning
avvel (ein *avv'eł, avv'ełn, avv'ła*)
avl, arbeidet med å avle (ikkje avle)
avåt (eit *avåt*)
skadedyr, helst smågnagarar
Jf. åt = skadeinsekt, klegg, mygg o.l.

Jan Olav Aune
møbeltapetserer

Han bli no 'kje på det blidast
når det e punditrådløysså all så tidast.

B

bae (ein *bae, baiŋŋ, baå; baa*)
båe, straumkvervel og bårerygg, der vatnet går mot botnen og lagar ei ”auge” midt i kvervelen og pullar oppatt som ei ”såte” eit stykke unna Jf. vassvelle

bak (ein *bak, baḳ'en, baḳ'a; baka*)
bakhun, ”skalk” som blir skoren av tømmerstokken før ein reinskjer plankar og bord Også: bakved

bakels (eit *bak'els, bak'else*) = vaffel

bakelsjar (ein *bakelsjar* sjå jar)
kant (avskore) på vaffel

bakelsjarv (ein *bakelsjarv*)
ein som er glo etter bakels

bakka (ein *bakka, bakkaŋŋ*)
1. bakke (i landskapet)
2. rygg på bitjarn (mots. egg) t.d. på ljå og kniv

baklendt (adj *bakleŋŋt*)
med baklier (nordvendt)

bakli (ei *bakli, baklia*)
nordvendt bratt li

bakole (ei *bakôo̧ṭ, bakoṭå*)
bakgjord, baksele på hest (ikkje rompkjevle)

bakster (ein *bakkst'er, bakkst'eṛṇ, bakkst'ra*) = baking, bakst

bakstri (ei *bakkstri, -ria*)
linnversbolk på førejulsvinteren, ”kakelinne”

baksølt (adj *baksøḷṭ*)
på skuggesida, baklies

balder (å *baḷḷd'er, baḷḷdra*)
baldre, tala utydeleg

baldren (adj *baḷḷdriŋŋ, -dra, -dre, -drene* bf *-dren*)
som talar utydeleg

bale (ein *baṭṭe, baṭṭiŋŋ*)
bale, trerør. (Overført som skjellsord på folk: tverplog)
Jf. pennbale

ballfisk (ein *baḷḷfessk, baḷḷfeṣṣḳen*)
fisk som eignar seg til å laga ball av

ballkule (ei *baḷḷkûṭ, -kuṭå*)
variant av ballspel (mot vegg) (ei slik ”kule” er t.d. ”maridalå”

ballspøå (ei *baḷḷspøå* sjå spøå)
balltre Jf. lyrspøå

band (eit *baŋŋ*)
1. særskilt i båt: innvendig tverrtre tilhogge av naturleg vakse emne til å halde saman båtsborda, og som underlag for endane på toftene
2. tynneband

bande (å *bâŋŋ, baŋŋa*)
sette band på tynne, bøtte o.l.

bandhaka (ein *baŋŋhaka* sjå bandstaka)
hake til å halde fast bandstaken i bandstolen Jf. kjerringkjeft

bandkniv (ein *baŋŋkniv, -kniven*)
kniv med skaft på begge endar, til å skjera tynneband med

bandrenning (ein *baŋŋ-reŋŋeŋŋ, -reŋŋiŋŋen*) = renning som eignar seg til å laga tynneband av

bandstaka (ein *baŋŋstaka, -stakaŋŋ*)
hasselstake til tynneband
Jf. bandrenning

bandstol (ein *baŋŋstoṭ, -stoṭ'n*)
trebukk for bandsmiing (også: bandsmiarstol)

bang (ein *baŋŋ, baŋŋ'en*)
rygg, ekstra høg fòr midt på åkeren der ein pløyer to fòrer mot kvarandre

Bangendal (fantasinamn *baŋŋ'endaɻ*)
– "guten sin som ikkje var fødd i Bangendal og oppalen med kopp" = ingen svekling eller reddhare (LH: Kring gamle Tovadal, s.54)

barke (ei *bâr̥̥rk, bar̥̥rkå*)
1. borkelåg til barking, bork og vatn
2. hud til barking: *snu bar̥̥rkå e låj'a*

barkje (ein *bar̥̥rʧe, bar̥̥rʧiŋŋ*)
strupe, framside av halsen, svelg: *haŋŋ to struptak å kɻemt åt evve bar̥̥rʧiŋŋ på 'nå*

barkoll (ein *bar-kåɻɻ, -kåɻɻ'n*)
sopelime av bar Jf. bartuå

barnfoster (ei *banfosster, -fosstrå*)
barnepassar

barnsdømme (eit *bansdømme*)
1. om å "gå i barndommen", aldersdemens: *næi, no går 'ṇ aɻɻdeles e bansdømme, haŋŋ far / ho e kåmma atti bansdømme, ho bæss'mor, no*
2. barndomstid: *ho e så miŋŋɒu frå bansdømma*

barntraug, gi på barntrauget (*ji på ban-trɒje*)
gi dåps- eller faddergåve (pengar som vart samla i ei skål)

barra (å *barra*)
1. bora: *barra håɻ me æn navvar*
2. stå i vegen: *haŋŋ sto der å barra å færṭaɻṭ' di sommå hisstoriåŋŋ* (truleg samanheng med barre)

barre (ein *barre, barriŋŋ*)
bekre, ver (helst i godtale om gamlebekren – ikkje om ein gjømmerbekre) (Overført om ein person som står i vegen og stengjer)

barsau (ein *baṛṣau, baṛṣɒ'n*)
barkongle

bartuå (ei *baṛṭuå, -ṭuå*)
bartvoge, skurekost av bar
Jf. barkoll

baskande (adj pres part *basskaŋŋ(s)*)
frampå, dyktig til gagns

baskjen (adj *baṣṣʧiŋŋ, baṣṣʧa, baṣṣʧe, basskne* bf *bassk'n*)
hardhendt, vanskeleg å hanskast med: *ho greḍḍ iʧʧe å abes sa bassk'n oŋŋaŋŋ / de vaṛṛṭ eṭṭ baṣṣʧe ver* Jf. hardsokt

basternattergal (ein *bassteṛṇattergaɻ*)
"bastardnattergal", gulsongar

baug (ein *bɒg, bɒj'en, bɒj'a; bɒua*)
1. baug, krokstamn på båt Jf. bøyg
– for alle baugar (*fær aɻɻe bɒua*) = som er borti alt, som duger til alt "Ja, Polla-karrainn va fær alle baua" (HH: Vårsøg s.194)
2. bug, bukt, open vik (stadnamn)

baut (ein *bɒt, bɒt'n*)
baut, sving, tur, vending: *e truḍḍ 'n komm bænast hit, mænn haŋŋ jor æn bɒt boṛṛṭom æɻɻva / haŋŋ to se æn bɒt neåt sa aŋŋ'er karrå*
Jf. tver-baut

be (å *be, be, ba, bee*)
– be seg heim = invitere
– be tu = be utor, be nokon særskilt til seg, kalle til sides, gjera skil på folk: *ho ba-tu på fæsst dæmm så va fin'-nɒu te å varra me 'na hæm*

– be te brøllåps = gå med oppbretta skjørtekant
– be åt seg = invitere

bedaring (ei *bedarˈeŋŋ, bedarˈiŋŋa*)
tvil, uvisse ”Da e va trætti år, e kom e stor bedaring” (HH: Svarrabærje, Vårsøg s.342)

bedarlag (eit *beaṛ-ḷag, -laje*)
grend der folket gjensidig bed einannan på bryllaup o.l.
Jf. beiningsgrend, næmsel

begg’ sjå: **bigge**

begje sjå: **bægje**

behendele (adv *behenŋˈele*)
påfallande, merkeleg: *de e så behenŋˈele kåṛ ’ṇ snarra-se tu di*

bei (eit *bæi, bæie*)
kinn Jf. kinnbei
– byte bei = gi kvarandre ein klem
Jf. gromme

beinast (adj/adv *bænast*)
1. beint fram, som seier meininga si, open og grei: *ho e græi-taḷḷaŋŋ å bænast / e sa de bænast åt dæmm så de vaˈ-te me di*
2. beinvegs, stuttaste og minst heftesam veg:
du ska kåmma bænast hæm tå skuḷå
3. greitt, enkelt, lettforståeleg:
de e ʒe så bænast å læssa skrefftˈa hass læŋŋˈer

beinau (adj *bænɒu, bænåkt*)
beinug, hjelpsam, villig til å gjera ein ei beine
”Fær sjøl om ’n Pe va æn syinnar på jor’n, så va ’n både bænau å bli når du spor’n.” (HH: Hainn Muligens-Pe, Vårsøg s.340)
Jf. beine

beinber (adj *bænbær*)
beinberr, tynn, mager: *ho e så mager å bænbær attpåatt ṣlåttåŋŋa*

beinbryte (å *bænbryt* sjå bryte)
bryte av bein i kroppen

beine I (ei *bæ̂n, bænå*)
hjelp, velgjerning, teneste:
viḷḷ du jærra ’nå æi bæ̂n?
Ordtak:”Den eine beina gjer den andre fal” (*deŋŋ æ̂n bænå jæṛ ḍeŋŋ aŋŋˈer faḷ*)

beine II (å *bæ̂n, bæne, bænt*)
1. beinke, gjera bein:
ta å bæn na ståʒkʒˈen!
2. gjera i stand og ta med seg beining
3. beine til = laga seg til: ”Når snøen ligg randheil til jønsøkku, beinar det til ein sein vår.” (herme)

beingrind (ei *bængriŋŋ, -griŋŋa*)
skjelett

beining (ein *bæneŋŋ, bæniŋŋen*)
mat som ein ber med seg til gjestebod Sms. beiningskjerring, beiningskorg, beiningskveld (= kvelden før bryllaup/gravøl)

beiningsgrend (ei *bæneŋŋsgreŋŋ*)
grendefellesskap som etter tradisjonen går med beiningar åt kvarandre ved barsel, bryllaup, gravøl o.l. Når beiningskjerringa kom att etter å ha sett ein nyfødd unge, kunne ho omtala han slik:
–”Han var no ein snedden liten unge”
–”Han var så nå-så-nære” , eller
–”Han var no hell’ turvoren” (ordet ”stygg” fekk ein ikkje bruke)
Jf. bedarlag, næmsel

beinkløyvt (adj *bænkɫɒft*)

1. lett å kløyve , utan motved
2. overført: grei, enkel, endefram, real: *haŋŋ e 'ʒe så bænkɫɒft å hame å järra*

"Dei er reale, beinkløyvde og ærlege arbeidsfolk all igjennom" (HH: Ei haustferd, s.108)

Beinlaus (særnamn: *haŋŋ bænlɒs*)

vindtrekk som opnar døra: *e de haŋŋ bænlɒs så e ut å går?*

beinlest (ein *bænlæsst, -læsst'n*)

skomakarlest av tre, til halvsoling, kan brukast både til høgre og venstre sko av di han er bein

beinrangel (eit *bænraŋŋeɫ, -raŋŋɫe*)

beingrind, skjelett (overført: skinnmagert menneske eller dyr)

beinrat (eit *bænrat, -rate*)

dss beinrangel

beinreik (ei *bænræk, -reʒa*)

midtskilje i håret (Sjå:reik)

beintalande (adj *bæn-taɫɫaŋŋ(s)*)

som seier meininga si beint fram

beinved (ein *bænve, bænve'n*)

krossved (Viburnum Opulus)

beinvedt (adj *bænvett*)

om ved som er beinkloven og høver til å laga spon av Jf. beinkløyvt

beit I (ei *bæt, bæt'a*)

1. beitemark, kulturbeite: *sauiŋŋ går oppi bæt'n /*
vi lyt fɫ̂ɒtt bæt me ku'nå /
deŋŋ nêr bæt'a e iŋŋ'jeɾɫ
2. beiteforhold: *de skoɫɫ ha vårre likar me bæt'n ette åɾʂ'ti'n /*
de e bra bæt e soɫ-ɫiå no

beit II, i beit (*e bæt*)

opprådd Jf. nøverbeit

beite (ei *bæ̂t, bætå*)

fiskeagn Sms. blankbeite (av fiskehovud), blåbeite (av nakken på sei)

beitill sjå: **bettill**

beitski (ei *bætʂʒi, bætʂʒiå*)

1. loddrett stav som held endane på laftetømmeret på plass der dei står mot ei døropning eller eit glas
2. låvbriksfjøl (flake el. stolpe midt mellom dørblada i dobbel låvedør, til å låse fast dørblada i Jf. beskje

bek-, bekk' sjå: **bekk-, bikke**

bekkan lari! (int *bekk'an lari!*)

"kjerringbannskap", mild bannkap

bekkaskrå (ei *bækkaskrå, -skråa*)

liten bek-bit til å legge på sår som ikkje vil gro

bekkerbrok (ei *bækkerbrok, -broʒa*)

pose til å vega dyr i (striesekk med stokk i båe endar, tau frå alle fire hjørna til bøssmarkroken)

bekkergala (adj hokj *bækkergæɫɫa* sjå galen)

brunstig (om sau) Jf. blessen

bekkerpeng (flt *bækkerpæŋŋ*)

springpengar, leige av bekre

bekkjaseg (eit *beʒʒasæg* sjå seg)

bekkesig, ørliten bekk

bekkjasikkel (ei *beʒʒasekkeɫ* sjå sikkel) = bekkesikle, liten bekk

bekksaumsko (ein *bækksɒmsko*)

opphavleg: sko som er sauma med bektråd (har halde seg i språket om grov skisko som når over oklaleda)

bekksot (eit *bækksot, -sote*)

forsteina sotbelegg i pipa

bekre (ein *bækkre, bækkriŋŋ*)
bekre, vêr, hannsau Jf. barre

bekren (adj *bækkriŋŋ, -ra, -re, bækkrene* bf *bækkren*)
trassig, sta Jf. trossaubekre

bekse sjå **beksen**

beksel (eit *bækk'sel, bækk'ṣḷe*)
hestegrime med munnbit

bekselhandtyl (eit *bækkselhaŋŋtyṭ*)
dss bekselskaft

bekselskaft (eit *bækkselskafft*)
korte taumar som kan hengjast i krokane på selan (høvret) for å stramme opp hesthovudet (eller til riding og leiing) (Både taumar og bekselskaft kan festast i bekselringen samtidig) Jf. bekselhandtyl

beksen (adj *bækksiŋŋ, bækksa, bækkse, bækksne* bf *bækks'n*)
om person: vrang, forkjært, sint
om tilhøve: trongt og vanskeleg
Jf. trongbekse

belga I (å *bæṭṭga (bæ̂ṭṭg)*)
drikke over måte, fylle seg: *dæmm bæṭṭga ti se så e truḍḍ dæmm sprakk!*

belga II (adj *bæṭṭga*)
storvomma, stormaga: *når dæmm eŋŋele komm neåt æṭṭv'en, drakk dæmm så dæmm varṛṭ bæṭṭga*

belgjerevå (hokj flt *bæṭṭje-rævå*)
vind i magen

belje (å *bɒṭṭje (bæṭṭje), bɒṭṭja*)
belje, brøle

bellast (å *beḷḷast, beḷḷest, beḷḷtest*)
dss belle

bellau (adj *beḷḷɒu, -åkt*)
som toler mykje Jf. hardbellau, ilbellau, hogghard

belle (å *bȩ̂ḷḷ (beḷḷa), beḷḷe, beḷḷt*)
1. belle, tola, herde, ikkje vera for kresen (oftast bruka med nekting): *e he så iḷḷt e ryjj'a att de e bær ṣå viṭṭ e beḷḷe / e beḷḷe 'ǩe varra û̂t ti se ǩɒṭṭ'ṇ* Jf. hele
2. halde ut før ein må eta Jf. bie

bellete (eit *bellete*) = bilete, bilde

bending sjå: **benning**

benglen (adj *bæŋŋṭiŋŋ, -ṭa, -ṭe, -ṭene* bf *-ṭen*) = tunn og slåpen

benning (ein *benneŋŋ, benniŋŋen*)
belling, støvleskaft, "leggings"

ber I (adj *bær, bærṛṭ*) = berr, snølaus

ber II (adj *bær*)
om kyr: bær, som skal kalve: *ho må da varra snarṭ bær, na kvigå*
Jf. haustber, vårber

bera (å *bærra, bær, bar, bårre*)
– særleg om ku: føde, kalve
– bera for dåpen = bera til dåp
Jf. halde på
– bera føre = halde fram, argumentere med, peike på: *haŋŋ bar færre att 'n lɒt hæm å ǩør hɒy / dæmm he aḷḷvæg bårre færre att dæmm trɒŋŋ væg der*
– bera i geipen = komma på gråten, begynne å gråte: *de bar bærre e jæp'en me 'na når 'å taṭṭa omm moṛ ṣi*
– bera imellom = fara med sladder ("bera bøtter "= sladre i stor stil)
– bera-om (om sjøen) = skifte mellom flo og fjøre
Jf. sjøombering
– bera på bygda = spreie sladder

– bera seg = klaga seg: *ho baṛ ṣe på naboaŋŋ / ho baṛ ṣe fær såmmn'a*

– bera seg åt = oppføre seg: *ho baṛ ṣe så toḷḷe åt*

– bera ut jula= når nokon ikkje trakterer ein som kjem på besøk, eller når gjesten avslår tilbod om traktering

– bera utevve = dss bera på bygda

berandtaug (eit *bærraŋŋtɒg, -tɒje*)
tau til å bera noko i

berar (ein *bærrar, bærraṛ'ŋ*)
ein som ber likkista ved gravferd

berarbøtte (ei *bærrarbø̂tt, -bøttå*)
nokon som fer med sladder

bêrast (å *berast, berest, beṛṭest*)
betrast, bli betre: *haŋŋ berest fær kvar dag no*

berast på (å *bærrast-på* sjå bera)
bli slik (som ved lagnad eller tilfelle): *de baṛṣt-på me å varra hæ̂m ne hæłłj'a / de he bårrest-på-dæmm å stât-te-ræ̂i me jɒłłp*

bere (ei *bæ̂r, bærå*)
berre, berrmark: *deŋŋ sî̂st ve'n brɒt vi framm på bærånŋŋ* Jf. ber I

bergandes (adj *bærrgaŋŋs*)
som veit å berge seg, dugande, arbeidsam: *de e bærrgaŋŋs fåłłk oppi garå der* Jf. velbørt

bergjebruse (ein *bærrjebruse, -brusiŋŋ*) = bergbruse, bergfrue

bergjestell (eit *bærrjesteḷḷ*)
berglandskap, hamrar og svaberg "… å kliv te topps e brattast berjestellå, å vea gras å tort å tågberløng." (HH: Vårsøg s.173) Jf. klempe

bergul (ein *bærrguł, bærrguł'n*)
hubro (bergulv)

berje (ei *bærrje, bærrjå*)
1. ei flo med så mykje kornband som dei la fram på låven på ein gong til trøsking med sluå
2. stor bør

berkje (å *bæ̊rrʒe, bæ̊rrʒe, bæṛṛt*)
berkje, skava borken av tre

berr, berre sjå: **ber, bere**

berra sjå: **bera**

beskje (eit *beṣṣʒe, beṣṣʒee*)
dss beitski, midtstolpe mellom naustdørene

beskjeng (ein *beṣʒæŋŋ', beṣʒeŋŋ'en*)
personleg tiltak og handlekraft: *de e så lite beṣʒæŋŋ' på sa oŋŋå*

bessfar (ein *bæss'far*) = bestefar

bessmor (ei *bæss'mor*) = bestemor

bést (ein *besst, besst'n*)
saum (enkelsting)

béste (å *bê̂sst, bessta*)
saume, sy enkelsting

beta sjå: **betta**

betrast sjå**: bêrast**

bett (eit *bætt*)
1. bit, biteeigenskap, kvassleik: *du te bætt'e tu saj'en me sa saŋŋåt fjøłå*
2. det at fisken vil bite på agn: *de e dåṛḷe bætt ti sa vattnå å daggaŋŋ / du får prø̂v fłɒmbætte*
3. stykke som ein bit av noko, munnfull: *haŋŋ to bærre æn par bætt tå kak-ṣʒivåŋŋ*
4. det å bli biten av eit dyr: *mybætt, låppbætt, årrmbætt*
5. beksel (jarnstykke i hestemunnen)

betta I (ein *bætta, bættaŋŋ, bættå*)
bit, mole, stykke Jf. bjøllkubetta

betta II (å *bætta, bætta*)
dele opp i småbitar: *de e støkkt å bætta-syŋŋ na fîn fjøṭ'a / ta å bætta-syŋŋ ni mjøk ne hâr skaṭṭḳ'en*
2. betta tak = bite seg fast, få tak på: *de bætta tak fæṛ 'ṇå*

bettasupe (ei *bættasûp, -supå*)
betasuppe, kjøttsuppe, plukkgryn

bettill (ein *bettiḷḷ, bettiḷḷ'n*)
beitel, hoggjarn, meisel

bie (å *bî, bie, biḍḍ*)
halde ut før ein må eta att: *e e så svåḷḷtiŋŋ e bie iḳḳe te medd'aks / når 'n he ite siḷḷbaḷḷ å fṭæssk, kaŋŋ 'n bî leŋŋe* Jf. belle

bigge (å *bêgg, begga*)
bigge, bikke, halle til sida, stille på skrå, legge seg som snarast: *du lyt bêgg på kåpp'en / haŋŋ begga se attpå vejj'en / e viḷḷ bêgg me neppå*

bikk (ein *bekk, biḳḳ'en, biḳḳ'a, bekka, bekkaŋŋ, bekkå*)
velt, jamvektstap, sidesleng: *no e stæ'n snaṛṭ på biḳḳ'a*

bikke (å *bêkk, bekka* trans/intrans)
misse/få til å misse jamvekta, velte: *ta å bekk-tu lass'e! / stæ'n kaŋŋ bêkk utevve*

bikkvogn (ei *bekkvåŋŋn, -våŋŋna*)
vogn med vognkiste som kan tippast

bilete sjå: **bellete**

binareling (ein *binar-eṭeŋŋ* sjå eling)
stund da ein blir sitjande berre og bine eller glo Jf. gjeraløyse

bindill (ein *biŋŋiḷḷ, biŋŋiḷḷn*)
bendel, knippe med strå til å binde i hop kornband med Sms.
bindillhalm = halm til å laga bendel av

bine (å *bîn, bine, bint*)
bisne, glo, stire nyfiken på

bingse (ei *bêŋŋs, beŋŋså, beŋŋsåŋŋ*) = binne, hobjørn

bismar sjå: **bøssmar**

bisn (ei *biss'n, bissn'a, biss'n*)
bisn, noko rart, noko som vekkjer åtgaum: *haŋŋ va ṣlik æn rare, haŋŋ va te biss'n åt fåṭṭk*

bisne (å *biss'n, bissna*)
bisne, sjå med forundring el. nyfikne på, glo på noko rart

bistren (adj *bisstriŋŋ, -a, -e*)
hustren, bister, sur: *haŋŋ e bisstriŋŋ me vera å daggaŋŋ*
Jf. ilbistren

bit sjå: **bett**

bite (å *bit, bit, bæt, bette*)
– bite over (*bit evve*) = bite i seg (*bit-ti-se*) = tola, finne seg i, ikkje legge imot

bitte (å *biṭṭ, biṭṭ, batt, boŋŋe*)
binde, strikke, spøte Jf. bunding
– bitte pund' *(biṭṭ-poŋŋ)* = binde nytt førføtt på skaftet av ein utsliten sokk Jf. pundbunde
– bitte oksen sin = furte, bli sur

bjerg (eit *bjærrg, bjærrj'e, bjærrja*)
naudfor i år med fôrløyse (brott, lyng, tang o.m.): *dæmm lɒt få låv å ta se bjærrg på lægmåṭa vår*
– brott og bjerg

bjerge (å *bjârrg, bjærrga*)
skaffe bjerg

bjøllkubetta (ein *bjøḷḷkubætta*)
bete, flatbrødbit med smør eller kinn-bløyte på: *seterḍæiå faṇṇ-ti ḳiṇṇbḷȉt å lagga-te bjøḷḷkubætta åt jetargutå*

bjønn (ein *bjøṇṇ, bjø'ṇṇ, bjøṇṇ'a*)
særskilt tyding: bjørn = jarnkrok (vippe) til å stramme ein kjetting med (t.d. når ein gjørder tømmerlass)
Uttrykk:
– bjønnvind = mild landvind om hausten ("så bjørnen kunne tørke mose før han gjekk i hi")
– låte bjønn = uttrykkje tvil eller mistru om ei sak eller ein person
– skyte bjønn = dette i stor fart t.d. på ski og laga stor grop i snøen
Jf. ruppe (Også om barneleik: Ein gut legg seg på ryggen med knea krøkt over seg, medan ein annan set seg på føtene hans og blir "skoten" i veg med eit kraftig spark)

bjønnarot (ei *bjøṇṇarot*)
dss tort (korgplante)

blad (eit *bḷa*)
enkelt spelkort: *ska e je eṭṭ å eṭṭ bḷa? / kasst de mȉṇṇst bḷa'e du he!*

bladskøyt (ein *bḷaṣḳɒt, -ṣḳɒt'n*)
skøyt av to stokkendar eller plankeendar ved å sage inni til midten eit stykke innpå kvar av endane og laga til eit "blad", så legg ein blada mot kvarandre på flasken og låser dei med hake eller gjennomgåande tapp eller bolt.

blakker (å *bḷakk'er, bḷakkra*)
blakre, blafre (om flagg, blad, loge)

blande (ei *bḷȃṇṇ, bḷaṇṇå*)
1. væskeblanding
2. betongblandar

blank i målet (*bḷaṇṇk e måḷa*)
med lys stemme

blankaure (ein *bḷaṇṇk-ɒre, -ɒriṇṇ)*
sjøaure

blankstete (ei *bḷaṇṇkstȇt* sjå stete)
yngel av laks og sjøaure

blare (å *bḷȃr, bḷara*)
veifte, blada, breie ut papir o.l.: *haṇṇ bḷara opp hoṇṇerkroneṇṇa / e hørre kåṛ 'ṇ siṭṭ å bḷara me aviså*
– blare øre = lea på øyra, reagere: *haṇṇ bḷara 'ḳe ȏr / ho bḷara 'ḳe ørånṇ sommå ka e sa*

blasker (å *bḷassk'er, bḷasskra*)
blaskre, plaske, skvalpe

blaut (adj *bḷȉt*)
1. blaut, våt (NB! ikkje mjuk)
2. finfølande, veik

blaut- sjå også: **bløyt-**

blaute (å *bḷȉt, bḷɒta*)
1. gi seg, gi opp, ikkje orke, vera for veik: *e ha tæṇṇt me åt skoj'a, mænn de vaṛṛṭ så støkkt ver att e bḷɒta / bḷɒta di atoṇṇ fær vera?* (går de under tak for veret?) / *dæmm he vesst bḷɒta-hæm-att*
2. bløyte, gjera blaut

blautfis (ein *bḷɒtfis, -fis'n*)
nedsettande nemning for den som er for veik Jf. blauting

blauting (ein *bḷɒteṇṇ, -iṇṇen*)
ein som toler lite, blautfis
Sjå også: bløyting

blautsynning (ein *bḷɒtsyṇṇeṇṇ, -iṇṇen*) = sørleg/sørvestleg vinddrag som gir regn

blavere (å *bḷavȇr, bḷavere, bḷaveṛṭ*)
skryte, bolse og vise seg fram, særleg med å bla opp store pengar
Jf. bolse

blavering (ei *bɫavereŋŋ, bɫaveriŋŋa*)
skrytande åtferd
blegg (ein *bɫægg, bɫejj'en, bɫejj'a; bɫejje, bɫejjiŋŋ, bɫæggå*)
blegg, kile, sprengkile Jf. slå blegg
blegge (å *bɫæ̂gg, bɫægga*)
slå i blegg
bleggje (å *bɫejje, bɫejja*) = blegge
bleik (ei *bɫæk, bɫæk'a, bɫæk'en*)
om kvitklede: bleik, bleiking: *lægg kɫea på bɫæk'a!*
bleikfis (ein *bɫækfis, -fis'n*)
ein som ser dårleg ut Jf. nåskjen
bleikne tu (å *bɫæk'n-tu, bɫækna-tu*)
bli bleik, ville til å ovetta (besvime)
blekk', blekkast sjå: **blidke, blidkast**
blekkstill (adj *bɫækkstiɫɫ*)
blikstill, heilt still Jf. damstill
bleme (ei *bɫê̂m, bɫemå*)
1. blemme, bløre: *e he bɫemå på toŋŋåŋŋ, de kaɫɫa vi lygarbɫê̂m*
2. tabbe: *næi, no he e joṛṛṭ æi bɫê̂m*
blending (ein *bɫænneŋŋ, -iŋŋen*)
avlang grå blodsugar som er lett å slå, ein slags klegg
blendingsnavvar (ein *bɫænneŋŋs-*)
husnavvar, frostnavvar
blenk' sjå: **blink** og **blinke**
blese (blesse) (ei *bɫê̂s (bɫê̂ss), bɫeså*)
lys el. kvit langsmal flekk på skallen og nasen (skryten) åt ein hest
blessen (adj *bɫessiŋŋ, bɫessa*)
om sau og hest: brunstig ("finare ord"): *na tekkså e bɫessa / sa tekksåŋŋ e bɫess'n*
Jf. bekkergala
bli (å *bɫi, bɫi, vaṛṛṭ, vårṛṛṭe*)
– bli-for = komma ut for, bli plaga av: *dæmm bɫi-fær så myk̦k̦y joṛṛṭ på ækkrå å hɒsstaŋŋ / e he vårṛṛte-fær så k̦øɫe te ryjje-î̧ɫɫsk e sænaṛ-ṭi'n*
– bli-med = få til eige: *kaŋŋ va de så vaṛṛṭ-me gar'a da gammeɫfåɫɫk̦e komm-boṛṛṭ?*
blidfør (eit *bɫifør, -føre*)
blidføre, godt humør
blidkast (å *bɫekkast, bɫekkast*)
bli i godt humør att: *haŋŋ bɫekkast væɫ te-att tesst e mårrgå*
blidke (å *bɫê̂kk, bɫekka*)
gjera blid: *du må prɒ̂v å bɫekk-'å te-att / haŋŋ blekka 'å me at 'å skoɫɫ få fri e hæɫɫj'en*
blidspent (adj *bɫispeŋŋṭ*)
blid av natur: *ho e så bɫispeŋŋṭ å gɒu aɫɫvæg når 'ŋ ṣer 'å*
blindauge (ei *bɫiŋŋâu* sjå auge)
rest av ei klo bak og oppå hestleggen nedafor hykkjyllen
blindball (ein *bɫiŋŋbaɫɫ, -baɫɫ'n*)
ball utan nitjefeite i (mat)
blinder (å *bɫiŋŋd'er, bɫiŋŋdra*)
blindre, blende: *haŋŋ bɫiŋŋdra me så, ne nyṣŋø'n*
blindkjuke (ei *bɫiŋŋk̦û̂k, -k̦ukå*)
eldre nemning for leiken blindbukk
blindpotet (ei *bɫiŋŋpottet, -pottetå*)
røyksopp (truleg samanheng med ei forestilling om at røyken kunne blinde, så ungane vart åtvara mot å trakke på) Jf. fissisopp

blindrast (å *bɫiŋŋdrast, bɫiŋŋdrast*)
flimre for augo, bli blenda
blindren (adj/adv *bɫiŋŋdriŋŋ, -ra, -re, -rene* bf *-ren*)
flimren: *ho he så bɫiŋŋdra skrefft / de e så bɫiŋŋdre fær ɒuå min*
blink (ein *bɫeŋŋk, bɫiŋŋkʒ'en, bɫiŋŋkʒ'a, bɫeŋŋka*)
blinka tre
blinke (å *bɫêŋŋk, bɫeŋŋka*)
1. blinke tre som skal fellast
2. blinke, blunke med auga:
ho he bɫeŋŋka-åt-se maŋŋ æn kar, na kʒeɫɫå / haŋŋ he aɫɫ'der bɫeŋŋka fær knytnavvå
bliskren (adj *bɫisskriŋŋ, -kra, -kre, -krene* bf *-kren*)
(overdrive) blid, ” mesta *for* gau”:
”Da *vart* ho bliskra, ja!”
Jf. skripen, smøkjen
blister (å *bɫiss'ter, bɫisstra*)
blistre, plystre
blive (å *bɫiv, bɫiv, bɫæv, bɫevve*)
drukne, omkomma på sjøen
blodressen (adj *bɫodressiŋŋ, -ssa, -sse, -ssne* bf. *-ess'n*)
blodrisen, blodut (om sundskote kjøt), raud under huda når ein har skrapa seg e.l.
blodveg (ein *bɫovæg* sjå veg)
blod som har runne etter bakken
blodvikje seg (å *bɫoviḳe, -viḳje, -vikt*) = få eit lite blødande sår
blokkastøvel (ein *bɫåkkastɒvel, -stɒveln, -stɒvla; -stɒvle, -stɒvliŋŋ*)
finstøvel, skinnstøvel med fôr og avstivingslag, blokka for å få til god form (sjå HH: Streiftog i bygda s.57 og 92)
blom (ein *bɫomm, bɫomm'en*)
bregne
blott åleine (*bɫått ålæ̂n'*)
heilt åleine
blottong sjå **blåttong**
blunder (å *bɫoŋŋd'er, bɫoŋŋdra*)
blundre, blunde
bløkku (ei *bɫøkku, bɫøkku, bɫøkkuŋŋ, bɫøkkuå*)
1. blokke, hudfald under nebben på høner, øreflipp på folk
2. blokke, hengeblad på sølje
bløkt (eit *bɫøkkt*)
blykt, blaff, lysblink Jf. oppbløkt
bløkte (å *bɫôkkt, bɫøkkta*)
blykte, blikte, glimte, blafre:
jøs'e står å bɫøkkta e trekʒ'a
”Det var likhalmen frå sottesenga som blykta og brann med raude eldtunger i haustkvelden.” (HH: Brev frå barndommen s.46)
bløre (ei *bɫôr, bɫørå*)
1. blære, blemme, boble Jf. bleme
2. ufordrageleg skrytpave
bløyt- sjå også: **blaut-**
bløyte I (ei *bɫɒ̂t, bɫɒtå*)
bløyt, bløyte: *kɫeåŋŋ legg e bɫɒtåŋŋ eŋŋo*
bløyte II (å *bɫɒ̂t, bɫɒte, bɫøtʒ*)
bløyte,gjera blaut; væte
Jf. blaute
bløyting (ei *bɫɒteŋŋ, bɫɒtiŋŋa*)
det å bløyte, gjera våt:
kɫeåŋŋ legg te bɫɒteŋŋs e bekʒ'a
bløytne (å *bɫøtʒ'n, bɫøtʒna*)
blotne, bli blaut
bløytt, i bløytt (*e bɫøtʒ*)
i bløyt, til blotnings:
lægg-e-bløtʒ gammeɫkɫeåŋŋ

– *”ta lægg e me ikʒke e bḷøtḷḷ fær”* = dette bryr eg meg ikkje om, dette legg eg ikkje på meg

blåbjølle (*bḷåbjø̂lḷ, -bjøḷḷå*)
blåklokke

blåhøssukall (ein *bḷåhøssukaḷḷ*)
1. underjordisk Jf. verg
2. gjerrigknark Jf. timskrå

blåkjelkje (ein *bḷåkʒæḷḷkʒe, -kʒæḷḷkʒinn*)
blåstrupe (fugl) Jf. raudkjelkje

blåkjerring (ei *bḷåkʒærreŋ*)
hulder, underjordisk

blåsar (ein *bḷåsar*)
skøyer, villstyring Jf. gauder, sole

blåster (ein *bḷåsst'er, bḷåsst'erṇ, bḷåsst'ra*)
blåst, vind (over lengre tid): *de e nåkkålit te bḷåsst'er varṛṭ*

blåstøå (ei *bḷåsstøå*)
blåstøe, når snøen er så full av vatn at han skin i blått

blåttong (ein *bḷåttåŋŋ [bråttåŋŋ], bḷåttåŋŋen*)
flokk, skokk, brote: *de komm æn bḷåttåŋŋ me utpåkarra* (av fransk: pelotong) Jf. bråttong

bobbe (ein *bobbe, bobbiŋŋ, bobbå*)
troll Jf. busse

bobbredd = busseredd

bod sjå: **bød**

bog (ein *bog, boj'en, boj'a; bøg'er, bøg'erṇ, bogå*)
øvre del av framlem på dyr

bog (stadnamn) sjå: **baug**

boggreitre (eit *bog-græi-tre*)
bøylepar av tre utapå putene på hestegreiet

bogris (ein *bogris,-gris'n*)
den yngste i ein søskenflokk

bogskjelv (ein *bogsʒkɒḷḷv, -sʒkɒḷḷven*)
skjelving i holdet på dyr (t.d. når hesten røyner seg hardt)

boke sjå: **bøkku**

bokjen (adj *boʒiŋŋ, boʒa, boʒe, bokne* bf *bok`n*)
boken, bokna, halvtørr, ihopskrokken (om høy og kjøtt og fisk)

bokk- sjå: **bukk-**

boksgrei sjå: **buksgrei**

bolk (ein *båḷḷk, båḷḷkʒ'en, båḷḷkʒ'a; båḷḷka*)
1. bolk, bås, avdeling Jf. ålke
2. måleining for snøre (= 48 famner)

bolong (ein *båḷḷåŋŋ, båḷḷåŋŋen*)
bolung, del av kleplagg som dekkjer overkroppen (bulen) så nær som armane

bolsar (ein *bållsar, bållsarṇ*)
ein som er kjent for å bolse

bolse (å *bå̂lls, bållsa*)
skryte, vera stor i ord, gjera seg stor og viktig Jf. briske seg

bolster (ein *bållst'er [bollst'er], bållst'erṇ, bållst'ra, bållstra*)
bolster, halmmadrass

bolt (ein *bå̧ḷḷt, bå̧ḷḷt'n*)
– særskilt: slå ein bolt = fotelje ei skrøne: *kaŋŋ så he ṣlijje ti de na bå̧ḷḷt'n?* Jf. stroffe, skose

bolte sjå: **bålte**

boløks (ei *boḷɒkks / båḷɒkks*)
smalkjefta arbeidsøks, kløyvingsøks (mots. bile)

bomme (ei *bômm, bommå*)
1. stor, rund sveipa treøskje med lokk til å ha ferdamat el. blautkake i, tine Jf. laup, dall, rinne
2. førlagd, diger kvinne
Leik: rulle bomme *(rôḷḷ bômm)* = ligge strak på marka og rulle nedover ein bakke

bommen (adj *bommiṇṇ, bomma, bomme, bommne* bf *bomm'n*)
tjukkfallen Jf. bomsen

bomse (ei *bômms, bommså*)
tjukkfallen, klumput kvinne: *de va nåkkå te bômms, na kjærriṇṇa hass*

bomsen (adj *bommsiṇṇ, -sa, -se, bommsne,* bf *bomms'n*)
tjukkfallen, klumput: *ho he våṛṛṭe så ḳukk å bommsa sia sisst e såg 'å*

bomtre (eit *bomm-tre*)
hespetre med flyttbare bommar (sneller) til å strekkje ut hespa

bone (ein *bone, boniṇṇ*) = bonde

bonk sjå: **bunk**

bonning sjå: **bunding**

bora sjå: **barra**

bordbikkje (ei *borbiḳḳe, -biḳḳå*)
trebukk til å støtte båt under draging

bordhald (eit *borhaḷḷ*)
bordsetning (i store selskap der ikkje alle får plass ved borda samstundes): *dæmm va kåmm'n åt aṇṇ'er borhaḷḷa*

bordjung (ein *borjoŋŋ, -joṇṇen, -joṇṇa; -joŋŋa*) = bordkniv

bordkleding (ei *bor-kḷeeŋŋ [-kḷenneŋŋ], -kḷeiṇṇa*)
veggpanel Jf. bordved, skinntel

bordknakk (ein *borknakk, -knaḳḳ'en, -knaḳḳ'a; -knakka*)
benk framfor langbord (storknakk)

bordlesnad (ein *boṛḷæssna, -læssna'n, -læssnaa*)
bordbøn

bordrauve (ei *boṛ-rv̂v, -rvvå*)
sprekk i eit båtsbord Jf. rauv

bordrevve (ei *-revvå*) = bordrauve

bordsetning (ein *boṛṣættneŋŋ*)
dss bordhald

bordskilt (ein *boṛṣḳiḷḷṭ*)
skilnad på kosten nedst på bordenden (for tenestfolk og andre med låg status) og frampå bordet (der husbondsfolket eller anna gjævt folk sat)

bordskive (ei *boṛṣḳîv, -ṣḳivå*)
bordplate

bordstett (ein *boṛṣṭiṭṭ* sjå stett)
bordfot, bordbein

bordved (ein *bor-ve, -ve'n*)
dss bordkledning

bore sjå: **børru**

borgstue sjå: **børsstuå**

bort (adv *boṛṛṭ*)
– komma bort = ovetta, besvime

bortate (prep/adv *boṛṛṭate* dativ)
bortafor, på hi sida: *svuiṇṇ går på bæt boṛṛṭate æḷḷv'en* Jf. hitate, innate

borte (adv *bôṛṛṭ*)
særskilt: i uvett, bevisstlaus, besvimt

bortgjeven (adj *boṛṛṭjevviṇṇ, -jevva, -jevve, -jevvne* bf *-jevv'n*)
håtteslaus, tankespreidd, fordrøymd, oppgjeven, passiv: *ståṛ ḍu deṛ ṣå aḷḷdeles boṛṛṭjevviṇṇ*?

bortheft (eit *boṛṛṭhæfft*)
noko som heftar ein, tidsspille

bortliggjarku (ei *boṛṛṭlijjarku*)
ku som ikkje kjem heim frå beitet om kvelden

boss (eit *båss*)
boss, rusk: *e dag va de tå-'nå båss'e* = i dag hadde han pynta seg

bosse pund (å *båss-poŋŋ, båssa-*)
strø under dyra med boss: *he di båssa-poŋŋ åt gris'a?* Jf. strø pund

bosse seg (å *boss'-se, båssa-se*)
legge seg, laga seg bøssu:
vi båssa-åss-ne åt natt'n

bossgrei sjå: **buksgrei**

bot (ei *bot, bot'a, bot'n; bøt, bøt'n, botå*)

botten I (ein *bått'n, bått'n, bått'na, båttne, båttniŋŋ, båttnå*) = botn

botten II (å *bått'n, båttna*)
botne, nå botnen:
de båttna 'ʒe mat ti 'nå

bottenbror (ein *bått'n-bror*)
tjukktarm

bottenskor (ein *bått'n-skor, -skoṛ'ṇ*)
1. botnskurd, nerkant (botntelne) i ei kastenot, der søkkene er festa
2. skjering av tynnebotner

bottenspækje (å *bått'n-* sjå spækje)
botnfryse

botvon (ei *botvon, -vona*)
"reparasjonsmulighet":
na der broʒ'a e de iʒʒe botvon ti.
Er det botvon? = Kan det vølast?

bra (adv *bra* ubøygt)
snill, godlyndt: *ho va ænar bra*

bra nau (*bra'-nɒu*) = bra nok Jf. nau

bradd (ein *braḍḍ, braḍḍ'n*)
kant: *du må ta de braḍḍ færre* = du må halde jamn kant / *ṣlå me jå attme åkerbraḍḍa* = slå med ljå attmed åkerkanten / *trøå står nemme æłłvabraḍḍa / du ska ita braḍḍ tå grɒt'a* = eta bradd (tverrkant) av grauten

brande (ein *barŋŋe, braŋŋiŋŋ*)
ein som er fyrau og sterk, framfus og styrlaus (t.d. graokse, også ein kar)

brang (ein *braŋŋ, braŋŋ'en*)
tverrsnurle som får hesjetråden til å breste, "engelskmann"

bratte (ei *brâtt, brattå*)
brattlende, halling: *de e toŋŋviŋŋṭ å ha åk'er ni se brattåŋŋ*

brattlende (ei *brattlêŋŋ, -leŋŋå*)
bratt terreng

brattrøsta (adj *brattrøssta*)
om hustak: med høg, spiss takvinkel (mots.: flatrøsta)

braut (ei *brɒt, brɒt'a*)
1. oppgraven veg 2. bakkekam
Stadnamn: Sandbrauta

bravate I (ei *bravât,-vatå*)
helst ironisk: storverk, storslege påfunn: *he du hɒṛṛṭ sakkt tå sa sîsst bravatå hass? / haŋŋ for me nå oŋŋele bravatå e by'n*

bravate II (å *bravât, -vata*)
fara med påfunn (ironisk):
haŋŋ for å bravata å joṛ-ṣe-te

bree (å *brê, bree, brædd* trans)
bræ, smelte, få til å bråne

bregd I (ei *breggd, breggd'a*)
tynnekant: *tyŋŋå va fyłłt opponŋ breggd'a* Jf. logg

bregd II (eit *breggd, breggd'e*)
avslutninga på ein nesting (der ringen vart slutta)

bregdanesting (ein *breggdanesstеŋŋ*)
nesting med dobbel lykkje til å tre låsepinnen gjennom

bregde (å *brêggd, breggda*)
1. flette korger av vidjepist (også om å flette band av tråd)
2. laga flettemønster av ei rad parallelt oppspente trådar som er festa i begge endar (utan bruk av innslag som i vev) Jf. flammaband
3. briske seg, syne seg fram, fara med store fakter

breiar (ein *bræiar, bræiaṛṇ*)
person som breier gras i slåttonna: *æn døkk'ti bræiar skoḷḷ fʊṭṭje tri ṣlåttakarra*

breidd (ei *breḍḍ, breḍḍ'a*)
i breidda med = jamsides, på sida av: *næi, no feṛ ḍu e breḍḍ'a me saŋŋ'hæt'n / haŋŋ for å vea e breḍḍ'a me væj'a* Jf. frammed

breilett (adj *bræilett*)
breileitt, brei i ansiktet

breilokkabrok (ei *bræilåkka-* sjå brok)
gammaldags bukse med klaff og utan buksesmekk

brekkel (eit *brekk'eṭ, brekk'ṭe*)
brikl, skipl, ugreie, hindring, avbrot: *de komm brekk'eṭ ti*

brem (ein *bræmm, bræmm'en*)
sterk smak eller lukt, t.d. sildbrem

bremmen (adj *bræmmiŋŋ, -mma, -mme, bræmmne* bf *bræmm'n*)
med sterk smak, ram

breng sjå; **bring, bringe**

brennar (ein *breŋŋar*)
den som har ballen når dei brenner ball

brenne ball (*breŋŋ baḷḷ*)
leike ein tradisjonell ball-leik: ein brennar og minst 3 spelarar med kvar si spøå i kvar si høllu (Sjå artikkel om leikar bak i boka)

brenne I (ei *brêŋŋ, breŋŋå*)
stad der det har brunne (helst skogbrann)

brenne II (å *brêŋŋ, breŋŋe, breŋŋt* trans.) = brenne
– JB var fiskarkompis med politimeisteren og viste han rundt i bygda. Det rauk frå murpipene i alle hus. Da sa JB: ”*her breŋŋe dæmm e aḷḷe hus så ner så præsst'n å lænnsma'ŋŋ, dæmm e de e så breŋŋe åt*.” Jf. brinne (intrans)
– brenne med seg = brenne seg fast, bli skove i botnen på kokekar: *de lokkta mes'sebreŋŋt! / e e så reḍḍ ne grʊt'n breŋŋe-me-se*

brennhøttu (ei *breŋŋhøttu, -høttu, -høttuŋŋ; -høttuå*)
brennhette, brennesle

brennmål (eit *breŋŋmåṭ*)
skothald, skotmål

brennved (ein *breŋŋve*)
ved til brensel

brett (eit *brætt*)
1. brett 2. skitupp Jf. meibrett

brette (å *brætt, brætta*)
brette, falde: *brætt-opp krajiŋŋ / ho brætta te sies dynå*

brettstokk (ein *brættståkk*)
reiskap til å bøye skitupp med

breå (ei *breå, breå*)
stad der det brånar Jf. solbreå

brik (ei *brik, briḳ'a, briḳ'en; brik'er, brik'eṛṇ, brikå*)
låg skiljevegg av fjøler (fastspikra, eller lause i sporfeste for endane), helst på låve: <u>låvbrik</u>. Også planke som kan festast med naglar oppe og nede, som doble låvedører blir hekta fast i med krok: <u>dørabrik, låvbriksfjøl</u>. Jf. <u>beitski</u>

brillhusveå (hokj flt *briḷḷhusveå*)
”vyrke” til brillehus (ironisk: ”Høgg du brillhusveå?” – til den som høgg for smått tømmer)
Jf. <u>veå</u>

bring (ein *breŋŋ, briṇṇ'en, briṇṇ'a*)
bringebærbusk: *de błi bra me ber på briṇṇ'a e år / vi ska płaṇṇṭ breŋŋ åvvaʒær vejj'en*

bringe (ei *brêŋŋ, breŋŋå*)
bringe, bryst: *haṇṇ fekk skått'e miṭṭ e breŋŋåṇṇ, joṛṛṭ'n / fågg'ełn va bronsprekłått e breŋŋåṇṇ*

bringkoll (ein *breŋŋkåḷḷ, -kåḷḷ'n*)
bringekoll, kuvningen fremst over brystet på store dyr: *oksiṇṇ ha revve se syṇṇ frammi breŋŋkåḷḷa*

brinne (å *briṇṇ, briṇṇ, braṇṇ, broṇṇe* intrans)
brenne Jf. <u>brenne</u> (trans)
– brinn-ti = begynne å brenne: *ṣå omm de braṇṇ-ti e åmmn'a!*
– brinn-tu = brenne ut, slokne: *jɒu, de braṇṇ-ti, mænn det he broṇṇe-tu-att*

brisk (adj *brissk*)
stram og kry, bratt og baus

briske seg (å *brissk se, brisska se*)
gjera seg viktig, gjera seg til, te seg brautande

etter II (konj/prep/adv *ette* dativ)
etter: *vi læta ette sɒuå / de vaṛṛṭ så tommt ette 'nå far / de vaṛṛt så tommt ette 'n far komm-boṛṛṭ*
– komma etter = finne ut ved nærare gransking eller ettertanke
– vera etter nokon = komma med stadig kritikk: *ho e ette-nå al̥l̥væg*

etterbrøllopp (eit *ettebrøllåpp*)
selskap etter det eigenlege bryllaups-laget (for dei som ikkje er retteleg "brølloppsskyld" Jf. etterlag

ettergangar (ein *ettegaŋŋar*)
utkledd person som kjem ubeden i eit bryllaup

etterlag (eit *ettelag*) = etterbrøllopp

etterlatande (adj *ettelataŋŋ*)
dss etterlaten

etterlaten (adj *ettelatiŋŋ, -ta, -te, -tne* bf *-t'n*)
lite påpasseleg, likesæl, aktlaus

etterpung (ein *ætterpoŋŋ, -poŋŋen*)
ertepung, ertebelg, erteskolm

etterrakar (ein *etterakar*)
ein som finrakar og samlar opp høy som ligg att etter høylessing

etterrakster (ein *etterakkster*)
1. høy-restar som blir samla opp til slutt
2. overført: etterarbeid)

ettersetting (ei *ettesætteŋŋ, -iŋŋa*)
påtale, formaning, irettesetting Jf. åt-tal, åtsetting, skrøfte

ettill (ein *ettil̥l̥, ettil̥l̥n*)
eitel, lymfekjertel

etå sjå: **ete**

evje (ei *ævvje, ævvjå*)
stilleflytande sidegrein av elv, ofte gammalt elvefar Jf. eå, kyte

evlands (adj *ævvṭaŋŋs* av evvel)
1. til å greie: *ta e nå knafft ævvṭaŋŋs ålæ̂n'*
2. evlau (og vanlegare enn dette)

evlau (adj *ævvṭɒu, ævvṭåkt*)
evlug, sterk, dyktig: *haŋŋ e ævvṭɒu, mænn ta bṭi fær myḳḳy åt 'nå*

evle sjå: **evvel**

evve (prep/adv *evve* med akkusativ)
over: *'n he myḳḳy å farra evve, deŋŋ så he så stor gar / ska du ḳø̂r evve maṛṛḳ'a e kvel̥̥?*

evve langt (*evve laŋŋt*)
litt om senn, etter kvart, på lang sikt

evvehau (eit *evvehɒu*)
overhovud, ein som kan og veit meir enn andre, geni

evvel (å *ævv'eł, ævvła*)
evle, makte, greie, orke, rå med: *ævvła du mær? / haŋŋ ævvła kråppen siŋŋ gått, na liłł våk'en*

Evvinn (namn *evviŋŋ*) = Øyvind, Eivind, Even, Edvin

eå (ei *eå, eå*)
ide, bakstraum Jf. atteå, evje
Sjå dessutan: ea

eåfåggel (ein *eåfåggeł*) = ærfugl

eåkall (ein *eåkałł*) = ær-kall (hann)

eåsand (ein *eåsaŋŋ*)
idesand, finsand, botnfall i elv

F

fabben (adj *fabbiŋŋ, fabba, fabbe, fabbne* bf *fabb'n*)
om påkleding: tjukt og ubehageleg
Jf. faggjen

fabbrå (ein *fabbrå*)
farbror (onkel) (i omtale på same måten som særnamn: han fabbrå): *'n Stæna-fabbrå va ełłst tå søsskenå* Jf. fassess

fager (adj *fag'er* flt *fagre [fagra]* bf *fag'er*)
generelt sterkt ord for fin, velfødd, i godt hold: *dæmm e fag'er, ky'n derras, e år*

faggjen (adj *fajjiŋŋ, fajja, fajje, faggne* bf *fagg'n*)
om påkleding: tjukk, som hindrar ein i å røre seg Jf. fabben

fal (adj *fał*)
ivrig etter å selje: *e du fał på ve?*

famlen (adj *fammłiŋŋ, -łła, -łłe, fammłene* bf *fammłen*)
famlevoren, som har vanskar med å orientere seg: *'n błi rætt så fammłiŋn når vuåŋŋ sle-fæl*

famntak (eit *fammntak, -takę*)
brytekamp Sms. famntakar
Jf. frikar, by-te, fint fessen

fanga (ein *faŋŋa, faŋŋaŋŋ, faŋŋå*)
så mykje som ein kann ta i famnen: *ha ne æn faŋŋa me hæsst-hvy!*

fange (å *fâŋŋ, faŋŋa*) = fange

fangje (ein *faŋŋe, faŋŋiŋŋ, faŋŋå, faŋŋa*) = fanga (mindre vanleg)

fangskinn (eit *faŋŋskiŋŋ*)
skinnforkle for handverkar

fantast (å *faŋŋtast, -tast*)
gjera fantastykke, ha moro med: *haŋŋ for å faŋŋtast me dråkå*

fante (å *fâŋŋt, faŋŋta*)
lure seg unna, fuske ifrå seg: *no ska 'n prøv å faŋŋt-se-frå arrbeia*

fanten den same (*faŋŋt'n deŋŋ sommå*)
like nøgd, som ikkje kostar noko, ikkje gjer noko frå eller til: *haŋŋ kaŋŋ jêrŋ få sa kronåŋŋ, e e-no faŋŋt'n deŋŋ sommå*

fantferd (ei *faŋŋtfer, -fera*)
lureri, pek (oftast flt: *faŋŋtfere*)

fantjagar (ein *faŋŋtjaggar*)
ståtarkonge, bygdevektar (ein som før i tida hadde i oppdrag å halde uønska personar unna)

fantrånd (ei *faŋŋtråŋŋ, -råŋŋa*)
fanterand, medfødd eigenskap til å vera fantåt

fantstav (ein *faŋŋtstav*)
ein som fer med fantestykke og pretter Jf. farkstav

fantåt (adj *faŋŋtåt*)
fantete, som gjer fantestykke og pretter

fara (å *farra, fer, for, fårre*)
Særskilte bruksmåtar:
– ”fara å...” forsterkande til anna verb (trykk på verbet *fara*): *haŋŋ for å jor-åt-se* = han skadde seg stygt
– fara det = greie, komma seg gjennom vanskar: *vi he nå fårre-de fɒr å, omm de he vårre treɧe*
– fara fram = stikke innom (impuls)
– fara frammed = vera utru, seia usant
– fara ilt = abortere
– fara med = ha fast følgje med: *ho he fårre me hånnå si ’å jikk åt præsstʹa*
– fara *med* di (trykk på *med*) = gjera noko på lettvint og overflatisk vis: *jɒu, haŋŋ foṛ ṇo meʹ-di*
– fara med ferder = 1. bera seg åt på ein spesiell måte: *haŋŋ for me så myḳḳy rara fere* 2. låst som ein gjer noko, men utan at noko skikkeleg blir gjort: *ho for bærre me ferå,*
de vaṛṛṭ ikkje nå ette
– fara nokoleis = bli utsett for uhell: *du må akt-de så du iḳḳe feṛ ṇållʹes oppi bærrgå*
– fara ti = ymte om, komma på: *ka de va ’å foṛ-ṭi om dæmm ni garʹa? / de e nå e feṛ ṭi, mænn e ḳæmm iḳḳe veɧ ehɒuʹ-de*
– fara vel = gå godt med: *gran-pɧaŋŋṭåŋŋ fer iḳḳe veɧ ti se tø̨ṛṛḳʹa*
– farast om = vera nære på: *de ska nå jammiŋŋ farrast omm att ’n græie ta*
– forfara seg = gjera feil, misfara seg

farang (ein *farraŋŋ, farraŋŋen*)
omgangssykje
farg (eit *farrg, farrjʹe*)
1. trykk, press, nedtynging
2. lad av noko som ligg under press, t.d. neverfarg:
vi lyt tyŋŋe-ne farrjʹe me stæn
fark-ala (å *fa̤ṛṛk-æɧɧa* oftare: ala fark)
oppdra ungar og ungdyr slik at dei blir vanarta:
dæmm he fa̤ṛṛk-åɧɧe na gutʹn / haŋŋ fa̤ṛṛk-eɧ ą̂ḷḷ oŋŋ-hæsstaŋŋ
farkfør (eit *fa̤ṛṛkfør*)
– på farkføra = i slikt lune at ein planlegg bråk
farkrånd (ei *fa̤ṛṛkrånŋŋ* sjå råND)
farkrand, medfødd eigenskap til å vera farkåt Jf. fantrånd
farktal (eit *fa̤ṛṛktaɧ*)
tullsnakk for å erte
farkåt (adj *fa̤ṛṛkåt*)
farkete, uskikkeleg, som fer med fantestykke
farle (adv *faṛle*)
–særskilt: ”No trur eg sola kjem.” – ”Det er farleg for det, ja.”
farlen (adj *faṛliŋŋ, -ḷa, -ḷe, -ḷne*
bf *-ḷʹn* komp *faṛlenar, faṛlenast*)
farleg: *bjøŋŋaŋŋ e nå faṛlene dyr nåṛ ḍæmm e siŋŋt*
farre (ein *farre, farriŋŋ*)
fark, fant: *diŋŋ farre du e! / haŋŋ narra me, na farriŋŋ!*
fartykar (ein *faṛty-kar*)
sjømann i innanriksfart
fask (eit *fassk, faṣṣḳʹe, faṣṣḳa*)
kadaver, restar av dyr
faske (å *fâssk, fasska*)
– faske med seg = ta med seg
– faske åt seg = karra åt seg

fasl (ein *fa̧ll̥, fa̧ll̥'n*)
fasl, akselband, stropp til å bera sekk på ryggen

faslaskreppe (ei *fa̧ll̥askræ̂pp* sjå skreppe)
veske i band skrått over aksla (Anders Moen: Gjetarsong i Salmar og songar samla av Jon Øye, s. 94) Jf. fasl

faslast (å *fa̧ll̥ast, fa̧ll̥ast*)
fløkjast, komma i ugreie, gå i stå: *snør'e fa̧ll̥ast så boṛṭ fær 'ṇå att 'n lɒt kâpp de*
Også: fjaslast, forfjaslast

fassess (ei *fassess*)
faster (tante) (i omtale på same måten som særnamn: ho fassess): *ho va æi tɒpu ḳêl̥l̥, 'å fassess*
Jf. fabbrå

fata i (å *fatta-ti*)
ta fyr, fata: *de ska så lite te fɒṛ ḍe fatta-ti skoj'en på vår'a*

fauke sjå: **føyke**

fausk (ein *fɒssk, fɒṣṣḳ'en, fɒṣṣḳ'a*)
tørt og forvitra trematerialе
Jf. gløsfausk, mask)

fauske seg (å *fɒ̂ssk, fɒsska*)
forvitre, morkne: *hæle gåṭṭv'e va krutråtte, de ha fɒsska se a̧ll̥t e-hop'* Jf. marne

fauskjen (adj *fɒṣṣḳiṇṇ, fɒṣṣḳa, fɒṣṣḳe, fɒsskne* bf *fɒssk'n*)
laus, forvitra, morken (om tre)
Jf. maren, maskjen

febrill (ein *febbri̧ll̥,-i̧ll̥n, -i̧ll̥a*)
fivreld, sommarfugl
Sms skjettufebrill (om nattsvermar)
Jf. fevrill, marihøne

fedrag (eit *fedrag, fedraje*)
sverm med insekt

feig (adj *fæg*)
som snart skal døy

feigdaglår (ein *fæggdagṭår* sjå glår)
unormal svolt hos nokon som er dårleg og ligg på det siste (Vart teke som eit dårleg teikn: at no ville personen snart døy)

feigdmerkje (eit *fæggdmærṛḳe*)
merke som varslar dødsfall (t.d. to pinnar i kors på gruesteinen)

feimen (adj *fæmiṇṇ*)
1. gusten og grå, med dårleg hamlet (også om ein som er svært lys i huda) Jf. nåskjen
2. sagt om ein kar kan det oppfattast som blautaktig, kvinnfolkaktig
Jf. lemen

felari (eit *felari*)
påfunn, gapferd Jf. felose

fele I (hokj dativ *feṭåṇṇ*)
fæle, skrekk
– ta felån = bli forstøkt: *vi to feṭåṇṇ på 'nå / haṇṇ he vesst tiḳḳe feṭåṇṇ på ṣy'nå*
(alt. med hankj akkusativ: *ta feṭ'n*)
(Musikkinstrumentet fele blir uttala *fæ̂l, fælå*)

fele II (å *fê̂ṭ, feṭe, feṭṭ*)
fæle for, ottast, bli ille ved: *da va de mæsstå så e feṭṭ fær att de ha gått gæṭṭe*

felere (å *felê̂r, felera*)
fikle, pusle med småting: *ho satt å feleṛṭ me nå sɒmeŋŋ*

fell (ein *fȩll̥, fȩll̥'n*)
skinnfell (til sengklede)

fellbuske (ei *feḷḷbûssk,-busskå*)
buske til å banke skinnfellar med. Jf. fellpiske

felle I (å *feḷḷ, feḷḷ, faḷḷ, fåḷḷe* intrans)
falle, passe: *de faḷḷ, de 'n jor! ja, de faḷḷ så ṣʂit e nyṣnø!*
– sjå kor godt det grin og fell! = det passar perfekt! (NB! ikkje å dette)

felle II (å *fêḷḷ, feḷḷe, feḷḷt* trans)
1. om tre: felle, hogge ned
2. i ein bunding: binde mosker i hop – felle tå = avslutte
3. sette saman (t.d. tre-stykke)

fellhogge (å *feḷḷhågg, -hʊgg, -hågg, -håjje*) = hogge fellingsskår

fellkniv (ein *feḷḷkniv*) = fallekniv

fellpiske (ei *feḷḷpîsk, -pisskå*)
dss fellbuske
Uttrykk: "å dengje fellann så 'n høre smellann på Pellann"

fellski (ei *feḷḷṣʂi, -ṣʂiå*)
utstyr til å høvle kanten av stav til tynner og andre lagga kjørrall

fellstong (ei *feḷḷståŋŋ* sjå stong)
stong til å hengje fellar på (ute eller inne)

fellåkle (eit *feḷḷåkḷe*)
åkle montert på skinnfell

felose (ein *felose, felosiŋŋ*)
utnamn på nokon som finn på gapferder Jf felari og felure

felt (adj *feḷḷt*)
hendt, som arbeidet fell lett for: *haŋŋ va feḷḷt te aḷḷ'ṣḷakks arrbei / dæmm va feḷḷte karra, âḷḷ sa brøṛ'ṇ* Jf. snedau, einvalen

felure (ein *felure, feluriŋŋ*) = luring

felå, felånj sjå: **fele**

femen sjå: **feimen**

femne (å *fæ̂mmn, fæmmne, fæmmt*)
femne, nå ikring med armane: *stoṛṭåḷḷå va de så viṭṭ to karra fæmmt*

femningstre (eit *fæmneŋŋs-tre*)
tre som *ein* mann kann femne

femtensteinsur (eit *fæmmtåstæns-ur*)
overført: stødig og påliteleg person: *ho går så eṭṭ fæmmtåstænsur*

fengjen (adj *feŋŋiŋŋ, feŋŋa, feŋŋe, fæŋŋne* bf *fæŋŋ'n*)
som lett tek fyr, lettantenneleg
overført: som blir fort oppglødd

ferd (ei *fer, fer'a, feṛ'ṇ; fere, feriŋŋ, ferå*)
1. reise, ferdsel: *de e sommå fer'a neppå væj'a her aḷḷvæg*
2. åtferd, oppførsel (også livsførsel, fakter og vesen): *e ʂeŋne 'n att på ferå, sa feriŋŋ he 'n ette 'nå faṛ ṣin*
Sms. gapferd, tullferd, skeivferd
"Meinn får du høytørk fær fager fer?" (HH: E slåttatæja, Vårsøg s.344) Jf. fara med ferder
– håp i ferd = grunn til håp, situasjonen lysnar: *de e håp e fer*
– mykje på ferd/noko på ferd = svært, over lag: *de va nåkkå på fer te oheå dæmm vaṛṛṭ fær oppi gar'a da kvigåŋŋ rapa utfær oppi fḷʊgå*
Jf. oppi målet

ferdau (adj *ferʊu, feråkt* NB! ikkje *ferdig*))
ferdug, før, gangfør: *haŋŋ e fressk å ferʊu* Jf. frakk

fergje I (ei *færrje, færrjå*)
i sms. linfergje om ei ladning med lin som er nedsøkkt til fåing

fergje II (å *færrje, færrje, færrgd*)
legge noko under press, t.d. fergje ned never, eller søkkje ned lin til fåing i ei tjørn. Jf. farg

fergjeveå (flt *færrje-veå* sjå veå)
stokkar som blir bruka til å fergje ned lin

ferje I (ei *færrje, færrjå*)
1. bilferje
2. flatbotna elvebåt med tverr bakende Jf. gavlbåt

fessill (ein *fessiḷḷ, fessiḷḷ'n*)
fisel, fessillstut, svekling

fessillstut (ein *fessiḷḷstut*)
svekling, reddhare
Jf. speidaling, spirk

fessilltre (eit *fessiḷḷtre*)
fiseltre, ein som ikkje er noko tess

fessilltut (ein *fessiḷḷtut*)
sladderhank Jf. skjoraskit

feste på hålka (å *fæ̂sst på håṭṭkå*)
gjera det mindre glatt (på isføre):
de kaŋŋ væṭ hên̨ŋ haŋŋ ˌfæssta-på tesst vi ska ne'-att /
haŋŋ fæssta på håṭṭkå no, de kæmm æn nåre bṭɒt-ṣŋøa

fete sjå: **fætta**

fevrill (ein *fevvriḷḷ*)
fivreld, dss febrill

fikje (ei *fiḳe, fiḳå*)
mest i sms. ørefikje (*ørfiḳe*) = slag med flathanda på kinn eller øyre

fiktre (eit *fik-tre*)
fjetre, støtte mellom mei og rem på slede (sjå om hest og utstyr)

file hønrauva (å *fîl høn-rɒva*)
drive på og plystre (einsformig og dårleg)

finblad (eit *finbṭa*)
nedsettande om kvinnfolk som er omframt fin i utsjånad og veremåte: *de e nå eṭṭ finbṭa haŋŋ ḳæmm dragaŋŋ me*

finfarande (pres part *finfarraŋŋ*)
sparsam, forsiktig med utlegg:
de e raṛṭ ka 'n lægg-se-te me pæŋŋ når 'ṇ e så finfarraŋŋ

fingerbjøre (ei *feŋŋerbjø̂r, -bjørå*)
fingerbjørg, fingerbøll

fingerregle: Det va na så braut-opp døra, / de va na så stal, / de va na så bar, / de va na så gjømt, / og de va na litl skjoraskiten så sprang-heim og tala om de. (Den vaksne tek fingrane til barnet, tommeltotten først)
(Sjå også: hønå meit

finhanda (hokj bf *fin-haŋŋa*)
høgrehanda (sagt til ungar for å få dei til å bruke høgrehanda når dei helsar, skriv e.l.)

finleitt (adj *fin-lett*)
finsleg å sjå til i ansiktet?

finn (ein *finŋ, fi'ŋŋ, finŋ'a*)
1. same
– *fødd finŋ å tørrka poŋŋ åmmna* = har fått lite omsorg (derimot: *haŋŋ e iḳḳe fødd finn* = han har fått ein god start i livet)
Jf. herde finn, tukte finn
2. tyte, kveise

Sparebank 1 Midt-Norge

"Kunna du hjölt me med nåra kronå? E he allveg tøkt det va likar å lån' hell å bli skuldau," sa han så ha bøe fær høgt på auksjona og fått teslagjet.

finne (å *finn̩, finn̩, fann̩, fonn̩e*)
– finn-ti = finne fram: *e fann̩-ti æn fjøłbit å ṣlo-fær na sŷnn̩ głasrutå / hann̩ vil̩la 'ǩe ha di kłeann̩ så va ti'-fônn̩ åt 'nå*
– finn-åt = gjera narr, klandre: *dæmm fann̩-åt 'nå fær kłeå hass / hann̩ varṛṭ åt-fonn̩inn̩ fær tennest-dråǩen*

finntøkje (ei *finn̩tøǩe* sjå tøkje)
samejente (nedsettande)

fint fessen (adj *fint fessin̩n̩*)
utslått i famntak (truleg perf part av å fise: "lufta har gått ut av han")

finstilt (adj *finstil̩̊l̩̊t*)
om person: nærtakande, var

firkant (ein *firkann̩n̩t*)
firkantspikar

fisen (adj *fisin̩n̩, fisa, fise, fisne* bf *fis'n*)
redd av seg, visen, lite modig: *ja, lægg 'n e væg no e mp̩r̩̊rkra å oføra, da e 'n iǩǩe fisin̩n̩*

fiskand (ei *fessk-ann̩n̩, -ann̩na, -a'nn̩n̩, -enn̩ner*) = sil-and

fiskfjøl sjå: **undskorde**

fiskjen (adj *fiṣṣǩin̩n̩, fiṣṣǩa, fiṣṣǩe, fisskne* bf *fissk'n*)
1. om folk: som har fiskelykke: *du e da iǩǩe fiṣṣǩin̩n̩-nɒu!*
2. om vêr, forhold, agn o.l.: som gjer at ein får fisk : *de va fiṣṣǩe, ta ann̩n'e / de e fiṣṣǩe når sy'n bær-omm å de bynn̩a å fłø*

fisil- sjå: **fessill-**

fispung (ein *fispon̩n̩, -pon̩n̩en*)
sjølvgod skrytlaup

fissisopp (ein *fissisåpp*)
røyksopp el. sopp generelt
Jf. blindpotet

fitja (å *fiǩǩa*)
flette saman (fiskegarn e.l.)

fjakk (eit *fjakk, fjaǩǩ'e, fjaǩǩa*)
bortheft, småtteri

fjakke (å *fjâkk, fjakka*)
pusle med småarbeid, tulle bort tida

fjakkel I (eit *fjakk'eł, fjakk'łe*)
dss fjakk eller arbeid der ein fer frå det eine til det andre

fjakkel II (å *fjakk'eł, fjakkła*)
fjakle, dss fjakke eller fara frå det eine til det andre i arbeidet

fjask (eit *fjassk, fjaṣṣǩ'e*)
dårleg arbeid: *de komm-opp att 'n ha fårre me fjassk*

fjaske (å *fjâssk, fjasska*)
gjera noko dårleg: *hann̩ he fjasska ehop' nå-ṣlag / ho fjasska-de-frå-se*

fjasl (eit *fjal̩̊l̩̊*)
noko som er mislykka

fjaslast (å *fjal̩̊l̩̊ast*)
mislykkast, fløkjast
Jf. faslast, forfjaslast

fjasle (å *fjâl̩̊l̩̊, fjal̩̊l̩̊a*)
dss fjaslast

fjelg (adj *fjæłłg, fjæłṭ* NB! ikkje fjølg)
1. mild og fin (om vintervêret): *hann̩ e fjæłłg me vera e dag / de błi væł jerṇ fjæłṭ e mårrgå*
2. i godlag, blid og imøtekommande: *ho e bærre fjæłłg e dag*
3. fint og velstelt

fjelge (å *fjæ̂ḷḷg, fjæḷḷga*)
fli, stelle i stand: *vi ha trånnṇe vi ha fjæḷḷga ette åss* Jf. vøle
fjelgte (ein *fjæḷṭe, fjæḷṭinṇ*)
gåve eller godsaker til seterfolket når ein gjesta dei, lita gåve (”smurning”) som guten hadde med seg når han besøkte ei seterdeie Jf. beining
fjell-ljø (ein *fjeḷḷ-jø* sjå ljø)
fjellvåk (rovfugl) (somme seier det også om annan fjellfugl med kvass låt)
fjellskarv (ein *fjeḷḷ-skarrv* sjå skarv) = fjellrype
fjerau (adj *fjerɒu, -åkt*)
fjørug, som fjørar (om materiale t.d. ei fjøl)
fjerdendel (ein *fjeṛṇ'dæl*) = fjerdedel
fjerding (ein *fjereṇṇ, fjeriṇṇen*)
ein fjerdedel av ei gammal mil
fjersott (ei *fjeṛṣott, -ṣotta*)
sjukdom på fjørfe (så dei misser fjørene)
fjon (eit *fjon*)
fnugg, noko ørlite
Jf. flonger, flinter
fjordtvart (adv *fjor-tvaṛṛt*)
tvers over fjorden
fjorsavle (ein *fjoṛṣ-avvṭe*)
avling t.d. høy frå året før Jf. årsavle
fjurru sjå: **fjørru**
fjær- sjå: **fjer-**
fjøkkull (ein *fjøkkuḷḷ, fjøkkuḷḷn*)
ein som driv med småarbeid, åfåttkall, deppill Jf. fjakke
fjøld sjå: **fjølt**
fjølg (adj *fjɒṭḷg, fjɒṭḷ* NB! ikkje fjelg)
mannsterk, talrik, med mykje folk: *di e 'ḳe så fjɒṭḷg oppme dåkkå heḷḷ / vi bḷi fjɒṭḷgar ette hæḷḷj'en*
Jf. fjølment
fjølment (adj *fjɒṭmeṇṇt*) = fjølg
fjølporke (ei *fjøḷpô̊rrk, -po̊rrkå*)
kjelke med meiar av heile fjøler
fjølrevvel (ei *fjøḷ-rævveḷ, -rævvḷå* sjå revvel)
fjølrevle, tynt og skralt bord
fjølt (ei *fjɒṭḷ, fjɒṭḷ'a*)
fjøld, mengd, mykje folk
Jf. folkfjølt
fjørnfar (eit *fjøṛṇfar*)
større farty (for langfart, mots. liten fjordbåt, uvisst opphav: firemanns-?, fjordanfar-?)
– overført nedsettande om vidløftig eller vidfarande kvinnfolk
fjørru (ei *fjørru, fjørru, fjørruṇṇ, fjørruå*) = fjøre, strandbelte
fjøsskjel (eit *fjøs-ṣḳeḷ* sjå skjel)
fjøsinngang (med overbygg)
fjøsvøttu (ei *fjøsvøttu* sjå vøttu)
avsig framfor møkkakjellar
fjåttåt (adj *fjåttåt*)
fjottete, toskete, stuttenkt
flage sjå: **flauge**
flagd (eit *fḷaggd*) = flagg
flagde (å *fḷâggd, fḷaggda*) = flagge
flammaband (eit *fḷammabaṇṇ*)
fletta band av fleirfarga ullgarn (trådane festa i *ein* ende under fletting mots. bregde 2)
flammaved (ein *fḷamma-ve, -ve'n*)
emnesved med fint mønster i t.d. flammabjørk
flamme (å *fḷâmm, fḷamma*)
flette band av fleirfarga ullgarn
Jf. bregde

flask (ein *fłassk, fłaṣṣʒ'en*)
breisida el. flatsida av t.d. ein stokk på skjerebenken el. av ein stein under muring:
du må lægg płaṇṇʒiṇṇ på fłaṣṣʒ'en

flatbrennar (ein *fłatbreṇṇar*)
ein type brennar i oljelampe
Jf. rundbrennar

flatbrødspøå (ei *fłatbrø-spøå* sjå spøå)
spode, rund trekjepp (avsmalnande mot framenden) bruka til å stikke under flatbrødleiven for å løfte eller flytte han under baking og steiking

flathøy (eit *fłathɒy*)
høy som blir tørka på marka

flaug (eit *fłɒg, fłɒj'e, fłɒja*
flt *fłɒgaṇṇ* eller *fłɒjiṇṇ* dativ: *fłɒgå*)
bratt hallande svaberg, bergstup (i mange stadnamn): *de va tri kvigå så rapa utfær boṛṛti fłɒgå*

flaugd sjå: **fløygd**

flauge (ei *fłɒ̂g, fłɒgå*)
1. flage, ri, tokt: *e fekk æi fłɒ̂g me så gruele iḷḷt e hɒua* Jf. føyke
2. vindflage Jf. gjerde

flaugmymaur (ein *fłɒg-mymɒr*)
flygemaur, stor maur med venger

flaugstete (ei *fłɒg-stêt* sjå stete)
gråaure i fjellbekkar

flaum (ein *fłɒm, fłɒm'en*)
flaum, stor vassføring i elv el. bekk

fledføre sjå: **fletføre**

fleine (å *fłæ̂n, fłæne, fłænt*)
1. flire 2. flørte 3. apast med

fleinskalla (adj *fłæn-skaḷḷa*)
snauskalla

flekkje (å *fłeḳḳe, fłeḳḳe, fłækkt*)
breie ut, flå, avdekkje: *ho'ṇṇ sto å fłækkt tåṇṇå åt åss* Sms.
flekkjesild
– ta te flekkjings = leggje på sprang med lange steg Jf. kløfte

flenså (hokj bf eint *fłænnså*)
influensaen

flerra (å *fłærra*)
flerre, rive, flengje, skjera sund:
haṇṇ fłærra-syṇṇ trɒyå si da 'n ʒɒr-e-kaṇṇṭ / de va støkkt kåṛ ṇa kvigå ha fłærra-se-syṇṇ e peggtråa

flerre (ei *fłæ̂rr, fłærrå*)
flerre, rift, sår: *e ræv æi laṇṇ fłæ̂rr ti ʒoliṇṇ miṇṇ e utgara*

flerråt (adj *fłærråt*)
flerra, oppriven, flengd

fless (ei *fłæss, fłæss'a, fłæss'n; fłæsse*)
fles, skjer, banke Stadnamn: Flessa
farra uti Fłæssa / varra uti Fłæss'n Jf. flu, fleå

flesstokk (ein *fłæss-ståkk*)
fletstokk, tverrtre som slederemmane ligg på (sjå om hest og utstyr)

fletføre seg (å *fłetføṛ-se (fłedfør)*)
la andre ta over hus og heim, arv og gjeld og bli økonomisk umyndig, mot å bli oppteken i husstanden, få mat og anna omsorg og arbeide etter evne for det (Ei ordning frå før "velferdssamfunnet", for eldre folk utan kår, eller personar som av andre grunnar vanskeleg kunne livberge seg sjølve)

fletføring I (ei *fłetføreṇṇ, -iṇṇa*)
avtale om overføring av arv og omsorg

fletføring II (ein *fɻetføreŋŋ, -iŋŋen*)
person som har fletført seg Sms. fletføringsmann, -kjerring, -folk (ikkje det same som kårfolk og innerst, som var økonomisk sjølvstendige)

fleå (ei *fɻeå*)
fless, skjer i vassmålet

flie sjå også: **fliå**

flie (å *fɻî, fɻie, fɻiḍḍ*)
1. gi, overlevere (frå hand til hand): *fɻi me hammaṛṇ! / du lyt fɻi 'nå de oppi he'ṇṇ*
2. bøte, reparere: *haṇṇ he fɻiḍḍ myḳḳy på sa gamm'eɻ hus'a / ho siṭṭ å fɻie sa utslett'n brøk'eṛṇ hass*
3. gjera reint: *he du fɻiḍḍ me hæsstå? / ta å fɻi-oṇṇa kaɻɻvå nåṛ ḍu ji dæmm driḳḳ'en* Jf. vøle
Også:
– fli-om: *vi lyt fɻi-omm åt hæɻɻj'en*
flie seg = vaske seg, stelle seg
– fli-seg-til = skitne seg til: *å jø. kåṛ ḍu he fɻiḍḍ-de-te!*

flinad (ein *fɻina, fɻina'n, fɻina'a*)
fliing, omfliing: *vi drækkst me fjøs-fɻina*
– gi nokon ein flinad = juling: *dæmm for å ga 'nå fɻina!* Jf. fliå

flink (adj *fɻeŋŋk*)
hjelpsam (vanlegvis *ikkje* om *dyktig*)

flise (å *fɻîs, fɻise, fɻist*)
knise, fnise

flisbikkje (ei *fɻisbiḳḳe, -biḳḳå*)
ei som fliser for mykje

fliå (ei *fɻiå, fliå*)
flie, juling: *dæmm ga 'nå æi fɻiå!* Jf. flinad

flo (ei *fɻo, fɻo'a*)
1. flod, høgvatn (i sjøen)
2. lag (noko som ligg flovis oppå kvarandre)
3. flo, regnskur, stuttvarig og kraftig regn etter brå vind
Jf. floing

floe-opp (å *fɻo-opp, fɻoa-opp*)
komma med ein brå eling (flo 3) (mest om den sterke vinden)

flog-, floge sjå: **flaug-, flauge**

floing (ein *fɻoeŋŋ, fɻoiŋŋen*)
flo, stuttvarig og kraftig rengskur: *de ḳæmm væɻ æn fɻoeŋŋ e kveɻɻiŋŋen / haṇṇ e jammn me se fɻoeŋŋå, deṇṇ æ̂n fɻoiŋŋen ette di aṇṇ'er* Jf. flo 3

flokje (ein *fɻoḳe, fɻoḳiŋŋ*)
1. floke, vase, problem
2. skyfloke
3. slå flokje = slå armane i kryss over bringa for å halde seg ølen (varmen)

flokse (ei *fɻôkks, fɻokkså*)
1. flogse, noko flagrande t.d. snøflogse
2. overført: nedsettande: ustabilt kvinnfolk som renner etter karane

flolegge (å *fɻo-lægg* sjå legge)
legge lagvis

flonder (ei *fɻoṇṇd'er, fɻoṇṇdrå*)
flyndre

flonder (å *fɻoṇṇd'er, fɻoṇṇdra*)
kaste smutt Jf. skjengel 2

flonger (eit *fɻoŋŋ'er, fɻoŋŋ're*)
tynt og lett ty (men tettare enn flor)

flongren (adj *fḷoŋŋriŋŋ, -ra, -re, -rene* bf *-ren*) = tynt og lett (om ty)

flostreng (ein *fḷo-stræŋŋ, -streŋŋ'en, -streŋŋ'a; -streŋŋe*)
stripe med rusk i flodmålet (så høgt som floda eller flaumvatnet har nådd) Jf. rae

flotne (å *fḷott'n, fḷottna*)
kjølast av, bli lunka Jf. flotten

flott- sjå også: **flått-**

flotten (adj *fḷottiŋŋ [fḷåttiŋŋ], -tta, -tte, -ttne* bf *fḷott'n*)
lunka, halvvarm t.d. om mjølk
Sms. pissflotte (negativt om noko som ikkje er varmt nok, t.d. kaffe)

flu (ei *fḷu, fḷu'a*) = fless, fleå

flur (ein *fḷur, fḷuṛ'ṇ*)
flur, floke, noko uryddig og sprikande: *dæmm bḷi bærre nå fḷura, se tåḷḷåŋŋ oppå bærrgå / hår'e 'na va ti æn ænaste fḷur*

flurast (å *fḷurast, -rest, -ṛṛest*)
bli fluren

flure (ein *fḷure, fḷuriŋŋ*) = flur

fluren (adj *fḷuriŋŋ, -ra, -re, -ṛṇe* bf *fluṛ'ṇ*)
floken, ugrei, uryddig:
du e så fḷuriŋŋ på håra /
ta ræp'e e tått-ṣlette å fḷure

fluråt (adj *fḷuråt*) = fluren

flusk (ein *fḷussk, fḷuṣṣʂ'en*)
dusk, særleg om langt hår som heng ned i panna. Også: pannelugg, skeivt pannehår, harratopp på hest

flyndre sjå: **flonder**

fløg, fløge sjå: **flaug, flauge**

fløgd sjå: **fløygd**

fløn (eit *fḷøn, fḷøn'e*)
overgang frå ein høl til ein straum i elva (stadnamn): *dæmm to æn lakks oppå liḷḷ-fḷøna her e mårrgå*

fløss (eit *fḷøss*) = flass Jf. fjon

fløssberg (eit *fḷøssbærrg*)
flassberg, berg som lett flassar opp og forvitrar

fløt I (ein *fḷøt, fḷøt'n*) = fløte I

fløt II (adj *fḷøt*)
fljot, snar, som får arbeidet fort frå handa, klokke: som går for fort:
haŋŋ he vårre æn fḷøt arrbeskar /
haŋŋ ha trånŋŋe fḷøtar hæsst /
stuåkḷåkkå e hêḷḷ fḷøt

fløte I (ein *fḷøte, fḷøtiŋŋ*)
fløyte (fart), fløt, skydrift i høgda
Sms. austafløte: *de he vårre ṣlik æn fḷøte synŋafrå e aḷḷ dag*

fløte II (å *fḷôt, fḷøte, fḷøtṭ*)
få fart på, gjera arbeidet lettare:
ta fḷøte nå arrbeie bærr otrule /
di fḷøte dåkkår me sa ny-maṣinå

fløtt (eit *fḷøtt*)
1. flytt, så langt ein når utan å flytte seg når ein ligg på kne og sandskurar golvet
2. trekk i brettspel
3. så vidt som kua kan beite når ho står tjora

fløttardag (ein *fḷøttardag*)
1. flyttedag til setra
2. sommardagen 14. april el. vinterdagen 14. oktober

fløtte (å *fḷôtt, fḷøtta*) = flytte
– særskilt: døy:
de vaṛṛṭ så 'å fekk fḷôtt, ho moṛ ḍi?

fløttmann (ein *fḷøttmaŋŋ*)
ferjemann

fløy (ein *fḷɒy, fḷɒ'n, fḷɒy'a; fḷaya*)
høvelspon, kåre

fløygd (ei *fḷɒggd, fḷɒggd'a, fḷɒggd'n*)
flukt, svev
– i fløygda = i lufta, medan noko flyg: *ta e fḷɒggd'n / træ̂ff e fḷɒggd'n / ṣʒyt e fḷɒggd'n*

fløyge sjå: **flauge**

fløyt (adv *fḷɒt*)
flytande (om båt) Jf. flått II

fløyte I (å *fḷô̂t, fḷɒta*)
laga fløytelåt

fløyte II (å *fḷô̂t, fḷɒte, fløtt)*
1. ta fløyten av mjølka
2. drive med tømmerfløyting
Jf. flåtta
3. gå framover (t.d. om arbeid): *de e gøtt når arrbeie fḷɒte-se*
4. dss fløte II: *kḷåkkå he fḷøtt-se mæsstå ett kvarrter*

flå (ein *fḷå, fḷå'n*)
flytetelne med flytekork (av never) på fiskegarn Jf. kavveltelne

flåhakke (ei *fḷå'hâkk, -hakkå*)
breiblada hakke til å grave i jord og flekkje torv med

flåkjeft (ein *fḷå-ʒæfft*)
ein som er flåkjefta

flåkjefta (adj *fḷå-ʒæffta*)
grov i munnen, frekk, oppkjeftig

flås (eit *fḷås, fḷås'e*)
laust snakk, skryt og uhøvisk tale

flåsferd (ei *fḷås-fer, -fera*)
flåsete oppførsel

flåsåt (adj *fḷåsåt*)
flåsete, lausmunna, skrytande, frekk

flått- sjå også: **flott-**

flått I (ein *fḷått, fḷått'n* NB! ikkje påte) = flatt jordstykke
Vanleg i stadnamn: Fiskjasflåtten

flått II (adv *fḷått*)
– på flått = til å flyte: *dæmm fekk båtanng på fḷått*
Jf. fløyt

flåtta (å *fḷåtta, fḷåtta*)
flòta, fløyte (tømmer og ved på elva)

flåttakar (ein *fḷåttakar*)
tømmerfløytar

flåttarelv (ei *fḷåttar-æḷḷv*)
stor nok vassføring til å fløyte tømmer: *de bḷi 'ʒe når fḷåttaræḷḷv ti se kaḷḷ-vinng*

flåttarhaka (ein *fḷåttarhaka*)
fløytarhake

fokkskjøve (ei *fåkk-ṣʒô̂v* sjå skjøve)
skavhøvel, høvel med handtak på begge sider (til barking)

fokkskå (ei *fåkk-skå* sjå skå)
tett og hardt snølag på overflata – ved visse temperaturtilhøve og vedvarande vind

fole I (ei *fô̂ḷ, foḷå*)
forde, slump, porsjon, noko ein steller til i ein gong: *ho va 'ʒe fɒr færrḍi me sa baḷḷfoḷåṇṇ, så søḍḍ 'å te å baka æi kâkfô̂ḷ*
Sms. labbfole, ballfole, kakfole

fole II (å *fô̂ḷ, foḷa*)
få til, få ifrå seg (i ein fart): *foḷ de hæm'att, diṇṇ o-taṇṇe! / vi lyt prô̂v å foḷ-te-rætt medd'an tesst karraṇṇ ʒæmm / ho foḷa støgghæta på doṇṇaṇṇ*

folkaudt sjå: **folkøydt**

folkferd (ei *fåḷḷk-fer, -fera*)
folkeskikk, høveleg framferd: *de e 'ʒe fåḷḷkfere å bærra se åt ṣlik* (NB! ikkje folkeslag)

folkfjølt (ei *fåṭṭkfjɒṭṭ* sjå fjølt)
folkefjøld, mykje folk
folkhus (eit *fåṭṭk-hus*)
folkehus, huslyd:
de e bærre lite fåṭṭk-hus me dåkkå no / de e eṭṭ speṭṭ fåṭṭkhus
folk-il (adj *fåṭṭk-il*)
folkevond, vanskeleg å omgåst: *ho e så fåṭṭk-il at 'å e iḳḳe varraṇṇ atti*
folkkjømt (adj *fåṭṭk-ḳømmt*)
mange som kjem, stor tilstrøyming av folk: *de e nåkkå så fåṭṭk-ḳømmt på sa Kṭævakveḷḷå* Jf. folkåt
folkløyse (ei *fåṭṭklɒ̂s, -lɒså*)
lite folk: *vi drækkst me fåṭṭk-lɒsåṇṇ uti greṇṇå*
folkstyggjen (adj *fåṭṭkstyjjiṇṇ, -styjja, -styjje, -støggne* bf *-støgg'n*)
folkesky, redd for å vera i lag med andre: *ska 'n ga læṇṇ'er ålæ̂n', bṭi 'n eṇṇda mær fåṭṭk-styjjiṇṇ*
folktal (eit *fåṭṭktaṭ*)
folkesnakk, sladder: *de va gruele te fåṭṭktaṭ da 'n resst frå 'na / dæmm tor iḳḳe anna fær fåṭṭktaṭa*
folkvand (adj *fåṭṭkvaṇṇ*)
nøyen på kven ein omgåst, kritisk til andre: *ho e så fåṭṭkvaṇṇ snarṭ att iṇṇiṇṇ e bra'-nɒu åt 'na*
folkøydt (adv *fåṭṭk-øṭṭ*)
folketomt: *de e fåṭṭk-øṭṭ oppi gar'a, dæmm e te brøllåps aḷḷ e hop*
"I skurdonna var det stilt og folkeaudt på plassom."(LH: Todalen s.179)

folkåt (adj *fåṭṭkåt*)
folksamt, fullt av folk
Jf. folkkjømt
follau (adj *fåḷḷɒu, fåḷḷåkt*)
follug, som gjev god avling
folle (å *fâḷḷ, fåḷḷa*)
folle, monne, svara seg:
de fåḷḷa 'ḳe myḳḳy ette se arrbeia / de viḷḷ lekk'så iḳḳe fâḷḷ, sommå kåṛ 'n stræva
for (prep *fær* akkusativ/dativ)
for (framfor): *dra gaṛṛḍinå fær gṭas'e! / gaṛṛḍinå hæṇṇ fær gṭasa*
forr (ei *fårr, fårr'a*)
fòr, plogfòr Sms. pløyforr, landforr, aurforr Jf. isforr
for ende(s) (adv *fær eṇṇes / færeṇṇ'*)
for ende, alle utan unntak (den eine etter den andre):
haṇṇ speṇṇa føt'n oṇṇa dæmm, så dæmm stufft færeṇṇ'
for lyst (adv *fæṛ ḷøsst*)
av rein lyst:
haṇṇ ga-se-me bær fæṛ ḷøsst
for senn (adv *fæṛ ṣeṇṇ*)
(litt) om senn, etter kvart: *ta e nå̂ haṇṇ he fått lit fæṛ ṣeṇṇ me årå*
forala (å *færæṭṭ'a* sjå ala)
forvenne, vera for ettergjevande:
e tyḳḳe dæmm he færåṭṭ'e na gut-oṇṇiṇṇ Jf. fark-ala
forane (å *færân', -an'e, -ant'*)
forundre, gjera opprådd: *ho færant' me så e fekk iḳḳe or'e framm*
Jf. fortapte
forbi (adv *færbi'*)
– det *går* eg forbi! = det forstår seg! (oppfatta og stadfesta)

forbina (adj *færbin'a*)
fjetra, teken Jf. bine
forbjønna (adv *færbjøṇṇ'a*)
mildt bannskapsord
forborde (å *færbôr', -bor'e, -boṛṭ'*)e
ta vare på, sette under tak, binde fast, pakke inn
forbording (ei *færbor'eŋŋ*)
sikringstiltak, åtgjerd
forbørde (å *færbôr'*) = forborde
forbørding (ei *færbør'eŋŋ*)
dss forbording
fôrbås (ein *forbås, -bås'n*)
avskjerma rom i fjøset der ein tek ned høyet frå låven
fordervaolen (adj *fæṛḍærr'va-åłłiṇṇ* av ala)
bortskjemt (om ungar) Jf. forala
fordåssa (adj *fæṛḍåss'a*)
forundra Jf. dåst med
fore (å *fôr, fora*)
1. fôre krøtter:
vi fora me nêp attåt hɒya Jf. kjone
2. skaffe fôr åt krøttera:
vi fora åt æn ått-ni nɒt e maṛṛḳ'en
forfara seg (å *færfarr'a se* sjå fara)
misfara seg, gjera feil
forfarast (å *færfarr'ast, -feṛṣṭ', -foṛṣṭ', -fårr'est*)
forfalle, bli øydelagt
forferdt (adj *færfeṛṭ'*)
forferda, ottefull, redd, skremt:
haṇṇ va iḳḳe de ṣlag færfeṛṭ' omm kåṇṇ'en skoḷḷ kåmma
forfjaslast (å *færfjaḷḷ'ast*)
gå gale, mislykkast Jf. fjaslast
forgapt (adj *færgafft'*)
1. forundra: *e vaṛṛṭ stataṇṇ aḷḷdeles færgafft'* Jf. fortapt
2. forgapt i = full av beundring:
haṇṇ e så færgafft' ti sa nŷ tennestdråḳen
fôrgard (ein *for-gar*)
om ein gard m.o.t. naturvilkår for høyavling: *de e æn kłænṣłiṇṇ for-gar, de e fær skaṛṛpleṇṇt*
forgodt (adv *færgått'* med dativ)
meir enn som godt er (uttrykk for misunning): *de va færgått'-nå att 'n vaṛṛṭ-me gar'a*
forhatig (adj *færhat'i*)
hatefull: *ho he ṣiṭṭ se så færhat'i på nerast nabboaṇṇ*
forhefte (å *færhæfft', -hæfft'a*)
hefte bort: *e vaṛṛṭ færhæfft'a ti 'nå faṛ ḍin / de e maṇṇt 'n ska færhæfft'-se-me å!*
forhåna (å *færhånn'a*)
1. misse, rote bort, øydelegge, skade: *haṇṇ færhånn'a værṛktye ette 'nå faṛ-ṣin / pass de så du iḳḳe færhånn'a de!*
Sitat etter Gunnhild Nestuen Dalsegg da russerane skaut opp sin første Sputnik i 1957: "Berre dem itj ferhånna hemmelmåninn!"
Jf. ohapa
2. gjera ein forvirra eller fortenkt. *e vaṛṛṭ stataṇṇ hælt færhånn'a*
3. drive ap med, narra bort
forjaga (å *færjagg'a*)
om årsvekst som blir driven for snøgt fram av veret:
gras'e błi så færjagg'a ti se øł'a
forkofte (å *færkôfft'*)
forundre, forbause:
næi, no færkoff'ta du me rætt! / dæmm vaṛṛṭ så færkofft'a tå kånnstå hass Jf. fortapte

forkomme (adj/adv *færkåmm'e*)
forgale: *de va færkåmm'e vi iǩǩe vesst ta fɒr / de e færkåmm'e te rænŋn-sommar!*

forkuste (å *færkûsst', -kusst'a*)
forvirre, gjera forundra eller forfjamsa Jf. fortapte

forkvasla (adj *færkvaḷḷ'a*)
forkvakla, forvirra, fortumla, ihoprota, håplaus

forliden (adj *færle'iŋŋ, -le'a, -le'e, -le'ne* bf *-le'n*)
for seint, tida er ute:
de e væṭ iŋŋa ti færle'a eŋŋo / de e snaṛṭ færle'e me viŋŋterføra

forliggjande (adv *færlijj'aŋŋ*)
(bli) liggjande for lenge: *vi vaṛṛṭ færlijj'aŋn både e å kaḷḷ'n, vi vakkna 'ǩe fɒr kłåkkå ṣlo ât̂t*

forlikt (adj *færḷekkt'*)
forlikt (det mest vanlege ordet for å vera einige, vera venner – mots. oforlikt): *no må di prø̂v å varra færḷekkt' da, oŋŋa!*

fôrløyse (ei *for-lɒ̂s, -lɒså*)
fôrløyse, fôrmangel:
vi lɒt ha-ut krøttera fær for-lɒ̂såŋŋ

formastels (ein *færmasst'els'*)
formastelse, grov tabbe: *ho for å jor rættele færmasst'els* (dansk)

formeins (adv *færmæns'*)
forkjært: *haŋŋ trødd så færmæns' me fot'a / de komm færmæns' på 'n*

formeir (adv *færmæ̂r'*)
betre: *de e væṭ færmæ̂r' å jærra de på deŋŋ måtiŋŋ*

formon (ub *færmon'*)
– på formon = med vilje, på trass: *ho driv bærre å jær på færmon'*

formykje (adv *færmyǩǩ'y*)
uttrykk for noko urimeleg, noko som gjer gale verre:
ja, e skoḷḷ færmyǩǩ'y ha jɒṭṭṭ 'nå, ṣlik så haŋŋ he fårre åt! / ja, haŋŋ skoḷḷ færmyǩǩ'y ha lakkte me rænŋn oppi aḷḷ ne tæłła-lɒsiŋŋa!

fornad (ein *foṛṇa* berre i ub. form)
fart, bråvende: *haŋŋ fer å får foṛṇa, ṣŋø'n, ti se le-vera / de va nåkkålit te foṛṇa på sa kar'a* (om ein som stakk innom i ei bråvending)

fornøden (adv *færṇø'n*)
nødvendig, retteleg bra:
de va færṇø'n de komm rænŋn
"Det va fornø'n
han kom bort, na snjø'n,"
sa ho Maret Trø'n
da ho fekk sjå ei høn'
oppi sommarfjøstrø'n.

forolla (adj *færåḷḷ'a*)
fortumla, ør, uklår i tanken

forpinna, fritt f. (adv *færpiŋŋ'a*)
heilt uråd, slett ikkje:
e læta å læta, mænn friṭṭ færpiŋŋ'a e fiŋŋ hammaṛṇ!

forsiktig-Gonna (*færṣekk'ti-goŋŋa*)
Herme: "Han forsiktig-Gunnar skeit seg ut, han òg" = ein kan ikkje sikre seg mot alt om ein tek seg aldri så vel i vare

forsing (ei *fåṛṛṣeŋŋ, fåṛṛṣiŋŋa*)
dss forsyne

OK Bygg

"Han legg på færtvart na dörstokkjen," sa ho så snubla ti 'nå.

forsittande (adv *færṣiṭṭ'aŋŋ*)
(bli) sittande for lenge: *haŋŋ varṛṭ færṣiṭṭ'aŋŋ utevve alḷ kveḷḷ'n*
Jf. forliggjande

forsjå seg (å *færṣå'-se*)
få (ulovleg) lyst på: *haŋŋ he færṣiṭṭ'-se på dyre bila*

forsomt (eit *færṣommt'*)
(mest i ordlaget:) komma i forsomtet = forfarast, bli gløymt, bli øydelagt: *utṣḳæreŋŋaŋŋ hass komm e færṣommt'e da 'n va dø*

forsomtast (å *færṣommt'ast*)
forfarast, forsømmast, bli øydelagt: *haŋŋ ṣlaṛṛka boṛṛṭ å lætt de færṣommt'ast aḷḷṭ så der va*

forspenn sjå: **førspenn**

forstaden (adj *færṣta'iŋŋ, -sta'a, -sta'e, -sta'ne* bf *-sta'n* av state)
som har stått for lenge uhausta: *bøggåkeṛŋ e aḷḷṭ færṣta'iŋn / gras'e e færṣta'e*

forsvore! (int *færṣvårr'e*)
forargeleg (mild bannskap)

forsyne (ei *fåṛṛṣŷn, fåṛṛṣynå*)
forsing, fortaum (på fiskesnøre mellom søkke og ongul, eller mellom line og onglar)

fort (adv *foṛṛṭ*)
særskilt bruk: "Eg trur det tek til å regne." – "Det gjer det fort, det."

fortala seg (å *færṭaḷḷ'a-se*)
forsnakke seg, plumpe ut med

fortapt (adv *færtafft'*)
forundra, overraska
Jf. dåst med, forhåna

fortapte (å *færtâfft', -tafft'a*)
gjera forundra, klumse: *du færtafft'a me me sa taḷa din!*
Jf. forkuste

forte (å *fôṛṛṭ, foṛṛṭa* NB! ikkje fløyte)
furte, vera sur el. fornærma

fortennagraut (ein *færṭænn'a-grɒt*)
to grautslag i same kumme, t.d. rømmegraut oppå byggmjølsgraut eller rømmegraut (ev smørgraut) oppå mølsgraut

fortinga (adj *færṭeŋŋ'a*)
tinga, bestilt,

fortryte (å *færṭryt, -tryt, -trɒt, -tråtte*)
bli fornærma: *no må du iḳḳe bḷi færṭrått'iŋŋ omm e sie de græn'a*

fortryteleg (adj *færṭryt'ele*)
fornærmeleg: *e håpa du iḳḳe tek de færṭryt'ele opp*

fortvart (adv *færṭvaṛṛt'*)
på tvert (overført: på tverke): "*haŋŋ legg på færṭvaṛṛt', na dɒṛṣtåḳḳen!*" *sa ho så snubbḷa ti 'nå*

forutta (prep/adv *færuṭṭ'a* dativ)
forutan, utan, utanåt, utanboks

fosnakavring (ein *fosna-kavvreŋŋ*)
vasskringle, kjøpkringle frå byen (Fosna = Kristiansund): *ja, no ska du rætt få de æn fosnakavvreŋŋ*

fosstuå (ei *fosstuå*)
fremste og attaste bandet i båten (fotstøe)

fot (ein *fot, fot'n, fot'a; føt, føt'n, fotå*)

fote seg (å *fôt se, fota*)
halde seg på føtene, få fotfeste: *de nøtta 'ḳe å fôt se på se håḷḷkåŋŋ*
Jf. fætta seg, føte seg

fotlag (eit *fotlag, -laj'e*)
fotføring, måten ein går på: *haŋŋ e ɒuḳeŋŋt på fotlaja* Jf. gonglag

fotland (eit *fotlaŋŋ*)
snuingsrom for hestane (traktoren) ved endane av det jordstykket ein pløyer opp

fotlaus (adj *fotlɒs*)
som står dårleg på føtene, klein til å ta seg fram: *haŋŋ e så fotlɒs att 'n legg bærr å velḷt*

fotrenne (å *fot-rên̊ŋ, -reŋŋe, -reŋŋt*)
skli på føtene på glatt føre eller i unnabakke Jf. gleine

fotstuå sjå: fosstuå

fotståppe (ei *fotståpp* sjå ståppe)
djupt fotefar i snø: *e prøva å ta fotståppåŋŋ ette hånnå.*

frakk (adj *frakk*)
frakk, tess, svær: *haŋŋ e iḳḳe så frakk, haŋŋ bæss'far, læŋŋ'er / ho ska få varra deŋŋ frakkast bakkstḳærriŋŋa / de va iḳḳe så frakkt me 'nå da dæmm faŋŋ 'n / de e frakkast de att e trur 'n græie de!*

framforende (ein *frammfæreŋŋe*)
ein som stikk seg fram, freidigare enn godt er

framfysandes (adj *frammfysaŋŋes*)
framfus, frampå, pågåande

framfødd (adj *framm'fødd*)
berga, som har nok til å greie seg
Jf. velbørt

framlem (ein *frammlæmm, -læmm'en*)
bog av sundlemma slakt (mots. baklem = lår)

framlesst (adj *frammlæsst*)
framtung (om lessemåten på doning)

frammed (prep/adv *framme* dativ)
1. langsmed: *haŋŋ ḳør laŋŋe styḳḳe framme væj'a / de e te'våkkse me ḳærr framme æḷḷv'en*
– ga frammed = A. gå og halde seg fast (om småungar som lærer seg å gå) B. ikkje halde seg til saka
– frammed meininga = noko ein ikkje meiner: *no står du bærre å taḷḷa framme mæniŋŋen din*
”Meinn e trødd framme å klædd me nakjinn” (HH: E slåttatæja, Vårsøg s.344)
2. framme ved: *haŋŋ sekkta på boj'en, miŋŋ træfft framme ḳækkå / haŋŋ skråpa opp bil'n framme høg'er løkkt'n*

frammedunge (ein *framme-oŋŋe*)
barn som den eine ektefellen har før eller utafor ekteskapet. (også: frammedbarn)

frammend (adv *framm'eŋŋ* NB! ikkje *fram-ende*)
framover (mots. attover): *du må ḳør framm'eŋŋ å iḳḳe att'eŋŋ*

framolen (adj *framm'åḷḷiŋŋ* sjå ala)
vaksen

frammund (adj *frammoŋŋ*)
framand
– få frammund = få besøk, gjester
Jf. storframmund

fram-mynt (adj *framm-myŋŋt*)
trutmunna

frampårulla (adj *frammpå-roḷḷa*)
uttenkt, ”på tunga”, til reie: *ho ha svar frammpå-roḷḷa*

framskodd (adj *frammskådd*)
om hest: skodd på framføtene.
Jf. sko fremmer

framtent (adj *frammteŋŋt*)
med framstående tenner
framtoning (ein *frammtoneŋŋ*)
1. måte å te seg på, særskilt om ein som er spesiell i utsjånad og framferd: *ta va æn oŋŋle frammtoneŋŋ*
2. framvokstring, ein som ikkje er fullvaksen
framålin sjå: **framolen**
frase (å *frâs, frasa*)
brenne så det sprakar, ta fyr, frese: *bæsst de va, frasa de ti æi nev'er boṛṛṭi årå*
frau (ein *frɒu, frɒ'n, frɒu'a*)
gjødsel (frau har eit vidare bruksområde enn møkk, og lagar andre sms., t.d. kjøpfrau (kunstgjødsel) og dassfrau.
fraue (å *frɒ̂u, frɒua*)
gjødsle: *havriŋŋ vaṛṛṭ bærre haṭṭm'en, e frɒua fær haṛṭ*
frauhøy (eit *frɒuhɒy*)
høy frå gjødsla eng (mots. markahøy, som er mindre døgdåkt enn frauhøyet)
fraumakt (ei *frɒumakkt*)
gjødselverknad: *de e frɒumakkt ti sa joṛ'ṇ* (= oppgjødsla)
frega (å *frega*) = spørja ut
freistasamt sjå: **frestasamt**
frek (adj *frek*)
1. sprek, livskraftig: *næi, haŋŋ e iḳḳe så frek læŋŋ'er* Jf. frakk
2. for tynnslipa eller djupstilt (om bitjarn): *na hevviḷḷn e aḷḷt fær frek* Jf. rabben
Samtale mellom to dei kalla Ola Rabba og Frek Naustmyren: "*haŋŋ e frek, na hevviḷḷn*", sa han Ola. – "*ja, ji nå æn kakk e bakeŋŋiŋŋn, så bli 'n iḳḳe så rabbiŋŋ,*" svara han Frek.
Frek (namn *frek*) = Fredrik
fremmer (adv *fræmm'er* komp av fram)
fremre, lenger fram, på framparten: *e la-poŋŋ viŋŋteṛṣko fræmm'er / haŋŋ ṣeṛ ṣå høg ut fræm'mer, na nyhæsst'n*
fremst, **mannå fremst** (*maŋŋå fræmmst* dativ flt. av mann)
frampå, som stikk seg fram, fremst i laget: *ho e maŋŋå fræmmst kvar 'å ḳæmm*
frene (å *frên, frene, frent*)
fræne, lukte sterkt, lukte vondt: *de e bærre så møḳḳalokkta frene* Jf. vist
frenen (adj *freniŋŋ, frena, frene, frene* bf *fre'n*)
frænen, som luktar vondt (t.d. skjemt høy) Jf. fukjen
frestasamt (adv *fresstasammt*)
freistesamt, freistande: *de e fresstasammt å byŋŋ våråŋŋa ti se finvera*
frikar (ein *fri'kar*)
ein som ingen har vunne over t.d. i famntak
– ga frikar = ha ein posisjon som gjer at ein ikkje blir utfordra
fripostau (adj *fripåsstɒu, -tåkt*)
fripostug, frimodig: *ho e fripåsstɒu te svarra frammoŋŋt fåṭṭk / de e æi fripåsstɒu ḳêḷḷ, na dråḳ'a / ta va saŋŋele fripåsståkt joṛṛṭ*

fritt (adv *friţţ*)
absolutt ikkje slik at:
de e friţţ e trur eţţ oṛ ṭå di du sie / de va friţţ e fekk-'n-me-me hit / de va veţ friţţ de løkkast

frokne (ei *frokk'n, frokknå*)
frekne (fregne)

froknåt (adj *frokknåt*)
freknete: *du bţi frokknåt tå våṛṣoţ'ṇ / haṇṇ e eṇṇda frokknåtar heţţ du*

fronse (ein *froṇṇse, froṇṇsiṇṇ* el. ei *frôṇṇs, froṇṇså*) = frynse

fronsåt (adj *froṇṇsåt*) = frynsete

frossen (adj *fråssiṇṇ, -ssa, -sse, -ssne,* bf *-ss'n*)
frosen, som kjenner seg kald

frostau (adj *fråsstɒu, -tåkt*)
frostvar, som lett blir frossen, kulsen:
e vaṛṛţ så fråsstɒu tå se kvilåṇṇ

frostbeite (ei *fråsstbæ̂t, -bætå*)
liten snøeling på kaldaste vinteren (som skin fort oppatt og blir etterfølgt av enda sterkare kjølt:
ta va bærre æi lita fråsstbæ̂t

frostgov (eit *fråsstgåv*) = frostrøyk

frostkiste (ei *fråsst-ţî̂sst, -ţisstå*)
frysar

frostlendt (adj *fråsstleṇṇt*)
om landskap: som lett blir utsett for frost

frostmort (ein *fråsstmoṛṛţ*)
ein som er frostau

frostnabbe (ein *fråsstnabbe, -nabbiṇṇ*)
låsenabbe i kinnungar og langtømmer Jf. dømling

frostnavvar (ein *fråsstnavvar, -navvaṛṇ*)
1. husnavar, navar til å bore hol for frostnabbane. Når stakkalungane var med på sjøen, vart dei ofte frosne. Difor hadde dei med i båten ein husnavar og ein kubbe til å bora i for å halde seg ølen
2. overført om folk: "frostpinne"

frøkjen (adj *frøţiṇṇ, -ţa, -ţe, -kne* bf *frøk'n*) = om mat: kraftig, feit og søt, el. sterk på smak

frøyse (å *frɒ̂s, frɒse, frɒsst*)
forfryse: *haṇṇ frɒsst feṇṇraṇṇ*

fråslag (eit *fråṣlag, -ṣlaje*)
tap: *de vaṛṛţ nå eţţ stoṛţ fråṣlag fær dæmm at dreṇṇ'en skoţţ ga-tu miţţ e å'ṇṇ / ta æţţvabråtte kaṇṇ bţi eţţ stoṛţ fråṣlag fær gar'a*

fugl sjå: **fåggel**

fuke (ei *fû̂k, fukå*) = føyke

fukjen (adj *fuţiṇṇ, -ţa, -ţe, -kne* bf *fuk'n*)
skjemt, mugna: *de lokkta fuţe tå kåṇṇa / dæmm levve på fuţe maṛṛkahɒy å kaţţvatt'n / de e så fukn-lokkta frene*

fukne (å *fuk'n, fukna*)
mugne, skjemmast under lagring:
kåṇṇ'e fukna e beṇṇå Jf. fukjen

fuknlukt (ei *fukn-lokkt, -lokkta*)
lukt av skjemt høy e.l.

fullauva (adj *foţţ-lɒva*)
med fullt utvakse lauv: *skoj'en va 'ţe foţţ-lɒva fɒr e jønns'økku-ti'n*

fullbreie (ei *foţţbræ̂i, -bræiå*)
rikeleg med gras å breie (jambreie meir bruka)

fullflødd (adj *foḷḷfłødd*)
om sjøen: når floda er på det høgaste Jf. stafjørru, sjøsprang
fullfølgje seg (*foḷḷfɒṭ-ṣe, -fɒṭ, -fɒṭṭ*)
gjera si plikt til det ytste, vera på høgda i alt: *d'e iḳḳe så lett å koṇṇa foḷḷfɒṭ-se me aḷḷt / dæmm he nå rætt bruka foḷḷfɒṭ-ṣe me jɒṭṭp'en*
fullgale (adj/adv *foḷḷgæṭṭe*)
retteleg gale
fullhavt (adj *foḷḷ'hɒfft*)
fullboren (om kalv, lam og andre ungar ved fødsel)
fullhaua (adj *foḷḷhɒua*)
fullhuga, retteleg lyst på
fullmata (adj *foḷḷmata*)
om korn: utvakse (føre modning) Jf. gjord II
fullsøvt (adj *foḷḷsɒft*)
utsoven, utkvilt: *e ḳeṇṇe me aḷḷder foḷḷsɒft når e vakkna*
fulltulle (adj/adv *foḷḷtoḷḷe*)
fullstendig tullete
fult (adv *fuṭṭ*)
– uttrykk: det er fult…= det er venteleg…"De e vel fult at 'n Stor-Endre Holta bortpå Eia leivt ikkje så mykkjy på ein slik ein så han Jo Reita" (HH: Streiftog i bygda s.68)
furu sjå: **førru**
furte sjå: **forte**
fusse (ein *fusse, fussiṇṇ*)
ulikeleg el. ureinsleg person
fusslukt (ei *fusslokkt*)
lukt av noko ureinsleg el. uvaska klede
fustasi (ein *fusstasi, -stasi'n*)
tynne, tank, fat
fykje (ei *fyḳe, fyḳå*) = føyke
Uttrykk: dra fykje= dra kjensel (når ein kjem så nær at ein ser kven det er
fyle (å *fŷṭ, fyłe, fyłt*)
skjemmast, vera fylen
fylen (adj *fyłiṇṇ, fyła, fyłe, fyłṇe,* bf *fyłʼṇ*)
skamfull (t.d. ein fylen hund som har fått skjenn og stikk rova mellom bakføtene) (Det er synleg på augelag, ansiktsuttrykk og kroppsspråk at vedkommande ikkje likar seg, men dreg seg unna) Jf. fynen
fyllau (adj *fyḷḷɒu, fyḷḷåkt*)
magefull av mat, helst om dyr på beite, også velfødd: *ḳy'n błi fyḷḷɒu på å'n / så fyḷḷåkt nɒt skoḷḷ du aḷḷ'der ṣå*
fyne (å *fŷn, fyne, fynṭ*)
dss fyle: *haṇṇ fynt se hæm'att me rommpåṇṇ myḷḷå fotå*
fynen (adj *fyniṇṇ, fyna, fyne, fyne* bf *fy'n*)
synleg skamfull Jf. fylen
fynne (ei *fŷṇṇ, fyṇṇå*)
forne, fjorsgammalt visna gras: *e to å svełṭ-ṭå fyṇṇå ni bakkå*
fyrhoven (adj *fyr'håven*)
fyrabend, på overtid (tysk)
fyrau (adj *fyrɒu, fyråkt*)
storvaksen, før (NB! ikkje *fyrig* som i skriftspråket) Jf. røslen
fysande (adj pres part *fysaṇn*)
attråverdig (oftast med nekting): *haṇṇ e iḳḳe fysaṇṇ å eṇṇda miṇṇ'er hysaṇṇ* Jf. fyse
fyse (å *fŷs, fyse, fyst*)
ha lyst på, trå etter, tola (oftast med nekting: fyser ikkje = toler ikkje, heler ikkje)

"Det va kje mang så ha mo å fys 'n"
(HH: Famntak, Vårsøg s.195)

fysen (adj *fysiṇṇ, -sa, -se, -sne* bf *-fys'n*) = kresen, som toler lite (oftast med nekting): *ho e 'ʒe fysa* = ho er ikkje kresa

fysn, uti fysnå (hokj flt akkusativ: *uti fysniṇṇ,* dativ: *uti fysnå*) landskap utmed kysten: *dæmm heḷḷ-te æn stan uti fysnå / vi ska æn tur uti fysniṇṇ* (Det gamle bynamnet Fosna = Kristiansund)

fæle sjå: **fele**

fær- sjå: **for-, før-**

fætt sjå: **føtt**

fætta (ein *fætta, fættaṇṇ, fættå*)
1. fete, lågt (ofte vått) landskap (nedmed elva): *vi he åk'er ni Fættå*
2. fete, isteg på ski

fætta seg (å *fætta se, fætta*) om folk og hest: vera fløt til å gå, snar og god til å finne fotfeste: *na hæsst'n e go te ga e ståppå, haṇṇ fætta se gått* Jf. fote seg

fættå sjå: **stråkkå fættå**

følgjen (adj *fvḷḷjiṇṇ, -ja, -je, -jene* bf *-jen*) kleimen, som følgjer med sko og klede (om snø og sand, om klegg og anna avåt): *haṇṇ e så fvḷḷjiṇṇ, ne nysṇø'n / ne lær-jora e så fvḷḷja på skånn'å*

fønster (eit *fønnst'er, fønnst're*) tåpeleg kvinnfolk, ei som vekkjer oppsikt Jf. sprøn

fønad (ein *føna, føna'n*) så mange dyr som ein før på garden

før I (adv *fvr*) før, tidlegare: *vi he jorṛṭ de ṣlik aḷḷvæg fvr* Sms. førdagen, førkvelden, førhausten, føråret, førveka = før i går, før i fjor osb. – i før lag = i god tid, mesta for tidleg: *vi komm-framm e fvr lag*

før II (prep/konj *fvr*) før, før enn: *e ʒæmm-ikkje fvr e he jorṛṭ-frå-me arrbeie / kaṇṇ du 'ʒe kåmma fvr e mårrgå?*

før III (eit *før*)
1. føre (sledeføre, snøføre osb.)
2. lag, humør, sinnsstemning: *de spvṛṣṭ ka før haṇṇ e ti / no e 'n på go-føra / ho e på føra* = i godlag

før IV (adj *før*)
1. lubben, tjukk, kraftig Jf. fyrau
2. i sms. t.d. staurfør, sperrfør = dugande til

førdagen (*fvṛḍa'n*) = dagen før i går

føre I (adj komparativ *fv̂r*) førre, forrige: *vi komm-att fv̂r månndag*

føre II (prep *færre* akkusativ/dativ) før, føre: *færre meddag / færre juṭ / ho komm hit færre hånnå*

føre III (å *fv̂r, føre, føṛṭ*) særskilt:
1. gravleggje: *haṇṇ gammeṭ-Oṭa va føṛṭ e dag*
2. sette kornband på staur: *e he føṛṭ-opp aḷḷṭ så va skårre*
3. om kjøpmann: ha vare til sals

føre IV (ei *fv̂r, førå*) om "reisegods": føring (oftast flt *førå*): *ho komm me fḷæra førå fvr 'å fekk-hæm aḷḷ tøṭåṇṇ sin* Jf. føring

førebarn (eit *færreban*) barn som ei kvinne har før ho gifter seg Jf. frammedunge

førefarande (adj *færrefarraŋŋ*)
førebudd
– vera førefarande = å gjera unna arbeidet i god tid, å ha meir på lager enn ein treng for dagen: *deŋŋ så e færrefarraŋŋ, bḷi 'ǩe så snaṛṭ opprådd*

føreslakt (eit *færreṣlakkt*)
dyr som blir slakta til eige bruk før slaktetida om hausten: *joṛṛṭ-ǩøtte e måtsamt te færreṣlakkt*

føreåbit (ein *færre-åbit* sjå åbit)
første måltidet om morgonen

førføtt (eit *fɒrfɒtt*)
tådelen av ein lest (utan hæl og skaft)

føring (ein *føreŋŋ, føriŋŋen*)
last, bagasje: *vi ǩæmm åss væḷ framm, vi he 'ǩe tøŋŋ'er føreŋŋaŋŋ*

førkje (ei *fø̤ṛṛǩe, fø̤ṛṛǩå*)
(ung) jente (litt nedsettande)

førkunn (adj *fø̤ṛṛkuŋŋ*)
forkunn, attraktiv (særleg om mat): *de bḷi fø̤ṛṛkuŋŋt me juḷmat no*
– førkunnmat = spesielt god mat

førlagt (adj *føṛḷakkt*)
om kroppsbygnad: kraftig Jf. fyrau

førløyse (ei *føṛḷɒ̂ṣ, føṛḷɒså*)
mangel på høveleg føre

førru (ei *førru, førru, førruŋŋ; førruå*) = furu Jf. tolle

førrulus (ei *førrulus*)
fuglekonge

førruskjor (ei *førruṣǩor*)
nøtteskrike Jf. skogskjor

før-seng (ei *føṛ-ṣæŋŋ, -seŋŋa, -seŋŋen; -sæŋŋer*)
delt seng som kan dragast ut til ønskjeleg breidd Jf. skuvseng

førspenn (eit *fɒṛṣpeŋŋ*)
to hestar spent etter kvarandre i eitt skjekkel (el. to traktorar) Jf. tvibeit

først, med all som f. (*me aḷḷ så føsst*)
med det aller første, snart: *du ska væḷ farra e-jænn' me aḷḷ så føsst?*

først på kast (*føsst på kasst*)
førstundes, i byrjinga: *føsst på kasst såg de ut fær å ga gått / de e iǩǩe akktaŋŋ ṣlik føsst på kasst*

førti (tal *føṛṛṭi (ferreti)*) = 40

føte seg (å *fɒ̂t se, fɒte, fɒtt*)
dss fætta seg

føtfar (eit *fɒt-far*)
fotefar: *æn må varra laŋŋt kḷåvviŋŋ, ska æn ta fɒt-fara hass Oḷa Meṭ'a e jup-ṣŋøa*

føtt (eit *fɒtt, fɒtt'e (fætt)*)
steg: *e tøkkt iǩǩe e fekk fɒtt'e framm / de va laŋŋt myḷḷå fɒttå* Jf. stråkkå fættå = strake vegen, beinast

føttull (ein *føttuḷḷ*)
fothylle, fotlekkje på hest
Sms. føttull-lås Jf. hylle

føyke (ei *fɒ̂k, fɒkå*)
ri, anfall, flage: *haŋŋ fekk æi tå se fɒkå sin / de he fḷåjje på 'n æi ryjjefɒ̂k* Jf. flauge, fuke

Gjensidige Surnadal

Den så e færrefarand og tenkje fær all' endann, he ei sup' meir hell 'n it og ei brok meir hell 'n slit.

føykjen (adj *fɒʒiŋŋ, fɒʒa, fɒʒe, fɒkne* bf *fɒk'n*)
føyken, som fyk lett: *haŋŋ e så fin å fɒʒiŋŋ, ne væg-sa'ŋŋ, e tɒr-vera / de e fɒʒe å farra me, te låv-ruṣṣʒe* Også: lettføykjen kar = ein som er snøgg og lett i rørslene

føyr (eit *fɒr*)
finkorna smått rusk: *de ha smulḷdrast opp, så de va bærre smått fɒr / de rɒss fɒr tu vejje-sprekkå / ta ṣnø-fɒre så komm e natt, bḷi 'ʒe lijjaŋŋ leŋŋe / de komm eṭṭ ṣnøfɒr såpp'ass de vaṛṛt ṣnøfør*

føyrast (å *fɒrast, fɒrest, fɒrṭest*)
smuldrast, pulveriserast

få I (å *få, får (fe), fekk, fått*)
– få nokon på trua = få nokon til å interessere seg for: *vi fekk 'n på trua te ga skuḷe*
– få rett på (med dativ) = komma til rettes med, få tala fornuft i: *e fekk iʒʒe nåŋŋ rætt på 'nå*
– få seg ti = få seg kjærast
– få ti = skaffe seg, kjøpe: *he du fått-ti mjøk åt hæṭṭj'en?*

få II (å *få, får, fådd*)
bløyte og røyte lin Jf. fåtjønn

få III (pron *få, fåar, fåast*)
få (ikkje mange): *fåe karra, fåa drek'er*

fåggel (ein *fågg'eḷ, fågg'eḷṇ, fågg'ḷa, fåggḷa*) = fugl
Uttrykk: Fuglen som følgjer gauken *(fågg'eḷṇ så fɒṭṭje gɒʒ'a)*= ein som diltar etter

fåggelfrø (eit *fåggeḷfrø*)
harerug (plantenamn)

fåggelspel (eit *fåggeḷspæll*)
fuglekvitter, fuglesong

fåkk, fålk sjå: **fokk, folk**

fåment (fåmanna) (adv *fåmeŋŋt (fåmaŋŋa)*) = med lite folk (mots. fjølgt) Jf. folkøydt

fåne I (ein *fåne, fåniŋŋ*)
tufs, tosk Jf. hånstaur

fåne II (å *fa̐n, fåna*)
bleikne, gråne, misse farge

fånen (adj *fåniŋŋ, fåna, fåne, fåne* bf *få'n*)
dum, ukonsentrert Jf. hånen

fårløen (adj *fåṛḷøiŋŋ* sjå løen)
om sau som ikkje er klipt på eit år: med mykje ull på

fårløenfell (ein *fåṛḷø'n-feḷḷ*)
skinnfell med uvanleg lang ull

fårr sjå: **forr**

fåtjønn (ei *fåʒønŋ, fåʒønŋa*)
dam der ein bløyter og røyter lin (stadnamn) Jf. få II

fåtjønntråvar (ein *fåʒønŋtråvar*)
vasskongle, tege, vassløpar
– Bruka som skjellsord: *diŋŋ fåʒønŋtråvar!*

fåtyn (eit *fåtyn*)
ufordrageleg persom, uhendt og uvøre kvinnfolk: *ho ɒylægg aḷḷṭ, ta fåtyne!*

G

(j-lyd – sjå gj, gi, gei, gy, gøy)

ga (å *ga, går, jikk, gått* pres part *ʒæmm gaŋŋaŋŋ*)
– ga atti = gå i lag med dei andre (helst om kårfolk som har felles hushald med sjølvefolket

– ga attpå-att = ta attende el. fråvike tidlegare avtale
– ga byt på med = skiftast på, ta kvar sin tørn
– ”ga bøverdaling” = i skjemt om parfolk: gå etter kvarandre på vegen
– ga etter = gå utkledd på bryllaup utan å vera beden (og få traktering –gammal skikk, gjævt å ikkje bli attkjent)
– ga forbi (uttrykk: *de går e færbi'!*) = ja, det skal vera visst!
– ga-føre = gå til, omkommast: *haŋŋ ha lakkt-se-te å ga-færre e fjeḷḷa*
– ga-i-hop = 1. minke, krympe (om klede, snø, kroppsvekt e.l.) 2. semjast (t.d. i prisforhandlingar 3. slå seg saman, drive samdrift
– ga-klar = 1. ta slutt 2. bli sliten
– ga-med = bli oppbruka
– ga om ende *(eŋŋå)* = gå over ende
– ga opp byt = foreta grensegang
– ga-på = 1. gå føre seg: *de e ǩe åfftar de går-på* 2. krevje: *e kvie me fær å ga-på 'n omm de*
– ga på…1. *ga på skuḷiŋŋ* = gå *til* skulen 2. *ga på skuḷå* = vera elev på skulen 3. *ga på skuḷe e by'n* = gå på skule (generelt)
– ga rundt = gå to døgn utan søvn
– ga-seg-på = slumpe til å møte
– ga-seg-te = ordne seg, friskne til, bli forlikte, bli tilpassa: *vi får hâp de viḷḷ ga-se-te me ti'n*
– ga seg ut med = komma vel ifrå: *snyte å bedre', de jær 'n – miŋŋ går ṣe ut medd'i!*
– ga-te = 1. gå til, misse livet: *de jikk-te to kaḷṭva her e sommar* 2. gå for seg: *kåll'es jikk-de-te da du ohapa de?*
– ga-tu = gå ut or arbeid, bli arbeidsufør: *ho vaṛṛṭ kḷæn å jikk-tu*
– ga tå fotå = dette i koll
– ga-und *(oŋŋ)* = søkke
– ga utpå = gå på friarferd
– ga-åt = 1. dette, stupe 2. bli liggjande klein eller arbeidsudyktig
– ga åt presta = gå for presten (til konfirmantførebuing)
– ga-åv-seg = gå av seg, gå vel (utan uhell): *de e raṛṭ de går-åv-se me sa ǩøriŋŋen hass*

gabbe (å *gâbb, gabba*)
ryke, dampe: *haŋŋ satt iŋŋi stuåŋŋ å gabba å rɒkt*
”..men han Ola syg på brått så røyken gabbar under hengjebarten” (Østbø: Kvardags kvede s.36)

gadd (ein *gaḍḍ, gaḍḍ'n*)
inntørka kvaetrekt furu
Jf. førru, tolle, garre

gadde seg (å *gâḍḍ, gaḍḍa*)
tørke inn, bli til gadd (overført om folk: eldast): *sa tåḷḷåŋŋ koŋŋ ha vårre håggʼn, dæmm står bærre å gaḍḍa se*

gaffe (ein *gaffe, gaffiŋŋ*)
uvettig og vrangvillig person: *ha de tu væj'a, diŋŋ gaffe!*

galderhard (adj *gaḷḷderhar (gaḷḷdraŋŋde har)*)
gnallhard, steinhard: *de he spækt e-hop' så myraŋŋ e gaḷḷderhar*
Jf. gnalderhard

gale, sette seg gale i (*gæṭṭe ti*)
om sår: bli betent Jf. iltolte

galen (adj *gæłłiṇṇ, gæłła, gæłłe, gæłṇe* bf *gæłˈṇ*) = sint

galenskap (ein *gæłṇskap*)
feil, uforstand: *att dæmm for e-væg' matlɒs, de va de så gæłṇskapen va*

gallure (ein *gallure, galluriṇṇ*)
slu, lur og lite sympatisk fyr
Også: komisk person

galningsheit (ei *gæłṇeŋŋshæt*)
sinne, sinnetokt:
haṇṇ gret tå gæłṇeŋŋshæt

Gamlen (namn *gammłiṇṇ*)
Gammel-Erik

gammelkar = eldstemann i huslyden

gammelkjelle (sjå kjelle)
eldste kvinnfolket i huslyden

gammelklede (flt *gammełkłe*)
arbeidsklede

gammelost, dra ver tå gammelosta
lukte lunta, ane kvar det ber: *haṇṇ tok-te å dra ver tå gammełossta*
(LH: Raud brystduk s.105)

gammelpeng
pengar ”på kistebotnen”, arva kapital

gampe seg (å *gâmmp, gammpa*)
eldast Jf. skarra på horna, gadde seg

gane (å *gân, gana*)
sløye småfisk berre med å klipe åt attafor toknene og rive ut Jf. gjønne

gang sjå: **gong**

gangarfør (eit *gaŋŋarfør*)
føre til å gå i

gangarkjerring (ei *gaŋŋarkærreŋŋ*)
1. ei som oppvartar i gjestebod
Jf. klavakjerring
2. ei som ”går fram” i gardane (ubeden)

gap (ein *gap, gapˈen*)
tosk, dumming Jf. hånstaur, fåne

gapa om (å *gapa omm, gapa*)
gapa kjaken or led

gapferd (ei *gapfer, -fera*)
toskete åtferd

gap-olen (adj *gap-åłłiṇṇ* sjå ala)
mangelfullt oppseda, så ein blir ein gap Jf. farkala

gapstire (å *gapstîr, -stire, -stiṛṭ*)
stire medan ein gapar
Jf. kope, bine

gapstrek (eit *gapstrækk, -streḳḳe*)
uvettig åtferd(helst for å terge)
Jf. gapferd

gaptal (eit *gaptaṭ*)
tullsnakk, fleip Jf. flås

garabøgg (subst ubøygt *gar(r)abøgg*)
full fres, ein skikkeleg omgang juling, kraft og fart (f.eks. i slagsmål, eller om å gi full gass og kjøre uvøre på motorsykkel e.l.)
Når ein innflyttar prøva seg på utpågonge, kunne det hende at gutane i bygda møtte fram for å ”gi ’nå garabøgg”
Uvisst opphav, kanskje gard- som førestaving slik som i fiskjasbøgg, ørabyggje, åvvåbøgg, nedåbyggje?
På Setergarden fanst det før og etter krigen ein ungkarsklubb som kalla seg ”Garabøgg” (Driva 27.12.2000) (Sjå LH: Raud brystduk s.9)

gard (ein *gar, gaṛˈṇ*)
1. gard, bondegard
– her å gard = her på garden: *de e ’ḳe veṛṭ du vise-de åfftar her-å-gar! / dæmm e vełbɒṛṛṭ der-å-gar*
2. gardstun: *hæsstˈn går lɒṣ frammi garˈa / ho jekk evve gaṛˈṇ*

3. fangstinnretning, f.eks. laksestengsel i elva (teingard, haustgard)

garde (ein *gare, gariṇṇ*)

1. dyrebinge: grisgarde, saugarde, kalvgarde Jf. storsaugarde
2. ring (f.eks. garde rundt månen, garde rundt augene) (OJH)
Jf. snørrugarde/snørrugard

gardfara (å *garfarra*)

fara gardtales:
e he garfårre me se lesst'n

gardstun (eit *gaṛṣ'ton*) = tun

Jf. gard

gardstødd (adj *gaṛṣtødd* sjå stødd)

heimkjent, tilhørande på garden:
haṇṇ ḳeṇṇe se vesst lekkså gaṛṣtødd der no (om trufaste tenestfolk, også om husdyr som har knytt seg til garden slik at dei ikkje fer derifrå)

gardtales (adv *gaṛ-ṭaḷes*)

gardemellom, frå gard til gard

gardtøå (ei *gaṛ-ṭøå, -tøå*)

tunrapp (kanskje også andre grasartar som veks i gardstunet)
Jf. tøen

gardvånd (eit *gar-vånṇ,-vånṇe*)

materiale til risutgard (som etter gammal skikk kan takast frå kva for ei side av bytet det høver best)

garndråg (ei *gandråg* sjå dråg)

stativ med snelle til å dra garnet opp i båten

garrabøgg sjå: **garabøgg**

garre (ein *garre, garriṇṇ*)

opptørka tolle, gadd, tørrkvist

gastelere (å *gasstelêr, -lera, -leṛṭ*)

halde gjestebod

gastgivar (ein *gasst-jivar, -jivaṛṇ*)

gjestgjevar

gau (adj *gɒu, gøṭṭ, gɒue* bf *gɒ̂u*)

gauv, generelt positiv (triveleg, høveleg, likeleg osb. – både om personar og ting) (truleg eit av dei mest bruka orda i surndalsmålet.):
ho e ṣlik æi gɒu dråk /
de e maṇṇt gøṭṭ å varra me på /
de e foḷḷt tå gɒua drek'er å gɒue karra e Suṛṇ'daṭa

gauder (ein *gɒud'er (gɒd'er), gɒud'eṛṇ, gɒud'era*)

spelloppmakar, ein som er full av påfunn og streker
Jf. sole, juppe, sotar, blåsar

gaufn (ei *gɒfn, gɒfn'a*)

1. nevemål, handfull, så mykje (mjøl e.l.) som rømmest i ein neve (eller begge)
2. gaupn, handlove med krøkte fingrar, ei hand (eller begge) forma til skål

gauk (ein *gɒk, gɒḳ'en, gɒḳ'a, gɒka*)

1. gauk (fugl)
Uttrykk: fåggeln så følgjer gaukja
2. øvste laftestokk i røstet, kråke (Seterbok for Todalen s.31)

gaule (å *gɒ̂ṭ, gɒṭa*)

gaule, rope (om folk og dyr)
Jf. døragaul

gaus (ein *gɒs, gɒs'n*)

gøys, sprut, støvsky: *dommå sto så æn gɒs da e dro frå spjeḷḷ'e*

gausdaling (ein *gɒsdaḷeṇṇ*)

nedsettande ord om ein som er frampå Jf. blåsar, gauder, sole

gause (å *gɒ̂s, gɒse, gɒst*)

strøyme fram, stå i ein sprut, flyge på: *haṇṇ spyḍḍ så de gɒst tu 'nå / da gɒst dæmm på 'n, aḷḷ e-hop'*
Jf. gyse

gave sjå: **gåve**

gavlbåt (ein *gavveṭbåt*)
båt med tverr bakende
gavle (ein *gavvṭe, gavvṭiṇṇ, gavvṭå*)
skiljevegg Jf. renngavle, gjemling
gavvel (ein *gavv'eṭ, gavv'eṭṇ, gavv'ṭa; gavvṭa*) = gavle
geile (ein *jæle, jæliṇṇ*)
jordstykke med gjerde rundt, kve, hamnehage Sms. kalvgeile (Mange stadnamn: Ranesgeilan, Geilhaugen)
geilkalv (ein *jælkaṭṭv, -kaṭṭven*)
overført: person som ein har gått for presten i lag med, jamaldring: *vi jikk åt præssta sommå år'e, så ho e jælkaṭṭven miṇṇ / vi to e jælkaṭṭva* Jf. kalvgeile
gein (ei *jæn, jæn'a*)
dobbelt tau mellom fiskenot og landtau (arm) (Geinene går til bottenskor og kavvelteine)
geip (ein *jæp, jæp'en*)
gråt, gråting: *de bar e jæp'en me oṇṇå / ho to-åt jæp'a*
geipe I (ei *jæ̂p, jæpå*)
grimase: *de e så maṇṇ'ṣlakks rara jæpå på 'nå / haṇṇ skar jæpå attafær ryjj'a derras*
geipe II (å *jæ̂p, jæpa*)
gråte, strigråte: *na dråk-oṇṇiṇṇ går å jæpa så de e iḷḷt å hø̂r*
geiping (ei *jæpeṇṇ, jæpiṇṇa*)
gråting: *ṣluṭṭ me sa jæpiṇṇen no!*
geit (ei *jæt, jæt'a*)
særskilt:
1. ytste vedlaget på furustammen, lausved (motsett al II)
2. støtting Jf. tømmergeit
geitaklauv (ei *jæta-kṭɒv, -kṭɒv'a*)
bukkeblad (myrplante)
geitakne (eit *jæta-kne* sjå kne)
oppskraping el. lort på knea (særleg om ungar som går på kne og leikar)
geitbåt (ein *jætbåt*)
tradisjonell klinkbygd nordmørsbåt med kort djup kjøl, langt lodd og høg, krum stamn, kraftige økserøya og kuvne (konkave) halsar, og breie bord (avsmalnande attover), rigga med snedsegl (uvisst opphav til geitbåt-namnet: kanskje eit utnamn, eller kanskje fordi han kliv sjøen som ei geit?)
geiten (adj *jætiṇṇ*)
om båt: høg frampå
geitsleipe (ei *jætṣlæ̂p, -ṣlæpå*)
snigel Jf. svartsleipe
gesell, gessill sjå: **gjessil**
gi (å *ji, ji, ga, jevve* pres part *jevvaṇṇs*)
– gi frå seg = avhende eigedom
– gi imellom = betale mellomlag
– gi munnen sin sukker = tvinge seg sjølv til å teie: *e ga moṇṇ'a min sokk'er*
– gi ned = gi frå seg mjølka (om kyr)
– gi på = drive på, vera i ferd med: *dæmm he jevve-på me ṣlått-å'ṇṇ ni ɒyå / de ji-på laggast me iḷḷskåṇṇ*– gi seg attåt / frampå / i veg / heim-att / på heimtur / innfor (=inn)
– gi seg te = 1. bli verande 2. gå i gang med
– gi seg tu = slå ifrå seg, ha frå seg ansvaret: *vi får bærre ji-åss tu di*
– gi åv = sine, bli tørr: *di ḳy'n så e åv'jevv'n, he vi iṇṇi daṭ'a*

– ikkje gi to for eitt = vera lite raus (med betaling el. anna), vera passau
Jf. halde ti enden sin

giggel-, gigle sjå: **gjeggel-, gjegle**

gil (ein *jil, jilˈn, jilˈa*)
så (stor stamp) til bruk under ølbrygging (eigl. øl til gjæring)

gild (adj *jiḷḷ*)
vera gild tå = vera stolt av, vera glad over: *ho e så jiḷḷ tå bånnnebånnå sin*

gil-så (ein *jil-så*)
gjærkar til ølbrygging, dss gil

gimle sjå: **gjemle**

gisne, gissen, gjesse sjå: **gjesse(n)**

gje sjå: **gi**

gjeggel I (eit *jeggˈeṭ, jeggˈṭe*)
gjegling Jf. bårgjeggel

gjeggel II (å *jeggˈeṭ, jeggṭa*)
gjegle, gigle, stille opp el. stå ustøtt: *vi jeggṭa-opp na neˈvåḷḷtˈn heṣṣå/ grinnˈa henne å jeggṭa på di æ̂n gånnjaṛna*

gjeggeldisk (ein *jeggeṭdissk, -disṣṣḳen*) = ustødig byggverk

gjeglen (adj *jeggṭinn, -ṭa, -ṭe, -ṭene* bf *-ṭen*) = giglen, laust oppsett, ustø

gjemling (ein *jemmṭenn, -ṭinnen*)
gimling, skiljevegg Jf. gavle

gjemmel (å *jemmˈeṭ, jemmṭa*)
gimle, sette skiljevegg Jf. gjevvel

gjengel I (ei *jænnˈeṭ, jænnṭå*)
stylte Jf. stylter, tilter, stekkel

gjengel II (å *jænnˈeṭ, jænnṭa*)
gjengle, gå ustødig, sjangle

gjengellegg (ein *jænneṭ-lægg*)
ustø fot (fordi ein er utsliten)

gjengle (adv *jænnṭe*)
gjengleg, lett framkommeleg (i veglaust terreng): *de e jænnṭe å lett frammkåmmele oppi der / de e jænnṭenar lænnˈer ni liˈn*

gjenn (eit *jenn*)
gorn, fiskeslo (tarmar og tokner): *vi kassta jennˈe på sˈyn åt måså*

gjeppe sjå: **jeppe**

gjera (å *jærra, jær, jor, joṛṛṭ*)
– gjera augo sine gjestbød = bli forundra, vera nyfiken
– gjera grein = gjera greie for seg, forklara seg greitt: *ho jor go græn*
– gjera heit/heitt = verme opp: *he du joṛṛṭ hæt kaṭ-driḳḳen? / e he joṛṛṭ heṭṭ te supa-skvakkṭe åt de*–
gjera huskast = laga huskestue
– gjera ikring = sende rundt frå mann til mann
”Under måltidet gjorde kjellarmannen ikring ein ølbolle” (LH: Todalen, bygdebok s.164)–
gjera i veg = sette i gang: *hann jor-e-væg temmere utfær lɒfftˈa*
– gjera leppe *(lêpp)* = syne vanvørdnad (geipe)
– gjera med = gi juling: *e ska væṭ sså å jærra me de!*– gjera mjøl = gjera veg i vellinga, gjera reint bord, verke som forventa: *hann jor mjøṭ da ’n komm-hæm å fekk sså kålles dæmm ha fårre-åt*
– gjera opp-att etter = gjera noko like bra, måle seg med: *du kann prôv å jærra-opp-att ette ’nå!*
– gjera opp-att t.d. handelen = sette ut av kraft, avlyse
– gjera-pund = reie opp: *du får jærra-ponn åt ’nå oppå stuålåffta*
– gjera seg = ha verknad t.d. når nokon set til veggs den som er karavoren: *de jæṛˈ-sse me litt søvvˈeṭ på grɒtˈn*

– gjera seg til = skapa seg til, vera kry: *ta e ʼkje nå å järra-se-te tå*

– gjera seg ut = skite i buksa (Men: Det er utgjort = det er slik at alt mislykkast

– gjera si hand fri = gjera si plikt, ta sin tørn: *no he du joṛṛṭ di haṇṇ fri fær laṇṇa tie*

– gjera ti = sette barn på : *haṇṇ joṛ-ṭi dråka oppå setʹeṛṇ*

– gjera (mykje/lite) tu = få til resultat av noko: *de va eṭṭ iṇṇtresaṇṇt teʹma ho ha-fæṛ-ṣe på møta, mænn ho jor lite tuʹ-di*

– gjera tå seg = 1. gjera av seg, finne seg ein plass 2. ha stor verknad (m.o.t. syn, lyd, smak), ruve (om folk): *kråppʹen ruft ikke akkorat, mænn haṇṇ jor mykky tåʹ-se læll*

– gjera åt = øydelegge, ta knekken, bruke opp: *vi jor-åt grɒtʹa*

– gjera åt seg = ta livet sitt (sjølvmord el. ulykke)

– gjera åv = avgjera: *dæmm jor-åv haṇṇʹeln tværṛṛṭ*

– gjerast på = gjera skade med vilje, overdrive, provosere

gjeralaus (adj *järralɒs*)

uoppteken, som ikkje driv med noko. Jf. dangtalaus

gjeralausing (ein *järralɒseŋŋ*)

ein som ikkje arbeider

gjeraløyse (ei *järralɒ̂s, -lɒså*)

lediggang: *haṇṇ går nå å ṣlɒŋŋ e järralɒsåṇṇ / de bḷi da ʼkje anna heḷḷ latmarṛk tå se järralɒsåṇṇ*

”Dei tørkar ikkje bort i gjeraløyse.” (HH: Ei haustferd, s.113)

gjerandes (adj *järraṇṇes* pres part)

– kvar gjerandes dag = kvar einaste dag

– *ta e ikkje järraṇṇes* = dette er ikkje råd å få-til

gjerast (*jerast*) sjå: **gjerdast**

gjerast på (å *järrast-på, jæṛṣṭ, joṛṣṭ, joṛṛṭest*)

gjera med vilje, gjera på formon, provosere, gjera skade: *haṇṇ joṛṣṭ-på fær å få-te ofærlikeŋŋ*

gjerau (adj *järrɒu, järråkt*)

trottig, arbeidsam: *dråkoŋŋaṇṇ va mær järɒu heḷḷ gutoŋŋaṇṇ*

Jf. annau, hjartau, tyau

gjeravill (ubøygt *järra-viḷḷ*)

1. i store mengder, umåteleg: *bḷåber e de me järraviḷḷ iṇṇi liå her / pæ̂ŋŋ he ʼn vesst så ṣu järraviḷḷ*

– Overdriving: ”Som sju gjeravill og halvtanna overlag!”

2. nære på

3. berre så gj. = berre så som så

gjerd I (ei *jer, jerʹa* mest i dativ flt ”i gjerdom” *(e jerå)*)

under arbeid: *na skåpʹen he e hafft e jerå på månas-vis / ho ha æn kole e jerå me syʹdamåṇṇ*

Sjeldan i eintal: *kåppʹen jekk-syṇṇ e jeṛʹn*

T. Sylte Bil

Di stakkallongann og dråkongann så fikk presthanda på se og vart bøttknappa og varsneise sommå året, bli geilkalva all sin dag, om dem så bynna å skarra på hånna.

gjerd II (eit *jer, jer'e*)
gjerde (NB! ikkje utgard), flatt jordstykke av innmark
gjerdast (å *jerast, jerest, jeṛṭest*)
modnast, bli gjord (om korn, bær, frukt)
gjerde (ei *jêr, jerå*)
om vind eller lune: ri, kast, nykk
Jf. vindgjerde
gjerdåt (adj *jeråt*)
om vind: lunete, kastete
gjernast (adv. superl *jeṛṇast*)
som oftast:
de viḷḷ nå jeṛṇast varra iŋŋkvaṛṭ
gjertrudfåggel (ein *jæṛṛṭrufåggeɫ*)
svartspett
gjesse (å *jêss, jessa*)
gisse, vakte på, lure på, passe på i løynd: *e går å jessa på se spuiŋŋ, så dæmm iḳḳe ska få boṛṛṭi åk'eṛṇ*
gjessen I (å *jess'n, jessna*)
gisne, bli gjessen II
gjessen II (adj *jessiŋŋ, jessa, jesse, jessne* bf *jess'n*)
gissen, utett pga. uttørking (om samansett treverk)
Jf. verbet gjessen I
gjessill (ein *jessiḷḷ [jesseḷḷ / gessiḷḷ], jessiḷḷn*)
gesell, tvilsam kar, lasaron, loffar
Jf. streppar
gjessvint (adj *jessviŋŋṭ*)
gesvint, snar, lettvint
gjestbød (eit *jæsstbø* sjå bød)
gjestebod
– gjera augo sine gjestbød = bli forundra og oppglødd, bli glåmøygd, vera nyfiken og følgje med
gjetartråd (ein *jetar-trå*)
tråd i elektrisk gjerde
gjetsle (ei *jêḷḷ, jeḷḷå*)
gjeting
gjetsleholk (ein *jeḷḷ-håṭṭk, -håṭṭḳ'en*)
overført tyding: liten gjetargut
”Nei, det var så visst ikkje noko kviand seg på å vera gjetlholk”
(HH: Brev frå barndommen, s.57)
gjetsleskreppe (ei *jeḷḷ-skræ̂pp, -skræppå*)
skreppe til å ha med i gjetsleskogen
gjev (adj *jev, jeft*)
gjæv, fin, omtykt, populær: *de va så jeft me spisse baṛṛṭa på karrå da / ho tøkkt væṭ de va jevar å tên me dåkkt'ra*
gjevle sjå: **gjevvel**
gjevmild (adj *jemmiḷḷ*)
som er raus med å gi gåver
gjevorning (ein *jevåṛṇeŋŋ, -iŋŋen*)
ein som skal inn til militærtenest (frå tysk: geworbener = verva soldat)
gjevst-åt (ubøygt verb *jæffst-åt*)
ha vondt av, kjenne ubehag ved, kvi seg for: *haŋŋ e så il, na svåḷḷ-feŋŋeṛṇ, at e jæffst-åt sommå ka så ḳæmm boṛṛṭi 'n /*
e jæffst-åt å færṭæṭ' dæmm kåll'es de e me 'nå faṛ ḍerras
gjevvel (å *jævv'eṭ, jævvṭa*)
gjevle, gimle, sette skiljevegg, sette opp gavle Jf. gjemmel
gjord I (ei *jor, jor'a*)
band (av tre, seinare også av jarn) til å halde saman tynner og andre stavkjørel Sms. bøttgjord
gjord II (adj *jor*)
moden (om frukt, korn o.l.)
Jf. gjerdast
gjæv sjå: **gjev**

gjøfjørru (ei *jø-fjørru [-fjurru]*)
gjøfjøre, ekstra stor fjøre (opphav i gammalt månadsnamn: gjømånaden = mars) Jf. stafjørru
gjøkte sjå **jøkte**
gjøle (å *jø̂ḷ, jøḷe, jøḷṭ*)
kjæle, høle, øle, smiske:
ho jøḷe me hoŋŋ'a
gjømme og halde att (*jø̂mm å haḷḷ-att*) = leike gjømsel
gjømmer (ei *jømm'er, jømmrå*)
gjømre, gimmer, årsgammal søye
Sms. gjømmerbekre, gjømmerlam
gjømslarom (eit *jømmṣlaromm*)
gjømmeplass
gjønen (adj *jøniŋŋ, jøna, jøne, jøne* bf *jø'n*)
forvirra, håtteslaus:
da de byŋŋt å briŋŋ, vaṛṛṭ 'n jøniŋŋ å spraŋŋ att å framm /
ho he våṛṛṭe så toŋŋhɒṛṛṭ å jøna
gjønhause (ein *jøn-hɒse* sjå hause)
ein som er gjønen (LH: Frå gamle Tovadal, s. 48) Jf. hånstaur
gjønne (å *jø̂nn, jønna*)
gane, sløye småfisk berre med å klipe åt attafor toknene og rive ut
Jf, gjenn
gjøntre (eit *jøn-tre*)
dss gjønhause (om kvinnfolk)
Jf. håntre
gjørde (å *jø̂r, jøre, jøṛṭ*)
1. gjurde, binde fast med reip, surre
2. sette gjord på eit trekjørel
gjøss (eit *jøss*)
søle, dy, blautmyr, sump:
de e bærre jøss-håṭa neafær væ'n
gjøte I (ei *jø̂t, jøtå*)
1. gjote, smal myrstrekning, grasvakse flatt jordstykke mellom haugar: *haŋŋ ḳɒr ette sa smal jøtåŋŋ / e komm neppå æi lita jø̂t*
Jf. myrgjøte
2. krubbe: *ṣå ette att hæsst'n he hɒy e jøtåŋŋ sin / lægg-på iŋŋkvaṛṛṭ så sɒuiŋŋ iḳḳe dre hɒy'e tu jøtåŋŋ sin*
Jf. etå
gjøte II (å *jø̂t, jøte, jøtt*)
halle for lite, ligge for flatt (om fiskereiskap)
glad på (adj *gḷa*)
glad for å få noko:
ho e gḷa på å bḷi hɒu'kåmma /
du e væṭ gḷa på ny brok?
gladkveppen (adj *gḷakvæppiŋŋ*)
kvikk og glad: *ho e så gḷakvæppa*
glaning (ei *gḷaneŋŋ, gḷaniŋŋa*)
ansikt, maske: *haŋŋ fekk æn ṣŋøbaḷḷ rætt e gḷaniŋŋa*
glant (ein *gḷaŋŋt, gḷaŋŋt'n*)
1. skjemt, fjas
2. skjemtegauk Jf. gauder
glante (å *gḷâŋŋt, gḷaŋŋta*)
skjemte, fjase
glare (å *gḷâr, glara*)
glore, skine i mange fargar (helst om sola som skin i eller gjennom skylaget når ho går ned)
”Da ser eg folket som trygt seg kvarar bak blide loftsglas der kveldsol glarar” (HH: Helsing til ungdomslandet, Vårsøg s.162)
glas (eit *gḷas*)
vindauge
Sms. glaskarm, glasrute, glasråme
glas-kavvel (ein *gḷas-kavveṭ* sjå kavvel)
glaskule som fløyt på fiskegarn
glas-skå (ei *gḷas-skå* sjå skå)
tynt islag oppå snøen etter solbreå
glaup sjå: **gløyp**

gleine (å *gɫæ̂n, gɫæne, gɫænt*)
skli: *de e ṣʒilḷḷe når ’ṇ gɫæne-se ti kaɫṣʒita* (kalvskit) Jf. glette

gleinen (adj *gɫæniṇṇ, -na, -ne, -ne*)
sleip, lett å skli: *de e ṣlæft å gɫæne oppi sa grasåt bakkå* Jf. gletten

glems sjå: **glims**

glette (å *gɫætt, gɫætt, gɫatt, gɫåtte*)
gli (brått, lite grann):
kniven gɫatt-tu haṇṇå min

gletten (adj *gɫættiṇṇ, -ta, -te, -tne* bf *gɫætt′n*)
glatt, som gjer at ein glett:
haṇṇ e så gɫættiṇṇ, ne nyṣṇø’n / dæmm e så gɫætt′n, se skånn′aṇṇ

glims (ein *gɫemms, gɫemms′n*)
ei kort stund med fullt solskin i elles skya ver: *soɫ′a ṣʒin heṭṭ e gɫemmså*
Jf. oppbløkt

glipe I (ei *gɫî̂p, gɫipå*)
sprekk: *bor-ve′n he jessna, så de e bræia gɫipå*

glipe II (å *gɫî̂p, gɫipe, gɫift*)
vera ope: *sår′e gɫipe iṇṇpå bæn′e / de gɫipe myḷḷå fjøɫå*

glir (ein *gɫir, gɫiṛ′ṇ*) = erting, ap
– gjera glir tå = drive ap med

glire (å *gɫî̂r, gɫire, gɫiṛt*)
knipe saman augene, myse

glirøygd (adj *gɫirɒggd*)
nærsynt, som glirer når ein skal sjå

glisfausk (ein *gɫisfɒssk*) = gløsfausk

globotten (ein *gɫobått’n, -bått’n, -båttna*)
varm oskehaug i botnen av bålplass: *de e heṭṭ eṇṇo ni gɫobåttna*

glohersk (adj *gɫohæṛṛṣk*)
svært huga på:
ho e så gɫohæṛṛṣk ette spiʒʒiʒøtt

glomørje (ei *gɫomɒrrje, -mɒrrjå*)
glohaug Jf. glostabbe

glostabbe (ein *gɫostabbe, -stabbiṇṇ*)
lita røys av halvbrende, gløde vedbitar i bål eller omn: *rå-ve’n briṇṇ vesst du fåṛ-ṭe gɫostabbe*

glugg, sitta for g. (*siṭṭa fær gɫugg*)
sitta på låven og gjesse på reven

glup (adj *gɫup*)
klok, flink, tenkt for seg Jf. tøk

gly (ein *gɫy, gɫy′n*)
kald vindtrekk: *de komm æn gɫy(r) så sveṭṭiṇṇ steṛṇa* Jf. glyr

glyen (adj *gɫyiṇṇ, gɫya, gɫye, gɫyne* bf *gɫy′n*)
geleaktig , som held på å gå i oppløysing: *na gamm′eɫ feṣṣʒ′en he vårṛṭe så gɫyiṇṇ*

glyne (å *gɫŷn, gɫyne, gɫynt*)
stire, glane Jf. glire

glyr (ein *gɫyr, gɫyṛ′ṇ*) = gly

gløgg (adj *gɫɒgg*) = intelligent, skarp

gløggheit (ei *gɫɒgghæt, -hæta*)
intelligens

glømme (å *gɫø̂mm, gɫømme, gɫømmt*)
– glømme-tå = glømme av:
du må-′ʒe gɫømm-tå å steṇṇe dɒr′a te nattaṇṇ / de vaṛṛṭ væɫ tå′-gɫømmt e hasstɒu-hæt’n
– glømme-tå-seg = glømme av seg i distraksjon

glømmen (adj *gɫømmiṇṇ, -ma, -me, gɫømmne* bf *gɫømm′n*) = gløymsam

gløs (ein *gḷøs, gḷøs'n*)
1. ljoske, veikt lys: *de letta så e såg æn lettiŋŋ gḷøs tå månå*
Jf. ljøskje
2. iver, oppgløding
– sette ein gløs i = sette fart i, gjera oppglødd: *e ska sætt æn gḷøs ti 'n!*

gløse (å *gḷôs, gḷøse, gḷøst*)
lyse veikt

gløsfausk (ein *gḷøsfɒssk, -fɒsṣʒ'en*)
morken ved som lyser veikt i mørker (kjem av fosfor-essens frå myceliet på honningsopp) Jf. glisfausk

gløyp (eit *gḷɒp*)
gap, fjellsprekk, avstand, opphald
– om tid:= pause; om ver: = elrå

gløype (å *gḷôp, gḷɒpe, gḷɒft*) = sluke

glåme (å *gḷâm, gḷåme, gḷåmt*)
glane, stire

glåmøygd (adj *gḷåmɒggd*)
forundra, paff, storøygd

glår (ein *gḷår, gḷåṛ'ṇ*)
1. sterk svolt, matlyst: *de e nåkkålit te gḷår på sa griså* Jf. feigdaglår
2. ein som er glåren, ein som karar åt seg sjølv

glåren (adj *gḷåriŋŋ, -ra, -re, -ṛṇe* bf *gḷåṛ'ṇ*)
skrubbsvolten: *her ʒæmm de gḷåṛṇe karra!* (overført tyding: svær til å kara åt seg sjølv, grådig)

gnaga (å *gnaga, gneg, gnog, gnijje [knaga* perf part *knijjiŋŋ, knijja, knijje, kneŋŋne* bf *kneŋŋ'n]*)
– du er vel ikkje så gnegen *(knijjiŋŋ)* = du er vel ikkje blakk

gnalderhard (adj *gnaḷḷderhar*)
gnallhard, svært hard
Jf. galderhard

gnalderkald (adj *gnaḷḷderkaḷḷ*)
bitande kald

gnalderkjølt (ei *gnaḷḷderʒɒḷṭ, -ʒɒḷta*) = bitande kulde

gnitter (ei *gniṭṭ'er, gniṭṭrå*)
noko smått, ei så, eit ørlite grann: *e faŋŋ bærre æi uṛlita gniṭṭ'er / e faŋŋ bærre na uṛl̊ḷḷ gniṭṭrå*
Jf. knitter

gnitterliten (adj *gniṭṭeṛlettiŋŋ* sjå liten) = ørliten, bitteliten

gnossering (ei *gnåssereŋŋ, -iŋŋa*)
usemje, ueinigheit Jf. oforliking

god (adj *go* komp *bêr, bæsst*)
om folk: dyktig, flink, hendt, smart
– god tå seg = snill: *haŋŋ e aḷḷt fær go tå se te å varra e-lag' me ṣliker*
– med godt og gode *(me gått å gô)* = med det gode

god te (adv *gotte*) = i stand til
– vera god til = orke, greie: *e du gotte å varra me på skoj'en?*

godbarn (eit *go-ban*)
yndlingsbarn: *ho va nå go-bane hass faṛ ṣin* Jf. eignabarn

goddæmt (adj *go-dæmmt*)
1. med god dåm, som luktar godt
Jf. odæmt
2. god og mett, vel til pass
Jf. lotten, godlotten

godfjott (ein *go-fjått, -fjått'n*)
dumsnill person?

godfør (eit *go-før* sjå før III)
godlune, godt humør: *haŋŋ va på goføra e dag'*

godgjera seg (å *go-järra-se* sjå gjera)
nyte: *heṛ ṣiṭṭ vi å gojær åss me grɒt å bak'els* Jf. mokkere

godkroppa (adj *go-kråppa*)
med god kropp, kroppssterk:
de va nåkkå på feṛ ṭe go-kråppa kar

godlendt (adj *go-leṇṇt*)
om jordstykke: som gjev god avling

godlotten (adj *go-låttiṇṇ* sjå lotten)
vel til pass Jf. goddæmt

godlåte (ei *go-lât, -låtå*)
positiv omtale Jf. låte vel

godmeiten (adj *go-mætiṇṇ, -ta, -te, go-mætne* bf *go-mæt'n*)
hendt, skikka (mots. treen): *ho e ḳøṭe gomæta te vâssk* Jf. einvalen

godruggjen (adj *go-rujjiṇṇ, -jja, -jje, -ggne* bf *-gg'n*)
ruvande, godsleg, triveleg

godslen (adj *goṣṣliṇṇ, -la, -le, -lene* bf *-len*) = godsleg

godt sjå **forgodt** (misunning)

godt gjort (*gått joṛṛṭ*)
overraskande, meir enn venta:
de va gått joṛṛṭ att 'n skoḷḷ få-te ta
Jf. behendele

godtal (eit *go-taṭ, -taṭe*)
godsnakk, vennleg tale

godtala (å *go-taṭṭa*)
tala vennleg (gjerne for å overtala)

godtid (ei *go-ti*)
oppgangstid, gode tider

godvedt (adj *go-vett*)
av god ved, veleigna til materiale:
de e go-vett temm'er ti sa tæj'a / finṇ-ti eṭṭ go-vettar bor!

gogn (ei *gåṇṇn, gåṇṇn'a, gåṇṇ'n; gåṇṇne, gåṇṇniṇṇ, gåṇṇnå*)
1. hengsle, gongjarn
Sms. glasgogn, døragogn
2. bevegeleg innretning
Sms. rullargogn, vevgogn

gong (gang) (ein *gåṇṇ, gåṇṇ'en, gåṇṇ'a; gåṇṇe, gåṇṇiṇṇ, gåṇṇå [gaṇṇ* flt *gaṇṇa]*)
særskilte bruksmåtar:
1. ein gang (gong) bor = eit sett med minbor av ymse lengd, som ein skifter etter kvart som boreholet blir djupare
2. ein gang (gong) hestesko = skor til alle fire føter (mengdemål for hestesko, saum og truger: 1 gong = 4 skor/truger, 24 saum)
3. i eingong: sjå eingong
4. med ein gong (*me 'n gåṇṇ*)(trykk på *gong*) = heile tida (på veg ut av surndalsmålet, avløyst av "for eining" og "i einingen" Jf. eining
5. med eingong = straks: sjå eingong

gongber (adj *gåṇṇbær [gåṇṇbærrg]*)
i stand til å gå på føtene

gonge (ei *gâṇṇ, gåṇṇå*)
1. gonglag, måte å gå på:
haṇṇ e lett å ḳêṇṇ på gåṇṇåṇṇ
2. tid til å gå, avstand: *oppåt setrå e de æn times gâṇṇ / ta bṭi 'ḳe annaḷḷ gåṇṇå* (ikkje tid til anna enn å gå)

gongfør (adj *gåṇṇfør*) = gongber

gongglas (eit) = hengsla vindauge

gonglag (eit *gåṇṇlag, -laje*)
måte å gå på: *haṇṇ e ꝑuḳeṇṇt på gåṇṇlaja* Jf. fotlag, gonge 1

SentrumMotor
Det e gagn ti gogne og kjørbørnå og vogne e-det-så kvar doning får vøling og vinterskoning.

gonglem (ein *gåŋŋlæmm, -læmmen, -læmma; -læmme*)
(helst i fleirtal om) bøger og lår
gongsperr (adj *gåŋŋspærr*)
gangsperr, stiv og øm i kroppen etter å ha røynt seg hardt
gongsperre (ei *gåŋŋspæ̂rr, -spærrå*)
tilstand av å vera gongsperr (å *vera* gongsperr = å *ha* gongsperre)
gongstol (ein *gåŋŋstoł*)
støttestol for småborn (lågt bord med hol midt i, som ungen står i (kan ha små hjul på stettane)
Gonna (namn *goŋŋa*) = Gunnar
gorr (eit *gårr*)
1. gor, mageinnhald, særleg hos jortardyr Sms. gorrstikke, gorrskyte
2. søledye, blaut myrjord, gjøss Sms. gorrmyr, gorrhol
gorre (adv *gårre*)
forsterkande tillegg eller førestaving: gorrlat, gorre lat
gorren (adj *gårriŋŋ*) = rå (om ved)
gorrhel (ein *gårrheł*)
skjellsord: gorhæl, skithæl, dritsekk ”…din forbanna gorrhel!! Kan nokon dialektgranskar fortelle meg kva det ordet betyr?” (HH: Brev frå barndommen, s.131)
gorrlaupe (å *gårrlɒp* sjå laupe)
om krøtter som blir liggjande på rygg og daudar: kjøttet blir ubrukande (samanheng med gorret, mage-innhaldet?)
gosse (ein *gåsse, gåssiŋŋ*)
tjukkfallen kar, tjukkas (også om vette: bekkje-gossen Sjå LH: Kring gamle Tovadal s.12)
gov (eit *gåv*) = damp
govhol (eit *gåvhåł*)
luke i stueloftsgolvet over komfyren (for å sleppe ut gov og få varme på loftet) Jf. tjyvluke
govkåpe (ei *gåvkâp, -kåpå*)
trett av metallplater med firkanta nedre opning over komfyren (til å samle opp kokedamp)
govluke (ei *gåv-lûk*) = govhol
gra (adj) = brunstig (hanndyr)
grabekre, grabukk Jf. os, greng
grafster (eit *graffst'er, graffst're, gaffstra*)
gravster, graving (også: ”graving og spørjing”): *de e nåkkålit te graffst'er på sa hoŋŋ'a, haŋŋ ska væł grava ne eţţ bæn / å så baṛ ḍe te me graffst'er å roteŋŋ ti sa gamm'eł ṣlaḍḍer-historiå*
grammaske (ei *grammâsk, grammaskå*)
gamasje, snøsokk (strikka)
grannver (adj *graŋŋver*)
beskjeden, tilbakehalden, åkkår: *du må ita no, å iǩǩe varra graŋŋver!*
grasbitte seg (å *grasbiţţ se* sjå bitte)
gro til med tett grasvokster: *tɒrrvtaǩe grasbatt se snaṛt / attleggu he grasboŋŋe se*
grautvått (eit *grɒt-vått*)
mjølk e.l. attåt grauten: *vi e så mjøk-lɒs att vi he 'ǩe grɒt-våtte / dæmm he trædve nɒt på bås'a, miŋŋ dæmm he øl te grɒtvått* (sagt om ein gard med dårleg mjølkestell)
– ”Graut og skjør og skjør og graut, det er no målbyt det òg,” sa guten

grava (å *grava, grev, grov, gråvve*)
1. grava (jord e.l.)
2. spørje, mase:
no må du ṣlûṭṭ å grava mær om ta!
/ ho grov å spor omm aḷḷt så te
3. gjera ein angerfull, irritere:
de grev me eṇṇo att e ikkje fekk
sakkt 'nå græn'a

gravlus (ei *gravlus, -lusa*)
ein som masar og spør (helst om ungar) Jf. sporsjur

greau (adj *greɒu, greåkt*)
gridug, flittig, tidleg i gang med arbeidet: *de e greɒue karra e he*
fått me-me / de vaṛṛṭ iḳḳe greåkt
nɒu bŷṇṇt frå mårrgåna

grebbe (ei *grêbb, grebbå*)
rådig, stor og viljesterk kvinne

gree (å *grê, gree, grædd*)
vekse litt: *æłłv'a gree / de he*
byṇṇt å grædd ti ku'nå = vorte meir mjølk

greft (ei *græfft, græfft'a*)
grav (på kyrkjegarden)

greggule (ein *gregguṭe, gregguṭiṇṇ*)
skjellsord om ein vanskeleg person

grei (eit *græi*) = greie, selety (på hest)

greibørne (ei *græibø̂ṛṇ* sjå børne)
dss grei

greidsle sjå: **greisle**

greie (å *grâi, græie, greḍḍ*)
1. greie, klare
2. løyse noko som er fløkt
3. greie-på = sela på, legge greie på hest: *du får græi-på bâ hæsstaṇṇ*
(mots greie-tå)
4. greie seg = kvitte seg med etterburden (greisla)

grein (ei *græn, græn'a*)
sanning, grei framføring:
no må du järra go græn! /
de va 'ḳe når græn å få på 'nå
– gjera grein = legge saka greitt fram
– seie ein greina = sette nokon på plass, tala rett ut av posen:
e for å færṭæłṭ' dæmm græn'a!

greinau (adj *grænɒu, grænåkt*)
som gjer god grein, seier greitt ifrå

greip (ei *græp, græp'a*)
1. møkkagreip
2. handlove, rommet mellom tomelfinger og dei andre fingrane:
ne hannṣḳiṇṇ e fær trånṇ e
græp'en te å varra miṇṇ

greipavott (ein *græpavått*)
vott som er greipa (forsterka)

greipe (å *grâp, græpa*)
forsterke ullvottar i greipa (loven) med bot av vadmål eller skinn

greisle (ei *grêḷḷ, greḷḷå*)
etterburd ved fødsel

greitråd (ein *græi-trå, -trå'n*)
tråd til å binde rundt garnhespe eller til å binde rundt skiljet i vevrenning

greksel (å *grekk'sel, grekkṣla*)
grisle, ordne med, stå for, ta hand om: *kaṇṇ e de så grekkṣla me sa bassara? /*
e he fær myḳḳy å grekk'sel me

grendesfolk (eit *greṇṇesfåłłk, -fåłłḳe*)
folk som bur i same grend

greng (ein *greṇṇ, griṇṇ'en, griṇṇ'a; greṇṇa*)
greding, graokse, avlsokse

grengfør (adj *greṇṇfør*)
avlsdyktig, kjønnsmoden (om ungokse)

grev (eit *græv*)
1. potetgrev
2. nasevis person
3. brodd på vintersko for hest

grevskodd (adj *grævskådd*)
om hest: skodd med broddar

griau sjå: **greau**

gring sjå: **greng**

gringytt (ein *grin-jytt, -jytt'n*)
person med grinande oppsyn
Jf. grinøygd Sjå også: gryngytt og tryngytt

grinskrå (ei *grin-skrå, -skråa*)
sutrelus

grinøygd (adj *grin-øggd*)
om person som knip att augo mot røyk eller sterkt lys Jf. glirøygd

grissen (adj *gressinn, -ssa, -sse*)
glissen, utett (grisgrendt)

gro (å *gro, grør, grådd*)
1. vekse, spire
2. om sår: heilast
– gro-oppi (om gras i åker)
– gro-ned (når ugraset tek overhand)

gro' sjå: **grove**

groarblokke (ei *groarbłåkk, -błåkkå*)
groblad, kjempe (plante)

grohold (eit *gro-håll* sjå hold)
hud som gror lett

grojar (ein *gro-jar, -jar'n* sjå jar)
fast rand av skurv kring sårkant

groklåe (ein *gro-kłåe, -kłåinn*)
klåe når såret held på å gro

grom (adj *gromm*)
1. gjæv
2. kjælen, kjærleg, innsmigrande: *de e 'ke så grommt emyll'å dæmm lænn'er / ho jor se så gromm e måła* Sms. gromgut, gromdråk

grov (adj *grov, groft* komp alt. I: *grov, grøv'er, grøffst* / alt.II: *grov, grovar, grovast*)
grov: *e he vasska-tå de grøffst*

grove (ei *grôv, grovå [grô, groå]*)
padde Jf. lappegrove

grovslegen (adj *grov-slijjinn, -slijja, -slijje, -sleggne* bf *-slegg'n*)
om person: grovskoren, grovbygd

grovstilt (adj *grov-stilt*)
om skrift: med store bokstavtypar: *e ser å læssa når skreffta e grovstilt*

grufse (ei *grûffs, gruffså*)
grop, hole, lita grøft:
de va æi grûffs mitt e væj'a / fyll-ti-att gruffsånn Jf. grøfse

gruggjen (adj *grujjinn, grujja, grujje, gruggne* bf *grugg'n*)
gruggen, grumsete, uklår: *hann e så grujjinn uti, de bær væł te-att å snø / ho va så grujja e måła*
Jf. dromlen

gruggjesik (ein *grujje-sik, -siken*)
siste rest av kaffe som kan sikast av kjelen

grunnkjuke (ei *gronn-kûk* sjå kjuke)
trekloss som grunnpiken (jarnpik) under kvernkallen står ned i

grunnskie (ei *gronn-skki, -skkiå*)
stokk som kvernkallen står på

gryngytt (ein *gryn-jytt, -jytt'n*)
1. ein som snusar i anna folk sine saker og fer med ugagn, eller:
2. ein med underleg utsjånad (skjellsord) Jf. tryngytt

grynkorv (ein *gryn-kårrv, -kårrv'en*)
innmatkorv med gryn Jf. kvitkorv

grynne I (ei *gr̂ỳnn̨, gryn̨n̨å*)
grunne i elv el. sjø
grynne II (å *gr̂ỳnn̨, gryn̨n̨a*)
nå botn (i snø eller vatn): *de e så viṭṭ hæsst'n gryn̨n̨a e lɒs-ṣn̨øa*
grythav (eit *gryt-hav*)
grytehandtak Jf. bøtthav, hodde
grytte (å *gr̂ỳṭṭ, gryṭṭa*)
skufle unna seg (usystematisk)
grytulv (ein *gryt-uḷv*)
stabukk Jf. trossaubekre
grøe sjå: **grøå**
grøfse *(gr̂øffs)* sjå: **grufse**
grøn (eit *grøn*)
kornavling, korn og mjøl: *dæmm va aḷḷ'der ṣøḷ-jɒḷṭṭ me grøn / vesst hæsstan̨n̨ ska bḷi bḷan̨n̨k e hårḷaja å spros, må dæmm ha grøn*
"Han var av det gamle slaget som heldt på heimevyrke og levde på eige grøn." (HH: Ei haustferd s.163)
grønskjor (ei *grønṣk̡or, -ṣk̡ora*)
gulsporv (Hans Hyldbakk fortel i bygdabøkene om ein heim som hadde det så smått at dei sette snare for grønskjora for å skaffe seg kjøt!)
grønskjorauge (ei *grønṣk̡or̂ɒu, -ɒuå*)
liten mjølklepp i graut eller sos når ein ikkje har vore nøyen nok med røringa
Grøs (namn *grøs*)
Gregorius, Greus
grøsmøss (ei *grøs'møss*)
gregorsmesse 12. mars: "*grøs'møss tɒy e bêr hæll ti lass hɒy*"

grøte (å *gr̂øt, grøte, grøtt*)
grøte, få ein på gråten: *sa gutan̨n̨ he rætt grøtt 'å moṛ ṣi åfftå*
– Den som grøter foreldra, blir sjøl grøtt ein gong
grøtstein (ein *grøtstæn*)
grjotstein, kleberstein
grøtte I (ein *grøtte, grøttin̨n̨*)
grotte, trestykke med hol til å feste slipestein el. kvernstein på aksling
grøtte II (å *gr̂øtt, grøtta*)
feste slipestein el. kvernstein med trefliser på akslingen (spennoren) eller drive inn grøttjarn: *vi lyt te å gr̂øtt kven̨n̨'a*
grøttjarn (eit *grøttjarṇ*)
jarnblegg til å drive i grøtta for å gjera det trongare rundt spennoren
grøå (ei *grøå, grøå*)
grøe, grasvaksen flekk i fjellet: *når sɒuin̨n̨ ṣlæpp-ut å vårṛ'n̨, fin̨n̨ dæmm væ'n oppi grøån̨n̨*
gråaure (ein *grå-ɒre, -ɒrin̨n̨*)
bekkeaure
gråe (ein *gråe, gråin̨n̨*)
gråfarge på vatnet når ein svak vind krusar overflata
gråskjen (adj *gråṣṣk̡in̨n̨, -ṣṣk̡a, -ṣṣk̡e, -sskne* bf *gråssk'n*)
om ver: grå, tungt overskya: *han̨n̨ e gråṣṣk̡in̨n̨ å ṣå'-te uti fysnå*
Jf. gruggjen, dromlen
gråsømmer (ei *grå'sømmer, -sømmrå*)
kvitsymre, kvitveis
gråstete (ei *grå'stêt* sjå stete)
yngel av bekkeaure
gråte (å *gr̂åt, gret, gret, grette*)

gråv (ei *gråv, gråv'a, gråv'en; gråve*)
gròv, grop, søkk, sandtak
Sms. sandgråv Stadnamn: Gråva, Gråvinn (flt): *vi ska uti Gråviŋŋ / vi he vårre uti Gråvå*

gudnådslen (adj *gunåsṣḷiŋŋ, -la, -le, -lene* bf *-len*)
gudnådsleg, ynkeleg, stakkarsleg

gudsfar (ein *gussva* mest vanleg saman med pronomen som ved særnamn: han gudsfar)
gudfar Jf. gullmor

gule (ein *guṭe, guṭiŋn*)
plomme i egg

gull (eit *goḷḷ*)
særskilt: blomster på hegg og rogn: *de e myḳḳy goḷḷ på hejj'a e år*
Jf. heggjegull, rogngull

gullbaust (ein *goḷḷbɒsst [-bæsst]*)
gullboste, løvetann (korgplante) (Somme brukar ordet som namn på hestehov Jf. gullhauk)

gullbest, gullbost sjå: **gullbaust**

gullhauk (ein *goḷḷhɒk, -hɒḳen*)
hestehov, leirfivel (korgplante) ”Det første vårteiknet er i boks. Øvre Surnadal melder at den første ”goillhøken” (hestehov) er funnen … i Almbergkleivane ikkje langt frå Dalseggen” (Driva 1986)
Jf. leirblokke

gullku (ei *goḷḷku* sjå ku)
marihøne (lita raud el. gul bille med svarte prikkar)
Barneregle: ”Gullku, gullku, flyg te vers! I mårgå bli det godver,” eller: ”Gullku, gullku, flyg te vers! Jomfru Maria sitt og venta på deg” (med gullkua på fingeren i håp om at ho vil flyge)
Jf. vårherreku, marihøne

Gullmonn (namn *goḷḷmoŋŋ*) = Gudmund, Gullmund

gullmor (ei *goḷḷmå* mest vanleg saman med pronomen som ved særnamn: ho gullmor)
gudmor Jf. gudsfar

gussva sjå: **gudsfar**

gut og kar (*gut å kar*)
rosande utttrykk: *no va du gut å kar* (det var guten sin, det!)

gutvås (*gutvås, -vås'n, -våsa*)
gutpose, liten gut

gylte (ei *jy̑ḷḷt, jyḷḷtå*)
ung ho-gris (før ho har fått ungar og blir porke)

gyne (å *jy̑n, jyne, jynt*)
sjå, glytte i løynd: *ho sto attafær nåv'en å jynt på me da e for færbi' / dæmm jyne nå hit på åss aḷḷ så tiast*

gyse (å *jys, jys, gɒs, gåsse*)
1. sprute. støve, strøyme ut: *de va bærre så dommå gɒs roŋŋt 'n*
2. flyge på Jf. gause
3. gi tapt, ryke opp, gå konkurs: *de e mâŋŋ så he låtte gåsse på hånnå*

gyte (ei *jy̑t, jytå*)
vasshol, lita gryte i ein bekk, ofte innunder ein stor stein med ein liten foss eller straum som rører i gryta

gyte (verb) sjå: **tide**

gytt (ein *jyṭṭ, jyṭṭ'n*)
ein som kjem stikkande og vil sjå, nyssgjerrigper Jf. gytte

gytte (å *jy̑ṭṭ, jyṭṭa*)
glytte, kike (helst i løynd) Jf. gyne

gællin, gæln- sjå: **galen, galning**

gøttu (ei *gøttu, gøttu, gøttuŋŋ; gøttuå*)
gòte, smau, smal gang mellom hus el. gjerde Jf. råk, smaug, smotte
gøys sjå: **gaus**
gå sjå: **ga**
gålke (å *gåʧʧk, gåʧʧka*) = gulke, gulpe
Gållek (namn *gåll'ek*)
Gudleik, Gullik
gång sjå: **gong/gang**
Gånnill (namn *gånniłł*) = Gunnhild
gåre (ein *gåre, gåriŋŋ* / ei *gåar, gårå*)
stripe, rand, helst lysare el. mørkare i same farge
gårr, gårre sjå: **gorr, latgorre**
gåråt (adj *gåråt*)
stripete, helst av mørkare og lysare band i same farge, eller av falming og tilskitning
gåspung (ein *gåspoŋŋ, -poŋŋen*)
vasslilje, nøkkerose Jf. tjønnpung
gått (ein *gått, gått'n*)
fals i dørkarm eller glaskarm
Sms. døragått
gåv sjå: **gov**
gåve (ei *gåv, gåvå* el. *gåvvå, gåvvå*)
gåvvå = gåve

H
(hj- i nokre ord med j-lyd)

ha (å *ha, he, ha, hafft*)
– ha etter = dss sette etter
– ha for seg = 1. drive på med, 2. drøfte, sladre om:
kva di he-fær-ḍåkkå no, tru?
– ha i hel = ta livet av
– ha mellom hendene = eige, disponere: *dæmm he myǩǩy pæŋŋ myłłå haŋŋå*
– ha-pi = ha oppi Jf. pi
– ha på seg = innebera: *væt du kva de he-på-se å stat-fær sa arbeia?*
– ha til rette = drive fram, skaffe: *he du hafft-te-rætt ve åt viŋŋtra?*
– ha seg tu = 1. sleppe unna vanskar: *ho ha-se tu-di lettviŋŋt ne gåŋŋ'en* 2. om krøtter: bryte utor inngjerdinga
– ha-tu-seg = seie noko ufint eller sleivete: *ho ha-tu-se så myǩǩy støkkt*
– ha-tå = 1. avhende (særleg buskap) (også: ta-tå) 2. avbryte, skiple:
ti-stiłł, du he-me-tå rækkniŋŋen!
– ha åt = la husdyr pare seg:
na kvigå he 'ǩe vårre åt'hafft eŋŋo
Legg merke til korleis meininga skiftar når refleksivpronomen og preposisjon/adverb byter plass:
– ha seg ti ein potetsekk = plukke poteter i ein sekk / ha ti seg ein potetsekk = eta ein sekk poteter!
– ha seg tu ei løgn = bortforklare at ein lyg / ha tu seg ei løgn = å lyge
– haŋŋ ha-på-se trɒyå å ha-se-på sykk'eln
– haŋŋ ha-se-tå sykk'la å ha-tå-se-trɒyå
– ho ha evve-se æn parapły å ha-se evve gatå
– vi ha-åss poŋŋ æi tåłł å ha-poŋŋ-åss nå bar
habbytt (ein *habbyʧʧ, habbyʧʧ'n*)
habitt, klenning
hafelle (ei *haffełł, haffełłå*)
hagfelle, utgard, gjerde (Ordet er gått av bruk, men finst i stadnamn)
haggule (ein *hagguʧe, -guʧiŋŋ)*
vanskeleg el. vidløftig person

hak (eit *hak [hakk], haḳʹe*)
hakk (Mange seier *hakk* no)
hakabrått (ein *hakabrått* sjå brått)
tømmerhake Jf. vendhaka
hakafisk (ein *hakafessk, -feṣṣḳen*)
stor gyteferdig hannfisk(særleg laks: hakalaks)
hakkahalm (ein *hakkahaṭṭm*)
– halde på hakkahalm = halde på ei hemmelegheit: *ho heḷḷ ikkje på hakkahaṭṭm ængåŋŋʹ* Jf. langhalm
hakkel (å *hakkʹeṭ, hakkṭa*)
om sko: hakle, henge laust, slarke
hakkelsko (ein *hakkeṭsko* sjå sko)
sko som haklar, slarkar, som ikkje sit skikkeleg på hælen, men gneg
hakkelskodd (adj *hakkeṭṣkådd*)
med sko som haklar (sjå elles: hokkelskodd)
hakkfokk (eit *hakkfåkk, -fåḳḳe*)
bråkande skunding: *haŋŋ træfft-te kåmma miṭṭ oppi ta hakkfåḳḳe*
(Jf. Schøtt: *hattefòk*)
hald (eit *haḷḷ*)
1. styrke: *de e omm-å-järra att de e haḷḷ ti vøŋŋmɒṭa / de e ʼḳe nɒu haḷḷ ti sa spæ̂i gåṭṭv-åså*
2. sanning:
de e så lite haḷḷ ti di ʼn fer å sie
3. styng i bringa
halde (å *haḷḷ, heḷḷ, hiḷḷt, hiḷḷt/hiḷḷe*)
– halde = halde i age: *haŋŋ va saŋŋele haṛṭ hiḷḷiŋŋ da ʼn va lettiŋŋ*
– halde att = bremse, minke farten: *tɒṛ ḍu rêŋŋ storbakkaŋŋ å iḳḳe haḷḷ-att?*
– halde seg oppatt = svara seg: *de heḷḷ se iḳḳe oppatt å driv me kåŋŋ oppi her*
– halde seg ølen = halde varmen
– halde på = 1. drive på 2. vera fadder: *hiḷḷt iḳḳe haŋŋ på da jorkaṛʼṇ va fæṛ dåpʹen?*
– halde skyming = kvile frå arbeidet mellom dagslys og tid for å tenne eldslys (forteljestund)
– halde til = formane: *ho va teʼhiḷḷa å nôtt små-tiiŋŋ*
– halde ti foten = vera fadder
– halde ti med = 1. vera jamgod med 2. halde i age 3. vera sparsam
– halde ti enden sin = stå på sin rett
– halde åt = drive hardt med: *skojʼen he vårre haṛṭ åtʼhiḷḷiŋŋ*
haldhaka (ein *haḷḷhaka, -hakaŋŋ*)
hake til å binde eller endeskøyte stokkar med, t.d. takbukk mot raft
haldnad (ein *haḷḷna, haḷḷnaʼn*)
at noko varer, slitestyrke, kvalitet Jf. hald 1
hall (eit *haḷḷ*)
skråstilling (av å halle) Jf. halling
– i det hallet = lite om å gjera: *de va mæssta ti di haḷḷa haŋŋ to feṭåŋŋ*
hall sjå også: **hald**
hallar (ein *haḷḷar, haḷḷaṛŋ, haḷḷara*)
hellar, bergvegg som skrår innover
halle (å *hâḷḷ, haḷḷa*)
stå eller liggje skrått
hallen (adj *haḷḷiŋŋ, haḷḷa, haḷḷe, haḷḷne* bf *haḷḷʼn*)
skrånande (om terreng): *potetåkeṛṇ e såʼpass haḷḷiŋŋ att ʼn heḷḷ se tɒṛ*
halling (ei *haḷḷeŋŋ, -iŋŋa*)
skråning
hallmon (ein *haḷḷmon* sjå mon)
berre lita halling

hallår (eit *haḷḷår*)
uår, svartår, grønår
hals (ein *haḷṣ, haḷṣ'ṇ*)
særlege tydingar:
1. båtsbord nedst nedmed kjølen på geitbåt (Halsane på geitbåten er røya med øks, ikkje saga og forma til under press)
2. landskapsform: avsmalnande høgdedrag mellom to større høgder (mange stadnamn)
halsgrop (ei *haḷṣgrop, -gropa*)
gropa under strupehovudet
halssott (ei *haḷṣ-ṣott*)
halsesykje, halsbetennelse
halsstabbe (ein *haḷṣ-ṣtabbe*)
hals (alt mellom aksler og hovud)
halt (hasl) (ein *haḷḷt, haḷḷt'n*)
hassel, hasselkjerr
halvannan (tal *haḷannaṇṇ, haḷånnår, haḷṭanna*) = 1 ½
Jf. hålånnå
halvdregen (adj *haḷdrijjiṇṇ, -drijja, -drijje, -dreggne* bf *-dregg`n*)
halvtydeleg, ymtande: *haṇṇ he aḷḷ'der sakkt eṭṭ haḷḍrijje or omm ta / e fekk-tu 'nå så æi haḷḍrijja mæneŋŋ*
halvgjelding (ein *haḷ-jeḷḷeŋŋ*)
dyr som ein har mislykkast med å gjelde skikkeleg (som har den eine testikkelen i orden)
halvklovning (ein *haḷkḷåvvneŋŋ*)
den eine halvparten av ein tømmerstokk som er kløyvd i to: *løå-gåḷḷve låg på nå digre haḷkḷåvvneŋŋa*
halvkoring (ein *haḷkoreŋŋ, -iṇṇen*)
tvekjønna individ, ein som ikkje er som han skal Jf. halvta kor
halvreising (ei *haḷræseŋŋ, -iṇṇa*)
halvt liggjande halvt sitjande: *haṇṇ låg e haḷræsiṇṇen boṛṛti seṇṇ'en*
halvsønning (ein *haḷṣønneŋŋ*)
halvkoka mjølkemat t.d. mølsgraut el. dravle som er sett til sides til ferdigkoking seinare Jf.sy, sø
halvt (ei *haḷṭ, haḷṭ'a*)
– halvta kor: *e to haḷṭ'a kôr me bøggmjøḷ å havermjøḷ* = like mykje av kvart (av to slag)
halvtann, te halvtann (genitiv eint. *te haḷṭaṇṇ* sjå *te nattaṇṇ*)
halvparten, halvveges, til midt på: *vi e iḳḳe kâmmn mær heḷḷ te haḷṭaṇṇ me arrbeia eṇṇo*
halvtru (ei *haḷ-tru*)
dårleg tru, skepsis
halv-ufsing (ein *haḷ-uffseŋŋ, -iṇṇen*)
(middels stor) sei (mellom storsei og småsei)
halvvekstring (ein *haḷvækkstreŋŋ*)
framvekstring, halvvaksen person
halvvoren (adj *haḷvoriṇṇ, -ra, -re, -ṛṇe* bf *-ṛ'ṇ*)
ufullkommen, berre så måteleg: *haṇṇ e nå bærre så haḷvoriṇṇ arrbeskar eṇṇo / ta e nå 'ḳe mær heḷḷ så haḷvore bra'-nnu!*
halvørk (ei *haḷø̊rrk, -ø̊rrḳa*)
ikkje "retteleg helg" etter gammal tradisjon, t.d. 17.mai, romjul o.l.
hamlett (ein *hamm-lett* sjå lett)
hamlet, hudfarge i andletet: *ho e mø̊rrk e hammletta*
hammel (å *hamm'eḷ, hammḷa*)
hamle, ro baklengs
– hamle opp med = meistre, vera jamgod med

hammelband (eit *hammeɫbaŋŋ*)
bandlykkje som held åra på plass ved keipen under hamling
hammeltofte (ei *hammeɫtâfft* sjå tofte)
attaste tofte frammafor bakskotten (til bruk når ein hamlar)
hammer (å *hamm'er, hammra*)
hamre, fjerne frøkapslane (hamrane) frå linet Jf. linhammer
hams (ein *hammsa, hamms'n*)
hylster el. begerblad omkring ei frukt t.d. nøtt, jordbær
Jf. huskjerring, brokskit
hamsa (adj *hamms*)
1. tjukkfallen, lubben:
ho e veɫhammsa, na ʒeɫɫå
2. velstående, velkledd
hanabjelke (ein *hanabjæɫɫʒe*)
bjelke mellom to sperrer på kvar si takside, halvmidt mellom raft og møne
hand (ei *haŋŋ, haŋŋ'a, ha'ŋŋ; heŋŋ he'ŋŋ, haŋŋå*)
1. hand (handablad)
Jf. navva, gaufn
2. "overekstremitet" frå fingertupp til aksel (*Arm* er ikkje bruka i målføret)
Sms. handaled, handalegg
handa tå, slå h. (å *ʂlå haŋŋ'a tå*)
bryte sambandet med, ikkje lenger gi hjelp til, ikkje lenger kjennast ved:
ho he ʂlijje haŋŋ'a tå 'na søsst'eɽ ʂin
handboga (ein *haŋŋbågga, -båggaŋŋ*)
alboge Sms. handbogastøyt:
haŋŋbåggastɒt'n å eŋŋʒemaŋŋs-sårja vare lik leŋŋe
handbogadrag (eit *haŋŋbåggadrag*)
armslag, nok rom Jf. sveiingsrom
handbogalykkje (ei *h.-lyʒʒe*)
armkrok: *du kaŋŋ bærra ve'n e haŋŋbåggalyʒʒåŋŋ*
handdrev (eit *haŋŋdræv*)
rekkverk i tropp el. langs bru
handel tu for seg (å *haŋŋel-tu*)
drive så dårleg bytehandel at ein ikkje har nokon verdi att: *haŋŋ byte hæsst aɫɫt tesst 'n haŋŋla-tu fæɽ ʂe*
handfeng (eit *haŋŋfæŋŋ, -feŋŋe*)
hanverkty, bestikk (kniv, skei og gaffel) Jf. ambod
handfritt (adv *haŋŋfriṭṭ*)
lett, utan vanskar, elegant: *de e ʂʒeɫɫå å ʂå nå så haŋŋfriṭṭ joɽɽ*
handhaka (ein *haŋŋhaka*)
reiskap til å snu tømmerstokkar med (enten jarnstong med lykkje i ein ende og hake i den andre, eller lang trespak med lausthengande hake eit lite stykke innpå nerenden)
Jf. vendhaka
handive (ei *haŋŋ-îv, -ivå* sjå ive)
styrehorn på plog el. ard (også handtak på lerbråke
handlar (ein *haŋŋlar, -laɽ'ŋ, -lara*)
handelsmann: *dæmm e dyrar på varå sin, haŋŋlaraŋŋ uti by'n*
handombyt (eit *haŋŋommbyt*)
høve til å skifte frå ei hand til den andre, så ein kan kvile ei hand i senn: *de jɒɫɫṭ att e ha haŋŋommbyt, heɫɫ-å ha e iʒʒe greḍḍ de*

handpant (eit *haŋŋpaŋŋt*)
ting som ein leverer fysisk til pant for lån

handskamma, få handskamma tå
gjera arbeidet fint frå seg
– haŋŋ fekk iḳḳe haŋŋskamma tå sa arrbes-styḳḳa (= finpussen mangla)

handspik (ei *haŋŋspik, -spiḳa*)
bein trestokk til å velte tømmer med
Jf. brott, våg

handtvarning (ei *haŋŋtvaṛneŋŋ*)
varetekt: *e he hoʹŋŋ åt nabboa e haŋŋtvaṛneŋŋ* Jf. varveitsle

handvål (ein *haŋŋvåḷ, -våḷʼn, -våḷa*)
handvol, den lange stonga som ein held i sluå (gl. trøskereiskap) med
Jf. dettvål

handåhavt (adv *haŋŋåhafft* av ha)
opprådd, handfallen, oppgjeven, hjelpelaus: *e vaṛṛṭ nå-så-nere haŋŋåhafft da økksniŋŋ komm-lɒs*

hanke seg (å *haŋŋk se, haŋŋka*)
flytte seg hangande etter hendene (eller med feste for hendene til stønad)

hans-kar (ein *hannsʹ-kar* sjå kar)
framand på ein plass (både om kvinnfolk og karar)

har-, hara- sjå **hard-, harra**

hardbar (adj *harbar*)
1. smertefull: *harbarast va de da dæmm skar-opp svåḷḷʼṇ*
2. hardhendt:
iḳḳe varra så harbar me kattoŋŋå!

hardbaskjen (adj *harbaṣṣḳiŋŋ, -ṣḳa, -ṣḳe, -skne* bf *-sk'n*)
hardhendt, røff

hardbeitt (adj *harbeṭṭ*)
1. om slåttamark: vanskeleg og tungt å slå graset (mots lausbeitt): *de e harbeṭṭ oppi se bakkå e dåggleɒsåŋŋ* Jf. ålbeitt
2. om hest: ufølsom på taumane, hard å styre Jf. stervikt

hardbellau (adj *harbeḷḷɒu*)
hardfør, hardhuda, som toler mykje smerte: *haŋŋ e harbeḷḷɒu så æn sme på feŋŋrå / de e harbeḷḷåkt ṣlag ti 'nå*
Jf. hardsokt, obellau, ilbellau

harde (ein *hare, hariŋŋ*)
– på harden = på nære nippet, med nød og neppe:
de va på håḷe hariŋŋ vi greḍḍ de

harden (å *haṛʼṇ, haṛṇa*)
hardne, bli hard, stivne:
stɒpʼen lyt stât ṣlik tesst 'n he haṛṇa

hardhund (ein *harhoŋŋ, -hoʼŋŋ*)
hardhaus, barsking, råtamp
Jf. hardtangje

hardkjefta (adj *harḳæffta*)
om hest som er tung å styre med beksel og taumar Jf. ster-vikt

hardnavva (ein *haṛṇavva, -ṇavvaŋŋ*)
knytneve: *haŋŋ dro-åt 'nå me haṛṇavvå miṭṭ e gḷaniŋŋa*

hardsokt (adj *haṛṣokkt*)
1. hard i åtferd, svært pågåande, hardhendt, streng: *haŋŋ e haṛṣokkt te farra åt / dæmm e fær haṛṣokkt åt oŋŋå sin* Jf. hardbaskjen
2. som toler mykje Jf. hardbellau

hardspækt (adj *haṛṣpækt* av spækje)
hardfrosen

hardtangje (ein *haṛtaŋŋe, -taŋŋiŋŋ*)
hardhaus Jf. hardhund, hardbellau

hardtrekt (adj *haṛṭṛækkt*)
om hest som er tung å vikje, tung på taumen Jf. hardkjefta

hare sjå: **harde** og **harre** (dyr)

harinj, på harinj sjå: **harde**

harra ørå (å *harra ørå* dativ)
spisse øyra, høre godt etter
Jf. blare ørå

harragjømmer (ei, sjå gjømmer)
”haregimmer”, perleugle (eigl. ho-hare, som folk trudde laga ein hukrande lyd, men denne lyden var låta til perleugla

harralabb (ein *harralabb*)
fara lettvint over, slurve:
farra me harralabb (evve)

harramor (ei *harramor*)
dårleg mor, ei som bryr seg lite om ungane sine

harramynt (adj *harramyŋŋt* av *haremunn*)
som har hareskår

harratopp (ein *harratåpp*)
pannelugg på hest

harre (ein *harre, harriŋŋ, harrå*)
hare (dyr)

hastau (adj *hasstɒu, hasståkt*)
hastig, brå, fort:
haŋŋ dø så hasståkt her e vår

hatau (adj *hatɒu, hatåkt*) = hatefull

hater (eit *hat'er, hat're, hatra*)
kløe i huda: *de he kåmme nå-ṣlakks ha'ter ti maŋŋkiŋŋ på hæsst'a, haŋŋ står bærr å skobba-se*

hatig (adj *hati*) = hatau, forhatig

hau sjå også: **haug**

hau I (eit *hɒu*) = hovud

hau II, i hau (adv *e-hɒu'*) = i hug
– komma e hau = hugse:
du må kåmm-e-hɒu ka du ska järra

haua (adv *hɒua* komp *hɒunar, hɒunast*) = huga, lysten:
e ha vårre køłe hɒua hæm æn tur / e du ikke hɒua på siłłbałł?
(*vera* huga = *ha* lyst)

haubrott (eit *hɒu'brått*)
1. hovudbrot, problem
2. problemløysing

haubukk (ein *hɒu'bokk, -bokken*)
underjordisk vesen

haug (ein *hɒg, hɒ'n, hɒj'a; hɒga* el alternativt: *hɒu, hɒ'n, hɒu'a*)
haug i landskapet
– over ein haug = alle under eitt:
ravvel (å *ravv'eṭ, ravvṭa*)
tala fort og slurvete
ravveldall (ein *ravveṭḍaḷḷ*)
ein som ravlar Jf. skrommeldall
ravåt (adj *ravåt*) = fillete
redd bjørnen (*reḍḍ bjø'ṇṇ*)
er du redd bjørnen? (barneleik) = veifte med open hand framfor ansiktet til nokon, som skal prøve å la vera å blunke med augo så lenge han kan (også: generelt skogredd)
redd for seg = som ikkje vil bli sett, som vil stikke seg vekk
reddaue (ein *reḍḍɒue, reḍḍɒuiṇṇ*)
reddhug, redsle, frykt, otte:
haṇṇ fekk ṣlik reḍḍɒue ti se sisst 'n va på sy'nå
regga (å *rægga*)
svinge att og fram: *haṇṇ va så foḷḷ att 'n sto bærre å rægga / oṇṇaṇṇ dræv å rægga på haṇṇdræva / dråḳ'a for å rægga på æn stor karrasykkel* Jf. gjeggel
reggalaus (adj *rægga*lɒs)
laus i skøytane, ustø Jf. gjeglen
regnskrike (ei *rænṇn-skrî̂k, -skrikå*)
grønspett eller gråspett (fugl)
regnsner (eit *rænṇn-sner* sjå sner)
nokre få regndropar, berre så vidt det blir steinvått
rei (eit *ræi*) = reir
rei' sjå: **te reie**
reik (ei *ræk, ræḳ'a, ræḳ'en; ræk'er, ræk'eṛṇ, rækå*)
1. ranke av samanraka høy
2. hårveg Jf. beinreik
reim sjå: **rem**
reime åt (å *ræm-åt, ræma-åt*)
stramme reimane
Jf. reipe åt, gjørde åt
reina sjå: **renna**

reine (ei *ræ̂n, rænå*)
kant, strimle langs ein åker, helst om denne ligg høgare enn marka elles, særleg om nedre kanten av det stykket som lenge har vore open åker i brattlende, og der lausmold har lagt seg opp, og den grasgrodde skråninga på nedsida av denne
reinemold (ei *ræn-måḷḷ, -måḷḷa*)
mold som samlar seg opp i reina i nedre kant av jordstykket: *vi lyt kør-opp æn når lass me ræn-måḷḷ e år å*
reinhekla (adj *ræn-hækkła*)
rein og skjær, ekte: *ho taṭṭa ræn-hækkła suṛṇ'ḍaṭṣmåṭ* (eigl. om lin som er reinska for stry Jf. linhekkel)
reinskjera (å *ræn-ṣʧærra* sjå skjera)
skjera tømmer slik at ingen bord får va-kant: *ta-tu di bor'a så iʧʧe e rænskåṛ'ṇ* (også generelt om å skjera bort det som ikkje skal vera med t.d. når ein deler opp kjøtt)
reinskjerten (adj *ræn-ṣʧæṛṛtiṇṇ* sjå skjerten) = som held det reint og ryddig kring seg
reipe (å *ræ̂p, ræpa*)
binde fast med reip:
vi lyt ræ̂p ta skrommeṭ-lasse, ska de legg, de legg væṭ iʧʧe oræpa
– reipe åt = snøre åt, få kniven på strupen: *no ræpa-de-åt så vi lyt tak-åt-di* Jf. reime åt, gjørde åt
reiphegd (ei *ræphæggd, -hæggda*)
treklave med utstående korslagde endar, til å stramme og feste reipet med
reipsnat (eit *ræp-snat*)
lausenden på reipet, den enden som ikkje er fast i reiphegda
reist sjå: **rest**
reit (ei *ræt, ræt'a, ræt'n, ræta*)
fòr, nepe- el. potetåker (stadnamn)
reka, reke sjå: **rekka, røkku**
rekk-, rekka, rekke (trong e) sjå: **rikk-, rikka, rikke**
Rekka (namn *rekk'a*) = Rikharda
rekka (å *rækka, rek, rak, riʧʧe*)
reka, drive
rekkaved (ein *rækka-ve*)
rekved (NB! ikkje rikkaved!)
rekke I (ei *ræ̂kk, rækkå*)
vegghylle med stong til å sette koppar og tallikar i
Herme, norskamerikansk: ”– Hev you tretallika?” ”– Yes, oppi rekkån!” (HH:Gamalt frå Surnadal s.216) Jf. kopprekke, rekkje
rekke II(verb) sjå: **røkke**
rekkel- sjå: **rikkel-**
Rekkert (namn *rekk'eṛṭ*) = Rikhard
rekkje I (ei *reʧʧe, reʧʧå*) = rekke
rekkje II (å *reʧʧe, reʧʧe, rækkt*)
1. spore, følgje etter fara
2. løyse opp att noko som er bunde t.d. bunding, kornband e.l.
3. rekkje kjøttrøssu = skrape kjøtt av skinnet før barking
– rekkje bøverdaling = (skjemte-uttrykk for å) gå etter kvarandre i gåsegang Jf. ture bøverdaling
rekkjebak (eit *reʧʧe-bak* sjå bak)
bak (fjøl) til å legge huda på når dei rekte kjøttrøssu (skrapa skinn)
rekkjekniv (ein *reʧʧekniv*)
kniv til å skrape kjøtt av skinn med
rekkjingsfør (eit *reʧʧeŋŋsfør*)
sporsnø: *vi får fvṭ spårrå så leṇṇe de e reʧʧeŋŋsfør*

rekkspon (ein *rækkspon, -spo'n*)
trelist som er innfelt utan lim eller spikring i eit spor for å halde saman bordplater e.l.
reks' sjå**: rikse**
rekster (ei *rækkst'er, rækkst'ra*)
smal stig Jf. råk
rem (ei *ræmm, ræmm'a, ræmm'en; ræmma, ræmmaŋŋ*)
langsgåande bord el. planke i sprinkeldekket på slede el. kjelke
remmelere (å *remmelêr, -lere, -leṛṭ*)
drive med innvikla reiskap
remmeli (ein *remmeli*)
innretning, innvikla reiskap (remedie)
reng-, rengann sjå: **ring-, ringann**
renna (å *rænna*)
røyne for hardt (om kroppsdel): *e he rænna haŋŋa-lea så 'å e il å håvva* Jf. rønne
rennbolk (ein *reŋŋbåḷḷk, -båḷḷʒen*)
laus halvvegg t.d. mellom to hestbåsar, lause fjøler i eit spor på ein stav framme og ein stav i bak-kant av båsen Jf. renngavle
rennbord (eit *reŋŋbor*)
vassrenne til kverna
rennbåre (ei *reŋŋbâr, -bårå*)
rennebom, dreibar ramme til å renne varpet til ein vev på
renne I (ei *rêŋŋ, reŋŋå*)
særskilt: i same renna (*e sommå reŋŋåŋŋ*) = i sitt vante spor
renne II (å *rêŋŋ, reŋŋe, reŋŋt*)
renne (trans)
– renne tu seg = tala fort og utan stans mange og sterke ord Jf. rinne
rennfokk (eit *reŋŋfåkk, -fåkʒke*)
snøføyke (helst om jordfokk)
renngavle (ein *reŋŋgavvḷe* sjå gavle)
skiljevegg av lause fjøler lagt med endane i eit glidespor Jf. rennbolk
renning (ein *reŋŋeŋŋ, -iŋŋen*)
eid, banning:
haŋŋ la-på æn støggreŋŋeŋŋ
rennmerr (ei *reŋŋmærr, -mærra*)
båtutlegg der taubukta går gjennom ein ring
rennmjøl (eit *reŋŋmjøḷ*)
laust mjøl til å strø på under flatbrødkjevlinga
rennskjettu (ei *reŋŋsḳettu* sjå skjettu) = diare Jf. livsykje
rennstaur (ein *reŋŋstʊr*)
låsetapp mellom dør og vegg, skòte Jf. slå
rensel (ei *reŋŋ'sel, reŋŋsḷå*)
1. hastverk: *e lʊt e væg ette dåkkt'er e sommå reŋŋsḷåŋŋ*
2. brå smerteflage i kroppen Jf. flauge
renske seg (å *rænnsk se, rænnska*)
1. om hest: springe laus frå kjøredoning
2. gjera frå seg, skite
3. om dyr og folk: kvitte seg med restar frå fødselskanalen etter fødsel Jf. greie 4
renslå (bf. hokj *reŋŋsḷå*) = vendinga:
ho heŋŋta kua e sommå reŋŋsḷåŋŋ
repp (ein *repp, repp'en, repp'a*)
lita grend el. plass for seg sjølv
ressbit (ein *ressbit, ressbit'n*)
risbit, årsgammal sau Jf. gjømmer
rest (ein *resst, resst'n* NB! ikkje *ræsst* = leivning)
reist, kjetting eller vidje til brems på sledemei Sms. restbakke
rest sjå også: **rist**

restill (ein *resstiḷḷ, resstiḷḷn*)
ristel, plogkniv (før rulleskjeret kom) Jf. ploghork

rett (ein *rætt, rætt'n*)
– etter retten *(ette rætt'a)* = når rett var: *ette rætt'a skoḷḷ nå bror hass hafft skoḷḷ'a*
– sagt med rette *(me rættå)* = sagt med full rett, utan å overdrive
– komma til rette om *(te rætt omm)* = bli forlikte om
– få rett på nokon = få imøte-kommande svar

rettauheit (ei *rættɒuhæt, -hæta*)
avtala pliktarbeid som vederlag for bygsel: *haŋŋ mått svarra rættɒuhæt fær å få bo på sa pṭass'a* Jf. svarsel

rette (ei *ræ̂tt, rættå*)
rettside (mots. range)

rettslutt (adj *rættṣluṭṭ*)
rettskaffen, grei og bestemt

rettvis (adj *rættvis*) = fornuftig: *de va 'ʒe rættvist or å få tå 'nå*

revje (ei *rævvje (rɒvvje), rævvjå*)
revetispe, revetik, ho-rev

revklo (ei *rævkṭo, -kṭoa*)
revekrok, liggjande brytekamp med bruk av berre føtene

revnitje (ei *ræv-niʒʒe* sjå nitje)
ein som er tynn og mager Jf. ulvnitje

revvel (ei *rævv'eṭ, rævvṭå*)
revle, vrakbord, smalt og tunt bord Sms. bordrevle, fjølrevle

revven (adj *revviŋŋ, -vva, -vve, revvne* bf *revv'n*)
snar og uvørden: *haŋŋ e så revviŋŋ å har me børṇskapa* Jf. rafsen

revvå (ei *rævvå*)
reve, rift, flengje: *e vaṛṛṭ iʒʒe vaṛ rævvå ti seʒʒ'a*

reå (ei *reå*) = ri, anfall
Jf. trollreå, mørrureå, føyke, flauge

ri (ei *ri, ri'a*) = ri, stund
– inga ria = berre ei kort tid: *de va iŋŋa ri'a fɒṛ 'ṇ va att'kåmmiŋŋ*

riele (å *rieṭ, rieṭe, rieṭṭ*)
styre, leikeslåst (eigl. regjere)

rieling (ei *rieṭeŋŋ, -iŋŋa*)
leikeslåsting, herjing

rikkaved (ein *rekka-ve* NB! ikkje rekkaved = rekved)
flammaved, ved med tverrgåande el. krokete striper (rotved el. knølar) Sms. rikkaskaft = knivskaft av rikkaved, rikkabjørk = flammabjørk

rikke I (ei *rê̂kk, rekkå* NB! ikkje rekke) = rille, fòr, tverrstripe Jf. rikkel I

rikke II (å *rê̂kk, rekka*)
– det rikka ikkje skøyt (*ṣʒpt*) = det står heilt fast Jf. stat' i steinmjøl

rikkel I (ei *rekk'eṭ, rekkṭå*) = rikke

rikkel II (å *rekk'eṭ, rekkṭa*)
1. lirke. vrikke noko att og fram (trans): *ne framm-tåŋŋa rekkṭa e att å framm me feŋŋrå*
2. om lyd/rørsle: rikle (intrans): *bålḷṭ'n va så lɒs att e hɒr nå så rekkṭa*

rikkelstikke (ei *rekkeṭstê̂kk, -stekkå*)
1. barneleike av to korte pinnar og ein lang pinne i midten (langpinnen verka som "bjøllekolv", liknar ein kastanjett)
2. overført: urosende Jf. kvims

rikkåt (adj *rekkåt*)
stripete t.d. om katt Sjå: rikke I
riklåt (adj *rekkłåt*)
som har riller (t.d. som eit vaskebrett) Jf. rikkel I
riks (ein *rekks, rekks'n*) = knirk
rikse (å *rêkks, rekksa*)
knirke, gnisse, snakke einstonig (med knirkemål): *se gåłłv-fjøłiŋŋ rekksa så att! / ka e de du siţţ å rekksa omm no tru!*
riksen (adj *rekksiŋŋ, -sa, -se, -sne*)
som riksar: *ho e så rekksa e måła*
rikt (adj inkj *rikt* av rik)
særskilt om bruk av spett eller våg: taket blir for rikt når skilnaden mellom vektarmane blir for liten: *iʒʒe stekk-poŋŋ spætt'e så laŋŋt – taʒ'e błi fær rikt*
rilender (ein *rileŋŋer*)
reinlender (dans)
ringann (adv *reŋŋaŋŋ*)
snart, fort gjort: *de va reŋŋaŋŋ revve*
ringje (*riŋŋe*) sjå: **rinne I** (kjørel)
ringved (ein *reŋŋ-ve*)
firkanta stokk nedst på taksida for å hindre torva å gli av
Jf. torvhaldstokk
rinnast for (å *riŋŋast fær, riŋŋst, raŋŋst, roŋŋest*)
komma på: *de raŋŋst-fær-me att du lyt da væł hæm'att te kvełłs*
rinne I (ei *rîŋŋ, riŋŋå*)
ringje, lågt og vidt lagga trekjørel til å sette bort mjølk i for å få fløyten til å flotne
rinne II (å *riŋŋ, riŋŋ, raŋŋ, roŋŋe*)
renne (intrans) Jf. renne II
rip og rå (*rip å rå*)
– leite både rip og rå = leite alle tenkjelege stader (eigl. skipsuttrykk)
ripe I (ei *rîp, ripå*) = stripe, riss
ripe II (å *rîp, ripa*)
risse, laga stripe med ein spiss
ripl (eit *ripł*)
rabbel, kladd, krot, krusedullar: *ṣluţţ me sa ripła ti boʒ'en din!*
riple (å *rîpł, ripła*)
rable, kladde, krote
ripmåt (eit *ripmåt*)
snikkarreiskap til å risse ei line parallelt med kanten av trestykket
risbit sjå: **ressbit**
risdengje (å *ris-deŋŋe, -deŋŋe, -dæŋŋt*)
gi ein omgang juling med eit ris
Jf. flie, knøa
rist (ei *resst, resst'a*)
1. overdel av fotblad (NB! ikkje *ein* rest = sledebrems)
2. fiskeskjel Sms. sildrist
risthøg (adj *ressthøg*)
overført: kaut, kry, kjepphøg, "høg pund nasinn" (eigl. med høg rist)
ristill sjå: **restill**
rive han klår (å *riv 'n kłår, riv, ræv, revve*) = bli klårver
riven sjå: **revven**
ro I (ei *ro, ro'a, ro'n, roe, roiŋŋ*)
1. mutter
2. sliperand (t.d. på ljå)
ro II (å *ro, rør, rådd*) = ro (med årar)
rogngull (eit *råŋŋngołł*)
rogneblomster Jf. heggjegull

rokkaband (eit *rokkabaŋŋ*)
rukkeband, rynkeband, snøringsband på kleplagg (rundt liv, hals, handled osb.)
rokke (ei *rôkk, rokkå*)
rukke, rynke, skrokke
rokkel I (eit *rokkʹeţ, rokkʹţe*)
rukl, rusk, skrap
rokkel II (å *rokkʹeţ, rokkţa*)
rokle, gå og slenge Jf. strokkel
rokkmann (ein *råkkmaŋŋ*)
den første karen eller guten som kom til gards etter at kvinnfolka hadde teke til å spinne att etter jul Jf. skogsfrue
rokkmannssgåve (ei *råkkmaŋŋsgåv*)
gåve som rokkmannen etter skikken skulle ha av ho som spann (LH: Kring gamle Tovadal s.73)
rokkåt (adj *rokkåt*)
rukkete, rynkete, skrokkåt
rolegkar (ein *role-kar*)
rekonvalesent eller aldrande person
rolen (adj *roliŋŋ, -la, -le, rolne* bf *rolʹn* komp *rolnar, rolnast*)
roleg: *dæmm e rolʹn, krøttera, boŗŗţi ny-bæt'n*
roll' sjå: **rulle**
rom I (eit *romm, rommʹe*)
særskilte tydingar:
– det lyt alle veta rommet sitt = ein må halde seg til eige "stand og stilling"
– svara rommet sitt = gjera rett for seg
– *ga tu romma* = vike plass, la andre ta over
rom II (adj/adv *romm*)
romsleg: *ne riŋŋʹen e så romm att e kaŋŋ mess 'n / du må ha-på kţaviŋŋ paṣṣţe rommt*
romfrek (adj *rommfrek*)
romstor, som tek stort rom
rompe (ei *rômmp, rommpå*)
rumpe, rove, hale Jf. rauv, spel
rompkjevvel (eit *rommpḳævveţ*)
rumpekjevle, lerreim under hesterumpa (festa til bakgjorda)
rompvisp (adj *rommpvessp*)
om hest: som har ein uvane med å kaste rumpa over taumane og såleis hindre styringa:
he 'n na rommpvessp mærrʹa eŋŋo?
romse (å *rômms, rommsa*)
røre seg eller gi lyd frå seg i halvsøvne: *e hvr du rommsa på de*
romslen (adj *rommṣliŋŋ, -la, -le, -lene* bf *-len* komp *rommṣlenar*)
romsleg
romtent (adj *rommteŋŋt*)
med store gliper mellom tennene
rone (å *rôn, rona*)
gå i sjøldøån, vime, verle, vimmer, ikkje veta kvar ein skal
ron-kall (ein *ron-kaḷḷ, -kaḷḷ'n*)
runekall, trollmann
ron-kjerring (ei *ron-ḳærreŋŋ*)
ei som driv med trolldomskunster
rose (ei *rôs, roså, rosåŋŋ; røsʹer, røsʹeŗŋ, roså*)
rosemåling, prydmåling: *de va haŋŋ så måţa røsʹeŗŋ på skåpdvrrå*
– Du må ikkje innbille deg røser = ikkje sjå så rosenraudt på det
rosin sjå: **røssinner**
roskar (ein *rosʹkar* sjå kar)
roar (i båt)

rosse (ei *râss, råsså*)
vindrosse, vindkule, vindkast
Jf. vindgjerde
rossmålreip (eit *råssmåɫ-ræp*)
reip som er laga av huda på rossmål (kvalross)
”Rossmålreip og møkkjagreip med tindar tri av treslag…”(HH: Kultursjå, Vårsøg s.212)
rossåt (adj *råssåt*)
kastete, med vindrosser Jf. gjerdåt
rostall (adj *råstaɫɫ*)
høgrøysta, bråkete Jf. rosten
rosten (adj *råsstiŋŋ, -sta, -ste, råsstne* bf *råsst'n*)
hard, brykkjen, nater
rotbert (adv *rotbæṛṛṭ*)
snøbert kring trestammane
Jf. vårbiten
rote (ein *rote, rotiŋŋ*)
rotstokk, rotende
roten, rotne sjå: **råtten, råtne**
rotstøtting (ein *rotstøtteŋŋ* sjå støtting)
slede utan eller med få og grove remmar (til tømmerkjøring)
rottveå (ei *råttveå, -veå*)
rottved, tryneband til gris (under slakting)
rubank (ein *ru'baŋŋk, ru'baŋŋkẹn*)
langhøvel
rudde (ei *rûdḍ, ruḍḍå*)
grovt ris, lurk, bjørkekvist, sveig (til å jaga krøtter eller truge ungane med) Jf. svøggu
ruff (ein *ruff, ruff'en*)
djup smell, drønn: *vi hørre ruffaŋŋ når ḍæmm mine* Jf. dønn/dånn
rufs (ein *ruffs, ruffs'n*)
bråtak, bråvending:
haŋŋ to de hæle ti æn ruffs
rufse (å *rûffs, ruffsa*)
kaste, rote, gjera luftig, fara uvøre åt:
ta æn hɒygaffel å ruffs-opp na doŋŋaŋŋ! / iḳḳe farra å rûffs så du riv-ne aɫɫt så lɒsst e!
rufsen (adj *ruffsiŋŋ, -sa, -se, -sne*)
ujamn, ugrei, luftig, bustut (om hår, høy o.l.) Jf. løen, yven, skruvlen
rukke- sjå: **rokk-**
rul (ein *ruɫ, ruɫ'ṇ*)
tjukk hud eller kul etter eit sår
rulle bommme (å *rôɫɫ bômm, roɫɫa*)
barneleik: ligge strak på marka og rulle som ein stokk nedover ein bakke
rundbrennar (ein *roŋŋbreŋŋar*)
1. ein type brennar i oljelampe
Jf. flatbrennar
2. kar som fer frå den eine kjærasten til den andre
rundten om (adv *roŋŋt'n omm*)
rundt om
rupp (ein *rupp, rupp'en*)
fall på ski
ruppe I (ein *ruppe, ruppiŋŋ*)
1. grov kjepp, trelurk
2. stor og grov kar, røttull
ruppe II (å *rûpp, ruppa*)
dette på ski (Det var skam å ikkje gjera oppatt ruppen sin, altså renne dåra ein gong til og stå. LH: Kring gamle Tovadal s.62)
Jf. skyte bjønn
rusken (adj *ruṣṣḳiŋŋ, -ṣḳa, -ṣḳe, russkne* bf *russk'n*)
om åtferd: fæl: *ta va ruṣṣḳe åt'fårre*

om ver: stygt, utriveleg: *haŋŋ varṛṛ ruṣṣʒiŋŋ me vera se sîsst daggaŋŋ*

ruskhans (ein *russk-hanns, -hanns'n*)
rusktallik, ruskfat

rutt (adj *ruṭṭ*)
rak, bratt, bein, oppreist (om person): *ho gåṛ ḍer lik ruṭṭ eŋŋo*
Jf. stronk

ruttull sjå: **røttull**

ruv (eit *ruv*) = ruve, storleik:
de e 'ʒe ruv ette tøŋŋ'n (tyngda)

ruvands (adj *ruvaŋŋs* av ruve)
ruvande, stor, omfangsrik

ruve I (ei *rûv, ruvå*)
(ein gongs) skithaug som ku, hest e.l. dyr har gjort frå seg, ein liten haug

ruve II (å *rûv, ruve, ruft*)
ruve, sjå stor ut:
de e iʒʒe så toŋŋt så de ruve

ryggjetavvel (ei *ryjje-tavveṭ, -tavvṭå*)
ryggtavle, heile ryggsida frå hals til hofter

ryggjetole (ei *ryjje-tâṭ, -tåṭå*)
ryggvirvel

ryke (å *ryk, ryk, rɒk, råʒʒe*)
– ryke i hop = gå til åtak på einannan
– ryke opp = 1. gå konkurs: *haŋŋ he råʒʒe-opp fɒr å, na haŋŋ'elsmaŋ'ŋ* 2. bli uvêr: *de rɒk-opp me ṣŋøfåkk*
– ryke på = overfalle: *'n rɒk på me*
– ryke åt = stupe, falle: *ho rɒk-åt på håṭṭkåŋŋ* (også: gå over ende i fylla: *dæmm rɒk-åt på hæmvæja*)
Jf. gyse, åtråkkjen

rykkje (å *ryʒʒe, ryʒʒe, røkkt*)
særskilt: komma med stutte sinneutbrott og fornærmingar

rykkjen (adj *ryʒʒiŋŋ, -ʒʒa, -ʒʒe, røkkne* bf *røkk'n*)
særskilt: som kjem med sinte utbrott og fornærmingar, som svarar mutt på tiltale Jf. kveksen

ryl (ein *ryl, ryl'n*)
sjukeleg utvekst i huda på dyr t.d. på kuspenar

rypgarde (ein *rypgare, -gariŋŋ*)
kvistrekkje som leier rypa mot snarene

rypsekk (ein *rypsækk, -seʒʒ'en*)
gammaldags ryggsekk av seglduk, med el. utan meis

ryr (adj *ryr*)
udryg (også: som ikkje lever lenge):
oŋŋdommen va ryr deŋŋ ti'a teriŋŋa hærrja e bøggdå Jf. skryp

ryt (ein *ryt, ryt'n*)
bjørkefink (fugl)

ryte (å *ryt, ryt, rɒt, råtte*)
snorke Jf. dra hyse / storsei

ræna, rænna sjå: **renna**

ræv- sjå: **rev-** og **rauv-**

rø (eit *rø*) = ròd, fiskeskinn

røe sjå: **røå**

-røing (ein *-røeŋŋ, -røiŋŋen*)
nemning på båt etter kor mange årepar (roarar), sisteledd i samansette ord: seksrøing, sjurøing

røkke (å *rɒkk, rɒkk, råkk, råʒʒe*)
rekke, nå, strekkje til:
de e bær-ṣå-viṭṭ de rɒkk-e-hop-att

røkkel (eit *røkk'eṭ, røkk'ṭe*)
rekel, lang person

røkku (ei *røkku, røkku, røkkuŋŋ; røkkuå*)
reke, spade, krafse t.d.
møkkjarøkku

røl (eit *røł*) = tullprat

Røl (namn *røł*) = Rolv Jf. Råg

røle (å *rø̂ł, røła*)
tala tull Jf. ravvel, lagde

rømmast (å *rømmast, rømmest*)
1. utvidast: *skånn'aŋŋ rømmest væł te e vetåŋŋ* (i væta)
2. få rom: *dæmm rømmtest mæsstå iḳḳe iŋŋi sal'a*

rømme (å *rø̂mm, rømme, rømmt*)
1. gjera romslegare, utvide
2. rømme, flykte
– rømme hus = ikkje greie å vera i hus

rømmebunke (ei *rømm-bôŋŋk*)
rømmekolle, nysila mjølk som ein legg ein rømmeklatt oppi og set bort til syrning i ei rinne eller ein liten bolle til å servere beinast (i høveleg temperatur tek syrninga berre eit døgn)

rømt (ei *rømmt, rømmt'a*)
rømming (helst i seiemåten ta rømta)

rønnast på (å *rønnast på, rønnest, rønntest*) = røynast på, ta på

rønne I (ei *rø̂nn, rønnå*)
vinddrag Sms. vestrønne, utrønne: *nåṛ ḍe e gover, bṭi dæmm aḷḷvæg fæṛ ṣa utrønnåŋŋ ette meddan uti Staŋŋviḳen*

rønne II (å *rø̂nn, rønne, rønnt*)
røyne, overanstrenge: *ho rønnt haŋŋ'a si så 'å lɒt åt dåkkt'ra*
(rønne på *(rønn-på)* = rønnast på)
Jf. renna

rønnen (adj *rønniŋŋ* bf *rø'nn*)
gruggen i målet:
dæmm he såŋŋe så gæłłe att dæmm he våṛṛṭe rø'nn e haṭṣ'a

rør (ei *rør, rør'a*)
1. røyr
2. lyske, overgang mellom underliv og lår
3. strandgras, kveke

røre (å *rø̂r, røre, røṛṭ* NB! ikkje røve = bevege)
1. vikle, vinde omkring ein skøyt e.l.
2. røre om i væske, graut e.l., blande
Jf. tulle 1

røslen (adj *røṣṣliŋŋ, -la, -le, -lene* bf *røṣṣlen*) = røsleg, stor, ruvande (folk)

røsnaverk (eit *røssnavæṛṛk, -væṛṛḳe*)
rausnaverk, storverk, meisterverk, bedrift: *no he du saŋŋele joṛṛṭ eṭṭ røssnavæṛṛk* Jf. tørvatak

røssa (å *rɒssa, rɒss, råss, råsse*)
1. rysja, drysse
2. grøsse, gyse, gå kaldt nedover ryggen: *e rɒss e håḷḷ'e bærre e teŋŋḳe på de*

røssen (adj *rɒssiŋŋ, -ssa, -sse, -ssne* bf *-ss'n*) = som smuldrar el. drys lett

røssinner (ei *rɒssiŋŋer, -erå, -eråŋŋ*) = rosin

røst (eit *røsst*)
takreising, gavl på hus (trekant mellom raft og møne)

røstast (å *røsstast*)
ruste (om jarn) Jf. eirast = eire

røste (å *rø̂sst, røssta*)
sette røst på: *du røssta fær latt* =
brukar for liten takvinkel
Sms. brattrøsta, flatrøsta
røstkabbe (ein *røsstkabbe, -kabbiŋŋ*)
ein av dei stutte stokkane øvst i ein tømra gavlvegg
røstmor (ei *røsstmor, -mora*)
nedste stokken med sned på i ein tverrvegg Jf. kråke (øvste)
røttull (ein *røttuḷḷ, røttuḷḷ'n*)
ruvande, storvaksen, grovlemma kar Jf. hurre
røv- sjå: **rauv-**
røvast (å *røvast, røvest, røftest*)
røyvast, røre seg, lea seg, bli fart på: *e ska sæi de haŋŋ fekk de te røvast me arrbeia! /*
e såg nå så røftest boṛṛṭi ḳærrå
røve (å *rø̂v, røve, røft*)
røyve, røre, ta på, komma borti, skiple, endre på: *du får iḳḳe rø̂v nå̂ på bora me e e û̂t! / de står orøft aḷḷt iŋŋpå låffta din / vi lyt væṭ røv åss ska vi 'ḳe steṛṇ-boṛṛṭ*
– røv-opp = flytte oppover
– særskilt: mislykkast med å få jeppen unna høllu i "vippe jeppe": *no røft du!*
røvje (*rɒvvje*) sjå: **revje**
røvvel (ei *røvv'eṭ, røvvṭå*)
1. rot, noko uryddig eller ulendt Jf orøvvel
2. liten barkspade
røya (å *rɒya*)
rydje, hogge til noko med øks, fjerne kvist med øks: *haṭṣaŋŋ på jætbåta e rɒya, dæmm e ḳe saga å præssa ṣlik så på nyar båta*
røye sjå: **røyå**
røyne sjå: **renna, rønne**
røyse (å *rɒ̂s, rɒse, rɒst*)
røyse, sette i røys:
ska vi rɒ̂s ve'n me-di-sommå?
røyte (å *rɒ̂t, rɒte, røṭṭ* NB! ikkje raute)
1. røyte, misse hår, rotne (intrans)
2. fjerne håra av skinn, få til å rotne (trans)
røytegg (eit *rɒtægg, -ejje*)
egg som ikkje blir klekt (som rotnar)
røytvêr (eit *rɒtver*)
vått og varmt ver (som skundar på rotningsprosessen):
hɒy'e bḷi ødelakkt ti se rɒtvera
røytår (eit *rɒtår*) = år med røytver
røyve sjå: **røve**
røyå (ei *rɒyå*)
rydje, snauhogg i skogen, glenne som er rydda:
de e snøṭṭ eŋŋo oppi sa rɒyåŋŋ
røå (ei *røå*)
kornstaur med kornband
rå (ei *rå, rå'a, rå'n; re, re'n, rå'nå* NB! ikkje råd)
1. krå, innvendig hjørne, avkrok:
de e foḷḷt tå kåŋŋeṭvev kreŋŋ aḷḷa re / skåpen ska stât boṛṛṭi rå'n
2. tverrstong øvst i mastra til å feste seglet i Jf. geitbåt
rå te (å *rå-te, rår, rådd*)
rå til, skaffe, samle tilfang: *de så e te-rådd te juṭ, ska ga-me te juṭ*
råd (ei *rå, rå'a, rå'n, råe, råiŋŋ, råå* NB! ikkje rå) = råd, hjelperåd, utveg
– ha råda = kunne greie økonomisk
– kunna råd for = vera årsak til, kunna lastast for

– stå råd til (*stât rå te)* = vera råd, vera muleg: *ska de iḳḳe stât rå te få na oŋŋiŋŋ te tia!*

rådlaust (adv *rålɒsst*)
kjøle, frykteleg, over all måte: *de e rålɒsst kåṛ 'ṇ fer-åt!*

rådrikjen (adj *råriḳiŋŋ, -ḳa, -ḳe, -kne* bf *-k'n*) = rådrik, rådig, maktsjuk,kravstor, glohersk

Råg (namn *råg*) = Rolv Jf. Røl

rågge (ei *râgg, råggå*) = rugde (fugl)

råk (eit *råk, råḳ'e*)
krøtterstig Jf. buråk

råkje (ein *råḳe, råḳiŋŋ*)
råke, spytt, spyttskum

råkåneise (ei *råkkånæ̂s, -næså*)
bitering eller anna som småungar bit i (av råkje (spytt)? Heimfesta på Mogstad)

råle (å *râṭ, råṭa*)
rote, leite, samle, få tak i: *e råṭa-me-me nå kṭê åt de*
– råle åt seg = kara åt seg sjølv (i meste laget) Jf. amrålen, ei amråle

råme I (ei *râm, råmå*)
ramme: *du må ha râm på ta bellete*

råme II (å *râm, råma*)
råke, treffe: *haŋŋ råma-te å ha så mâŋŋ kronå på se*

råmen (adj *råmiŋŋ, -ma, -me, -mne* bf *råm'n*) = hås, stiv, slimlagd: *e vaṛṛṭ så råmiŋŋ å sår e haṭṣ'a*

rånd (ei *rånŋ, rånŋ'a, rå'ŋŋ; reŋŋ'er, reŋŋ'eṛŋ, rånŋå*)
1. rad for dyrking av poteter, grønsaker, jordbær o.l. Jf. reit
2. stripe
3. innslag, personleg eigenskap, t.d. farkrånd

råndastav (ein *råŋŋastav*)
randastav, stav med borken avflekt i spiral

rånde (å *râŋŋ, råŋŋa*)
1. laga lange, uklåre halslydar, syte (om kyr), stønne i søvne: *na hæmkua rɒta aḷḷ'der, ho står å råŋŋa*
2. snakke klagande el. misnøgd: *ṣluṭṭ å ga å râŋŋ om ta deṛ ṇo!*
Jf. tyte

råndåt (adj *råŋŋåt*)
stripete, med render

rånne (å *râŋŋ*) sjå: **rånde**

rånne (ein *rånne*) Jf. syrånne

rårikjen sjå: **rådrikjen**

råskakk (adj *rå'skakk*) = skeiv

råskåp (ein *rå'skåp, rå'skåpen*)
kråskåp (på vegg eller golv)

råslag (eit *råṣlag, råṣlaje*)
slaktavfall

råss' sjå: **rosse**

råsse (ein *råsse, råssiŋŋ*) = rådsdreng

råstall sjå: **rostall**

råtne (ein *råttne, råttniŋŋ*)
rote, angrep el. del som er angripen av rotning: *de he gått råttne ti syḷḷståḳḳen / du lyt ɒkks-tu na råttniŋŋ*

råtten I (å *rått'n, råttna*) = rotne

råtten II (adj *råttiŋŋ, -tta, -tte, -ttne* bf *rått'n*)
roten (overført: lat, ikkje noko tess)

råttendyr (eit *rått'n-dyr*)
åtselbille

råttveå sjå: **rottveå**

S
(også sj-lyd og skj-lyd)

sa (pron *sa*)
1. desse der (flt nominativ og dativ): *ǩeŋŋe du sa karraŋŋ? / he du vårre e lag me sa karrå?*
2. denne der, dette der (eintal dativ av na og ta: *e vaṛṛṭ ǩeŋŋt me sa æ̂n kar'a på sa møta vi va på e går*
Jf. se, na

sabbe (å *sâbb, sabba*)
vasse i tung snø

sabben (adj *sabbiŋŋ, sabba, sabbe, sabbne* bf *sabb'n*)
om føre: tungt å gå: *de e sabbe ṣŋøfør* Jf. vall

sagmar (ein *sagmar, sagmaṛ'ṇ*)
sagflis: *vi bruka sagmar te poŋŋstråḷ e båså åt ku'nå*

sagvelte (ei *sagvê̊l̥̊l̥t, -vel̥̊l̥tå*)
plass til å velte tømmer som skal skjerast på saga

saka (adj *saka*)
ansvarleg, skuldig, anklaga: *e ǩeŋŋe me iǩǩe saka ti att de jikk så de jikk*

sakkalav (ein *sakkalav, -laven*)
skjellsord: *diŋŋ færbar̥̊ṛ'ka sakkalav!* (Kom truleg inn med misjonsinformasjon, og vart kanskje litt misforstått. Sakalavane var ei folkegruppe på Vest-Madagaskar, kjent for å vera opprørske og gjenstridige mot styremaktene og truleg mot misjonærane òg.)

saknadaude (ein *sakknadɒue*)
tragisk dødsfall som valdar sakn

saknasam (adj *sakknasamm*)
som valdar sakn

sakturleg sjå: **sekturle**

Salei (namn på ku som er salåt)

salfatt (adj *salfatt*)
salryggja t.d. om ski som spennet har gått utor (mots. stekkfatt)

salryggja (adj *salryjja*)
med svai (innsvinga, nedsigen) rygg Jf. salfatt

saltbiten (adj *sal̥̊l̥̊tbettiŋŋ, -tta, -tte, -ttne* bf *-tt'n*) = lettsalta

salte (ei *sâl̥̊l̥̊t, sal̥̊l̥̊tå*)
salting, saltlake: *ta ǩøtt'e vaṛṛṭ leggaŋŋ fæṛ ḷeŋŋ'e e sal̥̊l̥̊tåŋŋ*

salåt (adj *salåt*)
om dyr: som har store saman-hangande flekker av anna farge enn botnfarga

samdøgn (eit *sammdøŋŋn*)
døgn: *de e vaŋŋṭ soṭ'a ǩæmm-framm-att di ṣu fôsst sammdøŋŋna*

samfengt (adv *sammfæŋŋt*)
usortert, blanda:
vi pṭokka pottetåŋŋ sammfæŋŋt

samhaldau (adj *sammhal̥̊ɒu*)
solidarisk, samhaldsvillig

samhalde (ein *sammhal̥̊l̥e, sammhal̥̊l̥iŋŋ*)
stokk som går frå raft til raft og held saman langveggene i ein bygning (i tømmerhus: øvste heilstokken i tverrvegg)

samrøå (ei *sammrøå, -røå, -røåŋŋ*)
samrøde, samtale

sams, på samsen (*på samms'n*)
i samarbeid, i lag, til felles bruk

samstelle seg (å *sammsteḷḷ-se , -steḷḷe, -steḷḷt*)
samrå seg, gjera avtale: *dæmm ha sammsteḷḷt-se omm å ta 'n når 'ṇ komm-att / vi må sammsteḷḷ-åss om sɒu-lætiṇṇa*

sandhol (eit *saṇṇhåł*)
grustak (sandhol er eit eldre ord)

sandgråv (ei *saṇṇgråv* sjå gråv)
grustak, sandhol

Sanktolakjerkjå (*saŋŋtoła-ʒerrʒå*)
gamlekyrkja i Stangvik (frå før reformasjonen)
– "amen i sanktolakjerkjånn" = uttrykk for å forsikre om noko: *de e vesst så a'men e saŋŋtołaʒerrʒåṇṇ!*

sanne etter (å *sâṇṇ, saṇṇa*)
halde med, seie seg samd i: *haṇṇ saṇṇa-ette aḷḷt dæmm sa*

sannsagt (adj *saṇṇsakkt*)
påliteleg, sannferdig

sarv (eit *sarrv*)
skrap Jf. rammal, rokkel

sarvar (ein *sarrvar*)
øydar, ein som misbrukar og sløsar bort verdiar

sarve (å *sârrv, sarrva*)
vanskjøtte, la forfalle, sløse og spille: *haṇṇ sarrva vækk aḷḷt 'n âtt – haṇṇ va færsarr'va ʂøł å*

sate (ein *sate, satiṇṇ*)
satan: *he du hɒṛṛṭ ṣlik sate te kar!*

saudaude (ein *sɒudɒue, -dɒuiṇṇ*)
grastust som står att etter slåtten (underforstått: alt fôret må bergast for at dyra skal overleva

sauløkke (ei *sɒulôkk, -løkkå*)
sauelykke, hell med seg i sauedrifta
Ordtak: "Du må ikkje drepa konglå, da misser du sauløkkå."

saum (ein *sɒm, sɒm'en*)
– lære saumen = lære seg skreddarhandverket

saume (å *sɒ̂m, sɒma*)
1. sy (med nål eller symaskin)
Ein *saumar* ty, vatnet sy = *kokar*
2. spikre
– "Han var ikkje god å saume sko etter" (vanskeleg å ha med å gjera)

saup (eit *sɒp, sɒp'e*)
væske som blir att når smøret er ferdigkinna

saupskalle (ein *sɒp-skaḷḷe*)
tosk, dumskalle

save (ein *save, saviṇṇ*) = sevje

se (pron *se*)
1. desse her (flt nominativ og dativ): *se kåppaṇṇ tyʒʒe e e ʒøłe fin /*
de e så fint mønnster på se kåppå
2. denne her, dette her (eintal dativ av ne og te : *de e skråḷḷå både ti se kåpp'a å se fata* Jf. sa, ne

seg (eit *sæg, sæj'e, sæja; sæg, sæj'a*)
1. sig, siging, om noko som glir tungt og seint
2. vass-sig Sms. myr-seg: *de e lik błøtṭ ni sa sæja*

segg (adj *segg* NB! ikkje søgg)
sigg, trøytt, mo, sliten, tung i koppen: *e va segg på daggavis ette sa lâṇṇ ṣʒi'tura* Jf. sjo

seggasam (adj *seggasamm*)
trøyttande, slitsam (om arbeid)

segge (å *sêgg [segga], segga* intrans/trans)
sigge, gå, flytte seg tungt og seint: *dæmm ḳjæmm væṭ seggaṇṇ, sa gammeṭkarraṇṇ å / haṇṇ segga hæm hɒy-drajiṇṇ*

seggel (eit *sægg'eṭ, sæggṭ'e, sæggṭa*)
1. skipssegl
2. segl, vassrett firkantjarn festa midt oppå spennoren (på kvernkallen) og inni hakk i oppåsteinen og driv denne rundt

seggelstein (ein *sæggeṭstæn*) ballaststein

segjen (adj *sæjiṇṇ, -ja, -je, -gne* bf *sæg'n* NB! ikkje seigjen = seigvoren)
våtlendt av di vatn sig fram av jorda: *de viḷḷ haḷḷ-se sæje opponṇ bakkå* Sms. våtsegje Jf. seg

segl sjå: **seggel**

seie (å *sæ̂i, sie, sa, sakkt*)
– seie tå = seie frå: *sæi me bærre tå ka du viḷḷ ha me te järra!*
– *de sie se ṣøṭ tå* = det er sjølvsagt
– *sæi 'nå græn'a!* = sei han sannheita beint fram!

seigje (ein *sæje, sæjiṇṇ*)
seigheit, at noko er slagje: *rættno he væṭ hɒy'e tåṇṇa-te så de he ṣlæfft sæjiṇṇ / lægg fṭatbrøe boṛṛṭpå åmm'n, så te du tu di sæjiṇṇ*

seigjen (adj *sæjiṇṇ, -ja, -je, -gne*)
seigvoren (helst om mat): *dæmm e nåll'es sæg'ṇ, sa bakelsa* (NB! *seigjen* av *seig*, men *segjen* av *seg* (sig), uttalen er den same.)

seignad (ein *sægna, sægna'n*)
eigenskapen å vera seig: *de fiṇṇst-ikkje sægna ti kaḷḷ grankvesst*
(også om noko som gjer ting seige: *dæmm bruka aṭṭm-båṛṛk te sægna ti brø-dæja*)

seigost (ein *sæg-osst*)
overført: person som er treg

seinarår, i seinaråå (*e sænar-årå*)
i dei seinare åra

seindrølen (adj *sændrøṭiṇṇ* sjå drølen)
sein, som ikkje kjem i gang
Jf. dromlen, nølen

seinkreste (ei *sæn-krêsst, -kresstå*)
seinkreiste, nokon som er seindrølen Jf. køssu, kreste

seinkvelda (adv *sænkveḷḷa*)
seint på kvelden, seinkvelds: *de bṭi væṭ sænkveḷḷa fɒṛ ḍu ḳæmm-att*

seisjøen (*sæi-ṣy'n* sjå sjø)
seifiske: *vi he vårre på sæiṣynå*

sekkasen sjå: **sidkast**

sekkast (å *sekkast*)
sikkast, bli samanrista

sekke (å *sêkk, sekka*)
sikke, dunke, støyte, løfte og sleppe t.d. ein sekk slik at innhaldet stukar seg saman: *du må sêkk seḳḳ'en, så mjøṭ'e sekkast-e-hop*

sekkel sjå: **sikkel**

sekkjemule (ein *-muṭe, -muṭiṇṇ*)
den attknytte enden på ein sekk (også: sekkjestryte)

sekkjerauv (ei *seḳḳerɒv, -rɒva*)
botnenden av ein sekk

sekkjestryte (ei *seḳḳestrŷt, -strytå*)
dss sekkjemule

sekne (å *sekk'n, sekkna*)
sikne, botnfelle seg, setne (om faste partiklar i væske): *du lyt vêṇṇt me å tâpp tesst gromms'e he sekkna* (av å sike)
sekturle (adj *sekktuṛle*)
roleg, stillfarande, varsam, spak: *haṇṇ taḷḷa lik sekktuṛle så 'n bruka, da å*
"John Neergaard vann lett tiltru, kvar han kom; han var ein sigturleg kar."(A. Skrondal: Årsskr. for Nordmøre Historielag 1931, s.35)
sekturlen (adj *sekktuṛliṇṇ, -la, -le*)
dss sekturle
sela (ein *sæḷḷa, sæḷḷaṇṇ*)
høvre, metallbøyle over hesteryggen mellom selaballane i hestgreie
selaball (ein *sæḷḷabaḷḷ*)
pute på kvar side av hestryggen (på greiet) (Om hest og utstyr baki boka)
selareim (ei *sæḷḷaræm, -ræma*)
reim mellom selaballen og oreringen på hestgreie Jf. oppsylje
selle (ein *seḷḷe, seḷḷiṇṇ, seḷḷå*)
underleg fyr Jf. gjessill
selje (å *sæḷ, sæḷ, sæḷḷ*)
– selje flesk = når undstakken står unna utapåstakken
semmer (adj *semm'er*)
dårleg, simpel, kleinsleg, svak: *de e æn semm'er kar / ta e fær semm'eṛṭ te å byjje me, d'e bærre te utgaṛṣ-veå* Jf. spei
semmers (adv *semm'eṛṣ*)
som står dårleg til: *de e semm'eṛṣ me dæmm oppi Trø'n*

senden (adj *seṇṇiṇṇ, -ṇṇa, -ṇṇe*)
sandvoren, smågrynete (om graut)
sendingsspann (eit *seṇṇeṇṇs-spaṇṇ*)
meierispann "…ho er hus-il og hard med handå, skramla med sendings-spannå kvar durs-kvil" (Østbø: Kvardags kvede s.27)
sene- sjå: **senna-**
sengjafor (eit *seṇṇafor*)
det foret ein slo og tørka først under markaslåtten for å ha til underlag i senga (også generelt om senghalm):
på set'eṛṇ bruka vi høy te seṇṇafor
sengjaframmund (*seṇṇaframmoṇṇ*)
overnattingsgjester
Jf. nattframmund
sengjagavvel (ein *seṇṇagavveḷ* sjå gavvel) = tverrende på seng (også: hau-gavvel og fotgavvel)
sengjamat (ein *seṇṇa-mat*)
mat som ein ber med seg når ein går på besøk til barselskone (opphavleg rømme- el. smørgraut), også bruka generelt om gåve til den nyfødde
Jf. beining
sengjamatkjerring (ei)
kjerring som kjem på besøk med sengjamat
sengjarom (eit) = sengeplass
sengjastav (ein *seṇṇa-stav*)
den fremre sidefjøla (særleg øverkanten) på ei seng som står langs vegg, sengekant: *ho satt på seṇṇastava å nugga ɒuåṇṇ*
senn, litt for senn (adv *lit fæṛ ṣeṇṇ*)
litt om senn:
haṇṇ dre-se te-att lit fæṛ ṣeṇṇ

sennadrått (ein *sænnadrått, -drått'n*)
senetrekk, muskelkrampe (også sagt: *sænnabrått*) (*drått* av *dra*, *brått* av *bryte*)
sennband (eit *sænnbaŋŋ*)
strømpestrikk, gummistrikk innvoven i ty, hoseband
sennbandstae (ein *sænnbaŋŋstae, -stainŋ*)
plass på leggen like under kneet: *ṣnø'n nådd me opponŋ sænnbaŋŋ-stainŋ* Jf. høssubandstae
sennin sjå: **senden**
serre (å *sêrr [serra], serra*)
sirre, om svak, dirrande lyd t.d. frå ei grashoppe: *så viţţ de serra liv ti 'nå* Jf. kårra
seterdeie (ei *seteṛḍæ̂i, -ḍæiå*)
budeie på setra
seterdrått (ein *seter-drått*)
avkasting, det som blir laga på setra
seterhelg (ei *seterhæţţg, -hæţţja*)
siste søndagen dei var på setra (festdag, da folk nedafrå bygda kom på besøk, og det ikkja vart kinna eller ysta, men ete av seterkosten)
"Når hausten kjem å siskveldskløva henta, da ska e takk for sommarn så e fekk" (HH: Vårsøg s.173)
seterhelgfest (ein *seterhæţţg-fæsst*)
dansetilstelling helga etter heimferd frå setra
sett (ei *sett, sett'a*)
7 – 8 samankasta kornband som skal førast opp på same staur
Jf. røå
setta sjå: **sætta**

settande (adj *sættaŋŋ*)
– *te sættaŋŋ ti* = til fastsett tid
Jf. sætande.
sette (å *sætt* ubøygt)
– sette etter = irettesette:
bţi di aḷḷ'der åṛṇṭ'le ettesætt? / sætt-ette dæmm, du, no!
– sette føre = bestemme:
ho sætt færre att dæmm iǩǩe fekk farra tå gar'a
– sette i hop:
1. sette saman:
he du sætt-e-hop hɒy-griŋŋaŋŋ
2. samarbeide om hest:
ska du sætt-e-hop me dæmm Bakkå?
3. skjenne på:
ɒu, haŋŋ for å sætt-e-hop karraŋŋ!
4. få til å søkke saman:
haŋŋ sætt-e-hop ṣnø'n ti se le-vera
– sette ned = gravleggje: *ho vaṛṛṭ ne'-sætt attme færeḷḷd'rå sin*
– sette nedåt = gi motbør: *haŋŋ vaṛṛṭ neåtsætt så 'n ǩæmm-e-hɒu de*
– sette på:
1. ale opp dyr:
na okkstappen e på'sætt te greŋŋ
2. krevje, presse på:
oŋŋaŋŋ sætt-på å viḷḷa på ǩin'o
– sette åt:
1. stramme, dra til:
ta å sætt-åt na ro'a e-lit' mær!
2. formane, irettesette:
dæmm skoḷḷ ha vårre åt'sætt!
– sette opp styr = stå slik at ein viser fram underbuksa (kvinnfolk i stakk)
– sette seg ned: busette seg:
haŋŋ sætt se ne så bu-ræsar

– sette stua på taket = snu opp ned på det tilvante Jf. gjera huskast

settu (ei *settu, settu, settuŋŋ; settuå*)
sittestund, kvilestund: *de e mæsstå iʒʒe på'jærraŋŋ me når ṣettu / dæmm jor iʒʒe settu laŋŋ*
Sms. kveldssettu, oppsettu

sid (adj *si*)
sid, som rekk langt ned
– særskilt: svær, overdriven, som går mesta for vidt: *haŋŋ e si på ṣʒeŋŋʒ'en* (drikkfeldig) / *haŋŋ e si me ræŋŋna* (regnar intenst og langvarig)

sidbrok (ei *si-brok* sjå brok)
langbukse

sidbuka (adj *si-buka*)
med hengemage

sidkast (ein *sekk'as, sekk'as'n*)
siste kast i kortspel
– på sidkasten (*sekk'as'n*)= på slutten (generelt)

sidrønning (ein *sirønneŋŋ, -iŋŋen*)
sidrune, kornstrå som gror oppi (og ikkje er utvakse) blant skurdmoge korn om hausten.

sie sjå: **seie**

sige utover (å *sig utevve, sig, sæg, sejje*) = om folk: bli tjukk

sigge sjå: **segge**

signande, det blir aldri signande! (*seŋŋnaŋŋ*) = det blir aldri vel!

sik (ein *sik, siʒ'en*)
rest av flytande stoff som kan hellast ut or ein kopp (t.d. gruggjesik om siste rest av kaffe på kjelen)

sike (å *sîk, sika*)
tømme sakte og forsiktig vatn, kaffe e.l. or ein kjel el. annan kopp

sikke sjå: **sekke**

sikkel I (ei *sekk'eł, sekkłå*)
1. sikle, liten bekk: *de riŋŋ æi lita sekk'eł neafær høttåŋŋ*
Sms. bekkjasikkel
2. pusseplate, sikling

sikkel II (eit *sekk'eł, sekk'łe*)
spyttslevje Jf. råkje

sikkel III (å *sekk'eł, sekkła*)
1. renne litt, risle
2. slevje, la spyttet renne
3. ha lyst på
4: pusse med sikle (stålplate)

siladrope (ein *siladråppe, -dråppiŋŋ*)
spenevarm mjølk

sildbrem sjå brem
sterk lukt av sild frå fjorden

silder og såe (*siłłd'er å så e*)
rubb og stubb, alt ein har i hendene: *haŋŋ kassta siłłd'er å såe å spraŋŋ* Jf. sinder

silhår (inkjekj fl *silhår*)
gammaldags silklut av kuhår til å legge i tre-silen

silklut (ein *sil-kłut, -kłut'n*)
klut som ein sila mjølk, saft e.l. gjennom

silost (ein *sil-osst*)
botnfall i ystekaret på meieriet, vart sila gjennom lerretspose og gjeve som „bonus“ til arbeidsfolket

sinder (eit *siŋŋ'er, siŋŋ'ere*)
filspon, liten gneiste eller jarnrusk frå smiing, sagfiling e.l.
Jf. uttrykket silder og såe. Lars Røslie seier ”sinder og såe” – altså at metallpartiklar og mjølpartiklar er opphav til uttrykket

singel (ei *seŋŋ'eţ, seŋŋţå*)
lita bjølle med sprø klang
singlen (adj *seŋŋţiŋŋ, -ţa, -ţe, seŋŋţene* bf *seŋŋţen*)
som singlar, singlande:
haŋŋ he så seŋŋţe måţ
sipe (å *ṣîp, sipa*)
gråte stilt og vedvarande, la tårene renne:
sa dråk-oŋŋaŋŋ sipa fær iḳḳe-nå!
sirre sjå: **serre**
sirønning sjå: **sidrønning**
sitjørru (ei *si-ḳørru*)
tjøresmurt tyremse til tetting av suene mellom båtsbord
sitråd (ein *si-trå*)
tetning i suene mellom båtsbord
Jf. tjørrudrev
sitta (å *siţţa, siţţ, satt, siţţe*)
– sitta på kvelden= om månen: syne seg først seinkvelds: *de e kåţmpṛṛţ no når måniŋŋ siţţ så på kveḷḷ'n*
– sitta ti =ha lang etterverknad: *ḳøttmat e kåsst så siţţ-ti leŋŋe*
sjeldan sjå: **skjeldan**
sjo I adj *ṣo*)
om reiskap: sljo, sløv, ukvass
Jf. myle
2. om person: trøytt, klar, sliten
Jf. segg
sjo II (ein *ṣo, ṣo'n*)
sus, søg (naturlydar)
sjoa (å *ṣoa [ṣô], ṣoa*)
suse, søgje (om vind og vatn)
sjoskodd (adj *ṣo-skådd*)
om hest som har nedslitne , ukvasse "grev" på skorne
sjuande omfaret (*ṣuaŋŋ*)
noko langvarig eller langdrygt
– (uhøgtideleg om magasjau: "No he eg skjette på sjuand omfaret!"
sjursmøssdagen (*ṣuṛṣ'møss-da'n*)
litl-juleftan Jf. porkrakardagen
Tradisjon: Litljuleftdagsmorgonen var det brukeleg å seie til ungane at nokon hadde vore ute tidleg og svara jøttullen når han ropa: "– Kor lengje er det te jul?" Svaret var: "– Natta ei og daggann tvei te julkvelds."
"– Hu! Ikkje he eg brød e bur og ikkje ved e skjul!" ropa jøttullen og la i veg så det brautst i kvist oppi lia
(Variant: "Baka baka dur, / ikkje brød i bur / og ikkje ved i skjul. / Baka baka dur / når det er natta ei / og daggann to te jul.")
(Sjå dessutan HH: Gamalt frå Surnadal, Frå Krokvassdalen s.244)
sjy- sjå: **sjø-**
sjø I (ein *ṣø/ṣy, ṣy'n, ṣy'nå; ṣøa*)
sjø (i eintal generelt om sjø i mots. til ferskvatn og vassdrag, i flt. om bårer): *ta va eţţ måţ ţu ṣy'nå* (rosande om eit fiskemåltid) / *vi tæŋŋkt åss på ṣy'n e mårrgå / dæmm arrbeie på pţattfårrm uti Norṣynå*
sjø II (adv *ṣø* trykklett med kort ø)
ser du (understrekande: sjølvsagt, sikkert): *de e ho så he sîsst or'e me aḷḷt der e husa, ṣø*
sjøisemne (eit *ṣø-is-æmmn*)
ørsmå isflak som held på å fryse saman på sjøen Jf. sorr
sjølbeden (adj *ṣøţbeiŋŋ, -bea, -bee, -bene* bf *-be'n*)
som gjest på eige initiativ, utan invitasjon, som gjer noko uoppfordra

sjølbørt (adj *ʂøɭbɒrṛṭ* sjå <u>børt</u>)
sjølvhjelpt, sjølvberga: *”ʂøɭbɒrṛṭ e veɭbɒrṛṭ”* (ordtak)

sjøldøå, stå i sjøldøån (*stât e ʂøɭḍøåṇṇ* dativ)
stå i eigne tankar (sisteleddet har truleg med død å gjera, også sagt: *e ʂøɭḍɒuåṇṇ*)

sjølen (hankj bf eint: *ʂøɭiṇṇ*)
husbonden, sjølvemannen Jf. <u>sjølå</u>

sjølingane (flt *ʂøɭeŋŋaṇṇ*)
husbondsfolket, kjerring og kall på garden Jf. <u>kallty</u>

sjølmint (adj *ʂøɭminṇṇt*)
på eige initiativ Jf. <u>sjølbeden</u>

sjøl-seg (pron *ʂøɭ'ʂe*)
1. av seg sjølv: *he ’n kåmme på sa taŋŋkaṇṇ ʂøɭ'ʂe, tru?*
2. han sjølv/ ho sjølv/dei sjølve: *dæmm ska varra bærre ʂøɭ'ʂe e ʂlått-å’ṇṇ*

sjøl-sin (pron *ʂøɭ'ʂiṇṇ*)
sin eigen: *haṇṇ bruka ʂøɭ'ʂiṇṇ hæsst*

sjøl-sitt folk (*ʂøɭ'ʂiṭṭ fåɭṭk*)
sitt eige folk: *dæmm ska varra bærre ʂøɭ'ʂiṭṭ fåɭṭk e ʂlått-å’ṇṇ*
Jf. <u>sjøl-seg</u>

sjøløyskodde (ei *ʂøɭɒyskâḍḍ, -skåḍḍå*)
skodde som legg seg over låglendet om kvelden

sjølå (hokj bf eint *ʂøɭå*)
kjerringa på garden Jf. <u>sjølen</u>

sjøombering (ei *ʂy-ommbæreŋŋ -iṇṇa (ʂø-)*)
overgang mellom fløande og fallande sjø: *e ʂyommbæriṇṇen, da ’n va foḷḷ-fɭødd, da vera ’n tu å varṛṭ eɭ-rå* Jf. <u>bera om</u>

sjøsprang (eit *ʂyspraŋŋ, -spraṇṇ'e*)
avstand mellom flo og fjøre sjø

sjå (å *ʂå, ʂer, såg, ʂiṭṭ* pres part *ʂåaṇṇ*)
– sjå seg mål på = finne det muleg: *vi såg åss iḳḳe måɭ på å græ̂i åk'eṛṇ te kveḷḷs*
– sjå i tida = vente, drye: *vi lyt ʂå e ti'a tesst ’n laggast me vera*
– sjå ti = utsette noko: *vi må bærre ʂå'-ti me arrbeia*
–sjå svart på = ha lita tru på: *e ʂeṛ ʂvarṛṭ på å varrra bô̂ṛṛṭ så leṇṇe*
– sjå åt = vitje, undersøke: *e he ʂiṭṭ åt rypsnurruå træ̂i-kvaṛ ḍag*

ska- (førestaving *ska-*)
forsterkande i sms: skastor, skasterk, skasvær, skatung, skatak, <u>skajarn</u>, skabeist, skavêr (HH: Ho Ska-Kari, Vårsøg s.337)

skabberakkel (eit *skabberakkeɭ, -rakkɭe*)
noko rart og uvanleg å sjå til, ekstravagant (negativ karakteristikk av folk og dyr og ting): *de e eṭṭ skabberakkeɭ te kvinnfåɭṭk*

skade, komma i skade for (... *e skae fær*)
gjera skade på noko av vanvare: *e komm (me) e skae fæṛ ʂa fî̂n muggåṇṇ / oṇṇaṇṇ he kåmme (se) e skae fær ḳeḷḷargɭasa*

skaffnad sjå: **skapnad**

skafftein (ein *skaff-tæn*) = <u>skakktein</u>

skajarn (eit *skajaṛṇ*)
arbeidsamt og brykkje kvinnfolk
skaka (å *skaka*)
særskilt: avvike frå vanleg rutine m.o.t døgnrytme, rutetider o.l. : *de skaka ’ʒe så myʒʒy*
skakar (ein *skakar, skakaṛ’ṇ*)
dss skakktein
skakka (å *skakka*) = skjekka
skakktein (ein *skakk-tæn, -tæ’n, -tæna*)
skaktein, skakar, stong som gjekk frå kornteina nedpå kvernsteinen og regulerte innmatinga av korn frå teina Jf. skafftein ”Skakkteinen dansa på kvennasteinen” (LH: Kring gamle Tovadal s.58)
Gåte: Langsvarten på kommandanten så grågjømrå kvenka, og tørtollå dansa på bergja. (Sjå løysing i særartikkel om kverna bak i boka)
skakkåskylt (adj *skakkåsʒyllt*)
på slump, så ymse, skipla, dårleg: *de bʒi nå væʒ skakkåsʒyllt me mat'a no nåṛ ḍu ståka ålæ̂n?*
skaktein sjå: **skakktein**
skalle (ein *skalʒle, skalʒliṇṇ*)
1. panne, hovudskalle
2. rosande nemning for person med godt vett el. stor kunnskap: *de e æn skalʒle, ne nypræsst’n, kar!* (også: klokskalle)
skam (ei *skamm, skamm'a*)
– bite hauet tå skammen = ta mot til seg og gjera noko som kjennest vanskeleg Jf. skyte skam
skammabjørn (ein *skammabjøṇṇ, -bjø’ṇṇ, -bjøṇṇa*)
ein som gjer ugagn
Jf. obyskråke, skammakråke
skammabød (eit *skammabø* sjå bød)
skambod, tilbod/prisforslag som ligg langt under det rimelege
skammagjerau (adj *skammajærɒu*)
som gjer ugagn
skammakofte (ei *skamma-kôfft*)
unge som fingrar borti alt og gjer ugagn: *de nøtta iʒʒe å ha-te-fræss nå fær sa der skammakofftåṇṇ*
Jf. skammakråke
skammakråke (ei *skammakrâk*)
dss skammabjørn
skammalaup (ein *skammalɒp*)
dss skammabjønn
skammøren (adj *skammøriṇṇ, -ra, -re, -ṛṇe* bf *-øṛ’ṇ*)
skamørden, som fører skam over andre med talen sin, uforskamma, spottande, ironisk (truleg av *ord*)
skammørt (adj *skammøṛt*)
dss skamøren
skamruske (å *skammrûssk, -russka*)
fara for hardhendt åt med, øydelegge med uvørden framferd: *styṛ ḍåkkår no, oṇṇa, så di iʒʒe skammrusska ’n bæss'far!*
Jf. kollruske
skamskyte (å *skammsʒyt* sjå skyte)
skadeskyte (NB! ikkje skyte skam)
skandere (å *skaṇṇdêr, -ere, -eṛt*)
misforstått framandord med ny meining: øydeleggje: *vi skolʒl iʒʒe ha skaṇṇdeṛt så fine tomms'bor*
skankåt (adj *skaṇṇkåt*) = knokete

Røv Mølle

Langsvarten på kommandanten så grågjømrå kvenka,
og törtollå dansa på bergja.
E du lik vis, så ga på kvenna og hør med skakkteina.

skapa seg (til) (å *skapa se (te)*)
agere, gjera seg til: *haŋŋ skapa se toḷḷiŋŋ da dæmm komm å skoḷḷ ta 'n*

skapelon (ein *skapelon, -lo'n, -lona*)
skapnad, rar fasong

skaplagg (eit *skapḥagg, skapḥajje*)
skaplag, tilmålt arbeidsmengd, akkord, i meste laget å gjera: *vi lyt bærre ta-åt skapḥajja* (Frå norrønt: skap-lag = plikt, pålegg.)

skapnad (ein *skaffna, -na'n, -naa*)
skapnad, skap, form, stell: *de e æn stærṛk hæsst, miŋŋ e lika 'ʒe skaffna'n på 'nå*
Jf. verskapnad, oskapnad

skarp (adj *skaṛṛp, skaṛṛṭ*)
1. om tanke og handling: god, framifrå, dugande
2. om rørsle: fort
3. om jord: skrinn Jf. skarplendt (lite bruka om egg eller spiss, da seier ein heller *kvass*)

skarplegg (ein *skaṛṛp-lægg, -lejjen*)
framside på ein legg

skarplende (ei *skaṛṛp-lên̨ŋ, -leŋŋå*)
grunt jordsmonn:
gras'e sveḥest-tå e skaṛṛpleŋŋåŋŋ

skarplendt (adj *skaṛṛpleŋŋt*)
med grunt jordsmonn

skarra (å *skarra, skarra*)
hogge, felle tre med øks: *vi lyt skarra ne na føsst tåḷḷå, vi ʒæmm iʒʒe åt me saj'en*
– skarra und = legge ytste laget med taknever på rafta
Jf. undskårnever
– skarra unna = laga fellingsskår med øksa før ein sagar ned treet

skarra på horna (å *skarra på håŋŋ'a*)
1. få ringar og riller rundt horna som merke på alder, felle horn
2. skjemtande om folk: komma opp i åra, eldast, ikkje vera i si velmakt lenger

skarraflis (ei *skarrafḥis*)
hoggflis (i tverrved), t.d. når ein høgg ut fellingsskår Jf. kjomse

skarrakveite (ei *skarrakvæ̂t*)
tunn skare, skorpe på snøen

skarv (ein *skarrv, skarrv'en*)
1. ende av eit bord (fjøl) med va-kant, som ikkje har borkfri og full breidd over heile lengda:
ta å kapp-tå skarrv'en /
de e veḥ myʒʒy skarrv på sa bora
2. fjellrype Jf. fjellskarv
3. nake fjell, vegg av berghamrar
Namn: Skarvann i Fossafjellet (flt)

skarv- (førestaving *skarrv-*)
dårleg, kleinsleg:
e he så æi skarrvtru fær vera e dag

skarve (adj *skarrve* bf *skârrv*)
stakkars, kleinsleg: *du må ita tå sa skârrv brøå / e ha'-da me'-me æn skarrve røggsækk, kar e 'n, tru?*

skarvåt (adj *skarrvåt*)
skral, veik, ufør, sjukeleg: *ho he vårṛṛte skarrvåtar ne sisst vekku*

skat (eit *skat*)
1. barkvist (helst furu) som ligg att når treet er kvista, eller
2. avkappa topp

skate (å *skât, skata*)
om tømmerstokk: smalne mot toppen
– skate-tu = bli brått mykje grannare t.d. ovafor ein kvistkrans

skatende (ein *skateṇṇe, -eṇṇiṇṇ*)
toppende av bartre, skat 2
skatkvist (ein *skatkvesst, -kvesst'n*)
(furu)kvist som blir røya til brennved
skatstokk (ein *skatståkk, -ståḳḳen*)
siste nyttestokk av kappatømmer
skaut (ein *skɒt, skɒt'n*)
foring av slitesterkt tre t.d. på åre eller båtkeip: *du må vêt skɒtaṇṇ så åråṇṇ knerrka miṇṇ'er å de bṭi lettar å ro* Sms. årskaut, keipskaut
skaute (å *skɒ̂t, skɒta*)
laga foring på åre eller keip
skav (eit *skav*)
avskava bork til krøtterfôr
Jf. skjevvel, skjøve
skava (å *skava, ṣḳev, skov, skåvve*)
smia av bork, avberkje
skeibladkake (ei *ṣḳebbṭakâk* sjå kake)
hyllekake (der røra blir lagt på baksthylla med skeiblad)
skeie (ein *ṣḳæie, ṣḳæiiṇṇ*)
knivslire Jf. knivskeie (HH: Oppi Hermunnbakkå, Vårsøg s. 201)
skeise (ei *ṣḳæ̂s, ṣḳæså*)
1 fotjarn til å renne på isen med, skøyte
2. skei med ongul (fiskereiskap)
Jf. spon
skeistall (ein *ṣḳæistaḷḷ* sjå stall)
smal hylle med tillaga hol til å sette skeier i
skeiv, på skeiven (adv *på ṣḳæv'en*)
uheldig, forkjært, meinsleg: *de jikk så hælt på ṣḳæv'en me sa by'tura*
skeive (ei *ṣḳæ̂v, ṣḳævå*) = keive
skeivferd (ei *ṣḳævfer, -fera*)
1. abort Jf. snarferd, fara ilt
2. utanomekteskapeleg sex
(sagt om frammedbarn: *haṇṇ varṛṛ jor e æi ṣḳævfer*)
skiandåre (ei *ṣḳi'aṇṇdâr*)
dss skidåre Jf. dåre, andåre
skidåre (ei *ṣḳi'dâr* sjå dåre)
skispor, skiløype: *du må fɒṭṭje dåråṇṇ, så du iḳḳe ḳæmm på viåttå*
skie (ei *ṣḳî, ṣḳiå, ṣḳiåṇṇ; ṣḳiå*)
1. ski (til å gå på)
2. skie, vedskie
3. trestykke kring halsen på gris som gjekk ute, for at han ikkje skulle bryte ned utgarden
Jf. porkskie
skift (eit *ṣḳifft*)
skifte, vegskilje, vegkryss
skine (å *ṣkin, ṣḳin, ṣḳæn, ṣḳenne*)
– det skin opp = det blir klårver
– det skin tå = graset brenn av pga. tørke
– det skin sundt mellom dei *(de ṣḳin synṇt myḷḷå dæmm)* = dei blir uvenner
skingle, skingre sjå: **skjengel, -er**
skinne (å *ṣḳîṇṇ, ṣḳiṇṇa*)
blakke, snøye ein for pengar: *dæmm ṣḳiṇṇa tå 'nå kvar øriṇṇ*
skinnmudd (ein *ṣḳiṇṇmoḍḍ* sjå mudd) = pesk, pelsfrakk
skinntel (eit *ṣḳiṇṇtæṭ, -tæṭe*)
skjeldtile, bordkleding, bordved
skiplast (å *ṣḳippṭast*)
komma i uorden (om person: bli nedfor, komma i mental ubalanse)
Jf. skrakast
skippel I (ei *ṣḳipp'eṭ, ṣḳipp'ṭå*)
skiple, skipling, hinder: *de he kåmme ṣḳipp'eṭ ti husbyjjiṇṇen*
– komma tå skiplå := komma ut av jamvekt mentalt, bli sint og sur
Jf. hoppe tu tytfarå

skippel II (å *ṣʂipp'eṭ, ṣʂippṭa*)
skiple, få ut av jamvekt
skislen sjå: **skitlen**
skit- sjå også: **skjett-**
skit (ein *ṣʂit, ṣʂit'n*)
1. avføring 2. ureinske 3. skrap
4. i uttrykk som "Det var skit at…(synd), "..skit te kar…" o.l.
skite (å *ṣʂit, ṣʂit, ṣʂæt, ṣʂette*)
1. ha avføring
2. skite i = gi blaffen
skitlen (adj *ṣʂiḷḷiṇṇ, -ḷḷa, -ḷḷe, ṣʂiḷḷene* bf *ṣʂiḷḷen* komp *ṣʂiḷḷenar, ṣʂiḷḷenast*)
1. om person: ekkel, spydig: *ho e ṣʂiḷḷa åt vakkse fåṭṭk, na tupphønå*
2. om oppleving: fortredeleg,flautt, pinleg: *å ho, de va ṣʂiḷḷe!*
skitvest (ei *ṣʂitvesst* sjå vest)
skitvist, skitlukt
skje og skyte seg (å *ṣʂe å ṣʂyt se*)
om usikker forventning:
de kaṇṇ både ṣʂe å ṣʂyt se = det er uvisst korleis det går
skjebblakak' sjå: **skeibladkake**
skjeggje sjå: **skeie**
skjei- sjå: **skei-**
skjekka I (ein *ṣʂækka, ṣʂækkaṇṇ*)
skakke, skeivstilling: *de he vårṛṛe æn ṣʂækka e boṛṛṭ'eṛ ṇåv'en*
skjekka II (å *ṣʂækka*)
skakka, sette i skeiv stilling: *haṇṇ sto å ṣʂækka på hɒu'e* Jf. skjekkje
skjekkel I (eit *ṣʂækk'eṭ, ṣʂækk'ṭe*)
skjekle, skokle, ledd-delt drag for plog, horv og slede
te nattaŋŋ, te viŋŋtraŋŋ, te bøggdaŋŋ, te låttaŋŋ (lott)
Den vanlegaste preposisjonen for *til* er åt
– er ikkje *te* noko = ikkje i stand til (ikkje frisk nok el. sterk nok):
e e ḳe te'-nå læŋŋ'er / 'n lyt varra-ti-di omm 'n iḳḳe e te'-di, å iḳḳe ji-se-tu-di, fær da bṭi de ḳe nå tå'-di

te reie (adv *te-ræ̂i'*)
førebudd, ferdig til bruk:
du må varra te-ræ̂i' når 'ṇ ḳæmm / du må ha or'a te-ræ̂i' på toŋŋåŋŋ

te rett (adv *te-rætt'*)
1. ansvarleg: *e skoḷḷ stat-te-rætt fær aḷḷt så va joṛṛṭ* Jf. til svars
2. til rettes:
de lyt nå væṭ kåmma te-rætt' att
3. til semje:
dæmm komm iḳḳe te-rætt' om byt'e
4. til disposisjon:
vi må ha-te-rætt nɒu ve te åṛṣ att

te svars (*te svaṛṣ*)
til rette, ansvarleg: *mænna du att e ska stât te svaṛṣ fær hånnå?*

te vegas (adv *te vægas*)
i førevegen: *vi får ga te vægas, vi så e sæn te farra*

te vegs (adv *te vægs*)
1. i veg:
haŋŋ foṛ ṭe vægs tile her e mårrgå
2. på den kanten, der omkring:
haŋŋ heḷḷ vesst te på Måḷḷe
(Molde) *heḷḷ deṛ ṭe vægs*

te vokstrand (adv *te våkkstraŋŋ*)
til å vekse

tebeining (ei *te'bæneŋŋ, -iŋŋa*)
opptakt Jf. beine til "Etter gala tilbeining vart ikkje hausten så skral." (HH: Bygdesoge II s.63)

tebore (ei *tebôr, -borå*)
tilburd, hending, åtferd:
de e nåkkålit te teborå oppi gar'a

tefellshoste (ein *tefeḷḷshosste, -hosstiŋŋ*) = tilgjort hoste
(helst signal om at nokon skrønar eller skryter for mykje)

teft og tykkje (*tæfft å tyḳḳe*)
Uttrykk som tilsvarar "smak og behag" – "men er eit betre uttrykk – det inkluderer både instinkt og det ein tykkjer" (Sitat frå heftet "Teft og Tykkje") Jf. tykkje

teggelsett (adv *teggeṭṣætt*)
tett i tett: *de e teggeṭṣætt me fṭuå e gṭasa* Jf. nappsett

tehalden (adj *te'haḷḷiŋŋ*)
formana, opplært: *dæmm he vårre te'haḷḷ'n hæmåfrå å sparra*

teine (ei *tæ̂n, tænå*)
1. trektforma kasse for tilførsel av korn til kvernsteinen Jf. skreppe

2. trektforma fangstreiskap av flettverk (lakse-, hummar-)

teingard (ein *tæn-gar*)

innretning med lakseteiner
Stadnamn i elva: Teingardseå

teks' sjå: **tikse**

teksel I (ei *tækk'sel, tækkṣlå*)

tverrøks, økseforma holjarn

teksel II (å *tækk'sel, tækkṣla*)

hola ut med holjarn

tel I (ei *tæ̨, tæ̨'a*)

tørr flat og snau fjellvidde:
komm du hæmevve tæ̨iṇṇ? /
såg du ræn iṇṇpå tæ̨å?

tel II (eit *tæ̨, tæ̨'e*)

1. jord, fast grunn mots. sjø: *e va gła da ǩøt'ṇ skura oppi stø'a å e fekk sætt føt'n oppå tæ̨'e*
2. golv, botn, lag, underlag: *ta gamm'et̨ båstæ̨e må ṣǩifftast ut, de e bærre fɒṣṣǩ'e att* (fausk)

tel (å *tæ̨, tæ̨, tæ̨t̨* bøying som *selje* og *velje*) = telje
(i surndalsmål brukar ein helst å *rekne* kor mange istf. å *telje*)
– tel seg trua = tru på trass, overtala seg sjølv: *vi får prøv å tæ̨ åss tru'a så leṇṇe de går*

teladrope (ein *tæ̨ładråppe*)

takdrope som kjem av at torva frys i hop med nevra og demmer vatnet attende når det tinar oppatt stykkevis

telaskott (eit *tæ̨łaskått (tæ̨ṣkått)*)

is som skyt tu, is som frys opp av våt jord Jf. is-skyte

telauplen (adj *te'-lɒpliṇṇ, -la, -le, -lene* bf *-len*)

drivande, energisk, som ikkje ventar med å gå i gang:
haṇṇ va æn te'lɒpliṇṇ kar

tele I (ein *tæ̨łe, tæ̨łiṇṇ*)

tele, djupfrosen jord

tele II (å *tæ̂t̨, tæ̨, tæ̨t̨* eller: *tæ̨łła*)

tele, fryse (om jord) (Sterkare enn spækje): *ne myr'a tæ̨ snaṛt̨ /*
de komm ṣṇø på tæ̨t̨ maṛrk

telje (ei *tellje, tellja*)

tilje, bord/brett å trø på i botnen av ein liten båt

telje (rekne) sjå: **tel**

teljeregler:

1: Einmoinn va inni Todala og trilla firhjulavogn e femt-da'n. Sjett-da'n va 'n oppi Sjurmoa og slo åttinga og ni tennfat.
2. Ein og to lappa sko, tri og fir tinna riv, fem og seks batt ein lest, sju og ått batt ein vott, ni og ti rent på ski, ylløv og tolv slo nasinn e golv, trettå fjortå slakta porkå, femtå sekstå gikk på lestå. syttjå atjå baka kakå, nittjå tju leidd ei ku evve ei raumåla bru, både e og du og Ferafru

telne (ei *tæ̂t̨n, tæ̨tnå*)

tau til forsterking av kant på fiskegarn Sms. kavveltelne

telskott sjå: **telaskott**

teløypling (ein *telɒpt̨eṇṇ, -iṇṇen*)

ein som er frampå og får ting gjort
Jf. telauplen

temmerbukk (ein *temmerbokk*)

framstøtting for tømmerkjøring

temmergeit (ei *temmerjæt*)

bakstøtting for tømmerkjøring

temmermann (ein *temmermaṇṇ*)

husbukk (insekt Hylotrupes bajalus)

temse (å *tæ̂mms, tæmmsa*)

drye lenge med maten, eta seint og uvillig: *ṣå-te att du får tæmmsa-ti-de na ṣupå no!*

tenest-nål (ei *tennestnåł*)
synål Jf. stemnål
tenja sjå: **tenna**
tenkje for alle endane (å *teŋŋḳe fær ȃlḷ eŋŋaŋŋ*)
vera framtenkt, tenkje gjennom alle konsekvensar, sikre seg
tenkje tu-att (å *teŋŋḳe tu-att*)
slå frå seg, attre seg
tenkt for seg (adj *tæŋŋt fæṛ ṣe*)
framtenkt, omtenksam, varsam
tenn (eit *teŋŋ*) = tennved
tenna (å *tænna*)
tenja, flytte noko tungt smått om senn: *haŋŋ tænna na stôṛ ṣeḳḳ'en iŋŋpå låvgåṭṭve*
tenne I (ei *tên̨ŋ, teŋŋå*)
hårbotn, skalp Jf. hautenne
tenne II (å *tên̨ŋ, teŋŋe, teŋŋt*)
tenne, få fyr på, kveikje
tennor (ein *tænnor*)
tinar, hardved i bartre, spennved
tennoris (ein *tænnor-is*) = stålis
teppe att (å *tæ̂pp, tæppa*)
tette, stengje, sette i topp (også: teppast att = tetne)
terra imot (å *terra*)
sette bukkebein, stritte imot
Jf. sterte
terrill (ein *terriḷḷ, terriḷḷ'n*)
liten, mager person (opphavleg truleg ein tynnetapp, sjå terrilltapp)
Jf. spirk, spøl, speidaling
terrilltapp (ein *terriḷḷtapp*)
tapp i ei (øl-)tynne (seinare avløyst av birhanen)
terådd (adj *te'rådd* av å rå te)
innkjøpt, anskaffa Jf. tifått
teråing (ei *te'råeŋŋ, -iŋŋa*)
innkjøp, anskaffelse
Jf. rå te = skaffe det som trengst

te-seg-kommen (adj *te'-se-kåmmiŋŋ*)
aldrande, oppi åra: *ho va nå te'-se-kåmma da 'å vaṛṛṭ jifft*
tesjåande (adj *te'ṣåaŋŋ*)
å sjå til, utsjåande: *haŋŋ va ḳøṭe te'ṣåaŋŋ e annsekkta ette oløkkåŋŋ*
test (prep *tesst*)
til dess, inntil (om tid): *dæmm bḷi varraŋŋ her tesst e mårrgå tile*
tet (ein *tet, tet'n*)
småfugl Jf. landvers-tet, spikkjetet
tetalsøl (eit *tetaḷṣøl*)
tiltalsøl, festarøl, trulovingsgilde (utgått begrep)
tetne (å *tiṭṭ'n, tiṭṭna*)
bli tett Også: tetnast (*tiṭṭnast*)
tett (adj *tiṭṭ*) = tett
tette (å *tîṭṭ, tiṭṭa*) = tette, gjera tett
tettfarande (adj *tiṭṭfarraŋŋ*)
som fer ofte
tettgangande (adj *tiṭṭgaŋŋaŋŋ* av å ga) = tettfarande
tettskjør (eit *tiṭṭ-ṣḳpr*)
tettemjølk, tjukkmjølk (lang-tauma mjølk laga med tilsetting av tettegras, ostemassen skil seg ikkje som i vanleg skjør)
tetøkleg (adj *tetøkḷe*) = tiltaksam
(HH: Ei haustferd på Nordmøre)
Jf. tøk
ti (prep/adv *ti* med akkusativ/dativ)
i: *ka he du ti sa seḳḳa? / ka he du hafft-ti na seḳḳ'en?*
– sjå-ti = utsette: *vi lyt ṣå'-ti tesst de bḷi likar ver / kaŋŋ du ḳe ṣå'-ti me sa arrbeia nåre dagga?*
– ti di halla = bortimot, med

tendens til: *de e snaṛṭ ti di haḷḷa att åkʹeṛṇ ṣʧyt* Jf. e

ti di (adv *tiʹ-di* dativ av *i det*)
i ein slik situasjon, i slike kår, med slike utfordringar: *de va drygt da ho messt kaḷḷʹn siṇṇ, mænn ho lɒt bærre varra-ti-di / ʼn lyt varra-ti-di omm ʼn iʧʧe tyʧʧe ʼn e teʹ-di*

tia (å *tia, tie, taggd*)
teia, ikkje seie noko: *dæmm fekk iʧʧe orʹe tå ʼnå, haṇṇ satt bærre å taggd*

tid I (ei *ti, tiʹa*)
1. om høve/tid til noko: *ha e hafft bêr tiʹa, skoḷḷ e jɒṭṭṭ de / haṇṇ ha så il tiʹa att ʼn koṇṇ iʧʧe hæfftast*
2. rett og rimeleg: *dæmm he tiʹa te å betaṭʹa fær-ṣe / haṇṇ he tiʹa te di, ṣlik haṇṇ he fårre åt!*
3. ta seg god tid:
du må järra de tiʹa å ṣå de færre!
4 straks før fødsel: *ho ṣeṛ ṇå ut så ʼå skoḷḷ varra sisst på tiå*
– i denne tid: *e dessen tiʹn*
– omkring det leitet: *ti di tiʹn / ti di tiå*

tid II (adv) sjå: **tidast**

tidast , all som tidast (adv *aḷḷ så tiast* superlativ)
tidt og ofte, jamt (med jamnå):
åt åss komm ʼn aḷḷ så tiast
”Hainn bli nå slett ikkje på de bliast når de e poinnitrålauså aill så tiast!” (Jørgen Gravvold: Ville blomstra s.159)

tidbekk (ein *ti-bækk*)
bekk der fisken gyter Jf. tide

tide (å *tî, tie, tiḍḍ* NB! ikkje tia = teie)
gyte, legge rogn: *ɒriṇṇ tie mæsst e beʧʧʹa myḷḷå vattnå*

tidfisk (ein *ti-fessk*) = gytefisk

tidheft (eit *ti-hæfft*)
borthefte, noko som heftar ein

tid-nau (adv *tiʹnɒu*)
tidsnok:
ta e de tiʹnɒu å ta-åt e mårrgå

tien (adj *tiiṇṇ, -a, -e, -ne* bf -ʹ*n*)
tåen, isfri, telefri, ufrosen:
ṣṇøʹn komm på tia maṛṛk

ti-for-me (*tiffærme*) = tvi-for-me

ti-fått (adj *tiʹfått* av å få ti)
skaffa, innkjøpt Jf. terådd

ti-gjord (adj *tiʹjor* av å gjera ti)
om kvinne: med barn, befrukta

tihol (eit *ti-håṭ*)
1. oppkomme, vass-sig som ikkje frys att om vinteren:
e faṇṇ eṭṭ ti-håṭ åt głæffsåṇṇ / de va æn is-svåḷḷ neoṇṇ ti-håṭa
2. hol i isen Jf. tien

tikse (ei *têkks, tekkså*)
søye, ho-dyr av sau

til sjå: **te** og samansette ord med **te-**

tilter (ei *tiḷḷtʹer, tiḷḷtrå*)
tiltre, stylte, staur med kloss eller nabbe til fotstøtte
Jf. stylter, stekkel, gjengel

timast (å *timast, timest, timtest*)
1. unne, sjå seg råd til: *ho timtest iʧʧe ha-på-se eṭṭ nyṭṭ kłepłagg*
Jf. timen

Amfi

ʼN lyt varra ti di om ʼn ikkje e te di,
og ikkje gi se tu di, fær da bli det kje nå’ tå di

2. vera ein forunt, få oppleva: *de timtest 'nå iǩǩe så maŋŋe gḷae dagga / vesst de skoḷḷ timast me å levva te årṣ, så ǩæmm e æn tur*

time (å *tîm, tima*)
kime, ringe inn høgtidshelg
"..så lenge som klokkone tima frå tårn" (frå salmen No koma Guds englar) Jf. tine

timen (adj *timiŋŋ, -ma, -me, -mne*)
småleg, sparsam, knipen, gjerrig: *ho e så tima att 'å hæggda mat'n ti sine ægne oŋŋa*
Jf. passau, (ikkje) gi to for eitt

timlus (ei *timlus, -lusa, -lus'n*)
dss timskrå, gjerrigknark

timskrå (ei *timskrå, -skråa, -skrå'n*)
gjerrigknark: *deŋŋ timskråa, ho je iǩǩe frå se nå*

tindaure (ein *tiŋŋɒre, -ɒriŋŋ*)
stingsild (liten stimfisk langs kysten og i kystnære elvar og bekker)
(også sagt om yngel av laks og aure) Jf. vomtindaure, stete)

tine I (ei *tîn* uviss bøying, flt *tine*)
tidend, melding, bodskap: *he du fått når tîn efrå' 'nå? / vi hørre så emmse tine noråfrå*

tine II (ei *tîn, tinå*)
innretning i trøskverket til å tine kornet

tine III (å *tîn, tina*)
1. tine, smelte Jf. tien
2. kime (med klokker) Jf. time
3. om kornreinsking: spisse, fjerne noko av kliet

tinkjest (adj/adv *tiŋŋǩest*)
til inkjes, dårleg, svak, klein: *e he vårrṭe så gamm'eḷ å tiŋŋǩest*

tisne (ei *tîsn, tisnå*)
grann slintre, tynt og seigt band (frå slaktedyr) Jf. slimse, slingse

titikkje (adj *ti`tiǩǩe* av å ta i)
meir enn vanleg, rikeleg: *ta va sveṛṭ ti'tiǩǩe*

titrappa (adj *ti`trappa* av ti)
stinn, tjukkfallen: *ho ṣer e lit ti`trappa ut ti sa kḷeå*

titt-, tittskjør sjå: **tett-, tettskjør**

tjo (ein *ǩo, ǩo'n*)
den attarste kroken på ljåen, den som går inn i orvet Jf. ljåtangje

tjon' sjå: **kjone**

tjukkje (ein *ǩuǩǩe, ǩuǩǩiŋŋ*)
det å vera tjukk, "fedme": *ho vaṛṛṭ fær ṣlik æn ǩuǩǩe, ho fekk iǩǩe på se kḷeåŋŋ / de meŋŋka-tu me ǩuǩǩå når 'ṇ fekk-te å røv-se mær*
Jf. tjykkje

tjukkvedt (adj *ǩukk-vett*)
tettvakse med skog

tjukn (ei *ǩukkn, ǩukkn'a, ǩukk'n*)
tjukn, tjukkleik: *ǩukkn'a ska varra tri tomm / ska vi hevveḷ-tå ǩukk'n? / de fiŋŋst fjøḷe e fḷæra ǩukkne*

tjukne I (ein *ǩukkne, ǩukkniŋŋ)*
1. dss tjukn:
2. dss tjukkje

tjukne II (å *ǩûkkn, ǩukkna*)
tjukne-på = skye over: *haŋŋ ǩukkna-te åt kveḷḷ'a*

tjuv sjå: **tjyv**

tjykkje (ei *ǩyǩǩe, ǩyǩǩå*) = tjukkje

tjyvbotn (ein *ǩyv-bått'n*)
innkvelvd botn (t.d. i flaske)

tjyvluke (ei *ʒyv-lûk*)

luke i taket frå stua oppå stueloftet (for å sleppe varme opp). (Luka var rund og konisk saga, slik at ho ikkje datt ned gjennom holet) Jf. govhol

tjyvråkk (eit *ʒyvråkk, -råʒʒe*)

– ta tjyvråkket = rømme som ein tjuv, stela seg bort, forsvinne umerkande

"…no ska e rengainn slutt å ravvel, fær her e de så ansemyllå me timenuttå at no te e tjyvråkkje å går stråkkå fættå evæg å sætt me." (Dialektkåseri av Gunnvor Dønnem)

Også: ulovleg snarveg over annan manns grunn: *e he pʈøḍḍ-opp ʒyvråʒʒe deras* Jf. råk

tjyvslå (å *ʒyvsʈå* sjå slå)

tjuvslå, slå til ein persom som ikkje er budd og kan verje seg

tjønnpung (ein *ʒøŋŋpoŋŋ. -poŋŋen*)

nøkkerose, vasslilje Jf. gåspung

tjør (eit *ʒør, ʒør'e, ʒøra; ʒør, ʒør'a, ʒjørå*) = tjor, krøtterband

tjørhel (ein *ʒør-heʈ*)

tjorhæl, påle til endefeste for tjor som dyret står bunde i

tjørru (ei *ʒørru*)

tjøre Sms. tjørrudall = tjørekopp

tjørrubree (å *ʒørrubrê* sjå bree)

smørje med tjøre under open eld

tjørrudrev (eit *ʒørrudræv*)

tjøreimpregnert trådmasse til tetting (av t.d. rørskøytar)

tjørruhjell (ein *ʒørrujeʎʎ, -jeʎʎ'n*)

plass der ein brenner tjøre

tjørrulaug (ein *ʒørrulɒu* sjå laug)

den første tunne væska som kjem ut under tjørebrenning (vart bruka til ler- og treimpregnering, til skismurning og til medisin – bl.a. fekk astmapasientar god hjelp ved å puste inn dampen)

"Og det beste av alt var tjørru-laugen, for den var det helsebot i.." (HH: Streiftog i bygda s.62)

tjåk (eit *ʒåk, ʒåʒ'e*)

strev, slit, mas:
bʈi du ʒe trøʈʈ tå sa ʒåʒa?

tjåk(k)horn (eit *ʒåkk-håŋŋ*)

tjåkhorn, mas-kjerring, sladderkjerring

tjåkasam (adj *ʒåkasamm*)

slitsam, masande, trøyttande

tjåke (å *ʒâk, ʒåka*)

1. slite, skure, gnikke
2. mase, plaga, trøytte ut

tjåkstikke (ei *ʒåk-stêkk, -stekkå*)

overført: nokon (helst barn) som går og masar heile tida

to for eitt (*to fær eʈʈ*)

– ikkje gi to for eitt: om folk som er påhaldne og lite rause med det som er deira, som held på sitt og vel så det: *haŋŋ ji 'ʒe to fær eʈʈ / det går iʒʒe to fær eʈʈ der-å-gar*

Jf. passau, timen

to I (tal *to (tvo)*) = 2

– særskilt: gamle, mesta utdøydde former:

A. *tvɒn – tri / tvænn – tri* = to – tre: *de va æn tvɒn-tri styʒʒe*

B. tvei: *natta æi å daggaŋŋ tvæi te juʈkveʎʎs* (seier jøttullen i ei regle)

Jf. sjursmessdagen

to II (eit *to*)

stoff, eigenskap, givnad, framtak

toau (adj *tovu*)

toug, som det er godt *to* i, framtøk, viljesterk (om folk og hest)

tobakkslaus (adj *tobbakkslɒs*)
– bli tobakkslaus = overført: bli svar skuldig, bli opprådd for ord
tobbe (ei *tåbb, tåbbå*)
(lita) merr (Ordet er ikkje stadfesta av nokon nolevande i Surnadal, men finst i stadnamnet Tobbdalsbruna (HH: På Tellesbøsetra, Vårsøg s.175)
toen (adj *toiŋŋ, toa, toe, tone* bf *toˈn*)
1. mager, tunn, pjuskete: *de va æi lita toa ʒærreŋŋ / haŋŋ e så błæk å toiŋŋ å ʂå te*
2. stri, hissig (om hest som må tøymast hardt): *æn toiŋŋ oŋŋhæsst kaŋŋ błi æn tonu arrbeshæsst me tiˈn* Jf. toau
tofte (ei *tåfft, tåfftå*)
i båt: fjøl som roaren sit på Jf. skjertofte, hammeltofte
tokkel I (eit *tokkˈeł, tokkˈłe*)
tukkel, tull, uvettig tale: *ti-stiłł me sa tokkła din!*
tokkel II (ei *tokkˈeł, tokkłå*)
tukle, kvinne som er mentalt undermåls: *de e syŋŋ ti sa stakkarʂ tokkłåŋŋ! / tru omm na tokkłå fiŋŋ væˈn hæmˈatt?* Sms.
tokkelskjor
tokkel III (å *tokkˈeł, tokkła*)
tulle, gjera noko uklokt el. barnsleg: *eŋŋ å siţţa ʂlik å tokkˈeł! / haŋŋ for å tokkła så ’n ha frå se gaṛˈṇ*
tokkelføtt (adj *tokkełfɒtt*)
dårleg til beins, ustø Jf. snultren
tokkeltal (eit *tokkeł-tał*)
tullprat, rør: *hɒṛṛṭ ʂłekkt tokkeł-tał!*
tokkeltyri (eit *tokkełtyri* sjå tyri)
småborn som leikar og fjasar (også om gammalt folk som tek til å bli tuklete)
toklen (adj *tokkłiŋŋ, -ła, -łe, -łene* bf *tokkłen*)
tuklen, sinnsforvirra, lite tilrekneleg
toklåt (adj *tokkłåt*) = toklen
tokn (ei *tokkˈn, tokknˈa, tokkˈn; tokkne, tokkniŋŋ, tokknå* mest i flt)
gjelle (pusteorgan på fisk)
tokt’ sjå: **tukte**
tola (å *tåłła, tåłłe, tåłt*) = tola
tolands (adj *tåłłaŋŋs*)
hardfør, som toler mykje Jf. hardbellau
tolau (adj *tåłłɒu, -åkt*)
1. hardfør, motstandsdyktig Jf. hardbellau
2. som ein kan tola el. halde ut
tolle (ei *tåłł, tåłłå*) = furu Jf. førru
tollj- sjå: **tull-**
tolvt (ei *tåłt, tåłtˈa, tåłtˈṇ*)
tylft, tolv stykke: *ga-e-væg å heŋŋt æi tåłt me stɒr!*
tomlesst (adj *tommlæsst*) = utan lass
tomling (ein *tommłeŋŋ, -iŋŋen*)
lite drikkestaup til éin slurk
tommasfinger (ein *tommasfeŋŋer*)
tommeltott
tomreipa (adj *tommræpa*)
utan bør eller baggasje Jf: lausåreipa
tone (å *tôn, tona*)
nynne: *e hørre du går å tona fær ḍe ʂøł*
tong (ei *tåŋŋ, tåŋŋˈa, tåŋŋˈen; tæŋŋˈer, tæŋŋˈeṛṇ, tåŋŋå*)
tong (verkty)
tong- sjå: **tung-**

tongband (eit *tåŋŋbaŋŋ*
NB! ikkje tungeband)
reip frå høytonga med lykkje i lausenden til å tre innpå lessingsstauren når ein skulle gjørde markahøylass
tonnj- sjå: **tunn-, tånn-**
topp I (ein *tåpp, tåpp'en*)
1. topp, høgdepunkt
2. dott av noko laust, helst høy, ull o.l.: *ji hæsst'a æn tåpp te nattaŋŋ! / ha du hafft æn oḷḷatåpp å sæłṭ me?*
topp II (ei *tåpp, tåpp'a, tåpp'en; tæpp'er, tæpp'eṛṇ, tåppå*)
topp, kork
topphuve (ei *tåpp-hûv*)
huve med dusk i toppen
toppleie (å *tåpplæ̂i* sjå leie)
leie hesten etter haratoppen (panneluggen): *e ha 'ḳe me me grîm, så e lɒt tåpp-læ̂i hæsst'n*
tor (ei *tor, tor'a* mest berre i bf eint)
tore (vêr): *hør kår tor'a ṣle!*
Sms. torbøye, toreling, torflo, torhause, torskrell, torslått
tora (å *tora, tɒr, tor, toṛṭ*)
tora, våge
torast (å *torast, tɒṛṣt, toṛṭest*) = tora
tore (å *tôr, tora*)
om torslått: tore (slå, skrelle)
torne (tørke) sjå: **tånne**
torren (adj *tårriŋŋ, -rra, -rre, -rrne* bf *tårr'n*)
arg, forarga, irritert: *ta e iḳḳe nå å bṭi tårriŋŋ fær* Jf. kårren, tykkjen
torskrell (ein *toṛ'ṣkreḷḷ*)
smell av tore
torslått (ein *toṛ'ṣlått*) = torevêr
tort (ein *toṛṛṭ, toṛṛṭ'ṇ*)
turt (stor blåfiolett korgplante)
torvhaldkrok (ein *tårrvhaḷḷ-krok*)
dss tverbøykrok
torvhaldstokk (ein *tårrvhaḷḷ-ståkk*)
dss ringved, stø mot torva på ufsa
tottleie (å *tåttlæ̂i* sjå leie)
om folk som går i leistand
Jf. toppleie
tottslite (å *tått-ṣlit, -ṣlit, -ṣlæt, -ṣlette*)
om tauverk der somme av dei hoptvinna trådane (tottane) er avslitne: *tɒj'e e tåttṣlette / tɒmaŋŋ e tåttṣlett'n / dæmm tåttṣlisst* (-slitst)
tottspringe (å *tåttspreŋŋ, -spreŋŋ, -spraŋŋ, -sproŋŋe*)
om tvinna tauverk der tottane (enkeldtrådare) brest ein for ein
trallate (å *trallât, trallata*)
tralle (i godt humør): *e hɒr kåṛ 'ṇ trallata da 'n komm ne-evve væ'n*
trappe (å *trâpp, trappa*)
1. trakke, trø: *ho står å trappa på sommå romma / dæmm lyt trapp-se-opp væg e lɒs-ṣṇøa*
2. presse, pakke saman: *trapp-ti ne seḳḳ'en me hæsst-hɒy / sett du her å trappa-ti-de kâk?*
trappfull (adj *trappfoḷḷ*) = stappfull
trasle (å *trâḷḷ, traḷḷa*)
gå retningslaust att og fram (ofte innahyses, også om dyr på beite)

Talgø

'N får ikkje talg tå ein trebukk, men mang slags tre tu Talgjå

trast (adv *trasst*)

straks (uttalevariant kjent fleire stader i landet) (Jon Øye: Minne frå livsferda s.16, s.97)
Herme: ”Kom å ita trast! Ho mor he koka sup’.”

traug (eit *trɒg, trɒjʹe*)

trau (tillaga el. tilfeldig skålform)
Sms. deigtraug (til kakbaking)

trauge (å *trɒ̂g, trɒga*)

dette på ski og laga ”traug” i snøen
Jf. ruppe

traute (ein *trɒte, trɒtiŋ̩*)

1. trøyte, arbeidsmaur, ein som aldri blir arbeidslaus
2. kverulant, trossauplog

trauten (adj *trɒtiŋ̩, -ta, -te, -tne* bf *trɒtʹn*) = trøyten, arbeidsam, som aldri blir arbeidslaus

travalen (adj *travaliŋ̩, -la, -le, -lne* bf *-lʹn*) = vanskeleg, trasig

– ”travale-teskott” = driftsvanske-tilskott (uttrykk etter landb.sjef Ola Nordvik)

trave (ein *trave, traviŋ̩*)

slitar, utsliten arbeidskar

tre (eit *tre*)

– særskilt: vaske tå treå (flt) = vaske laus husbunad (bord, stolar o.l.)
– trea = møblane

treak (ein *treak, treaʒ̩en*)

(eldre folks nemning for) lakrisstong, (også: einebærkaramell)

trebleme (ei *tre-bɻ̂em, -bɻemå*)

treblemme, væskefylt holrom i huda

trebløre (ei *tre-bɻ̂ør, -bɻørå*)

dss trebleme

trebukk (ein *tre-bokk, -boʒ̩k̩en*)

ein som er treen, ein som ikkje får til noko
Ordtak: Ein får ikkje talg tå ein trebukk

treen (adj *treiŋ̩, -a, -e, -ne* bf *-ʹn*)

1. trehendt, uhjelpeleg: *ho e så trea boṛṛṭi ṣlekkt arrbei / ta va tree joṛṛṭ*
2. stiv, hard, treaktig: *de bɻ̩i tree, grasʹe; ti se tø̥ṛṛʒ̩ʹa / se nepåŋ̩ŋ̩ e så treʹn*

treger (adj *tregʹer*) = treg

trehendt (adj *treheŋ̩ŋ̩t*) = treen

trel (ein *treɻ, treɻʹŋ̩*)

træl, hard hudklump t.d. i handloven etter langvarig gniking mot hand-reiskap e.l.

trelen (adj *treɻiŋ̩ŋ̩, treɻa, treɻe, treɻŋ̩e* bf *treɻʹŋ̩*)

trælen, trasig, lei, ubehageleg: *de vaṛṛṭ så treɻe åt oŋ̩ŋ̩å da de ṣʒ̩æn-syŋ̩ŋ̩t myḷḷå færeḷḷdʹrå* (skine synt)

trelenheit (ei *treɻnhæt, -hæta*)

noko leitt eller vanskeleg

tremeiaslede (ein *tremæiaṣlea*)

slede utan jarnskoning på meiane, til kjøring på berrmark istf. vogn (markahøylass, møkk o.l.)

trene (å *trê̞n, trena*)

bli stiv og hard: *grasʹe trena ti se tɒr-vera* Jf. treen

tress, te tress (*tress* genitiv av *tre*)

med trearbeid: *haŋ̩ŋ̩ e heŋ̩ŋ̩t både te tress å te smess* Jf. smess

tresse (å *trê̞ss, tressa*)

trisse, dragse, bera tungt, slite seg fram med bør:
ka du k̩jæmm tressaŋ̩ŋ̩ me? / e tressa ’n me me på akksʹeln

trettenbekre (ein *trætt'n-bækkre*)
ein som var utkledd som bekre og for frå hus til hus rundt 13-dag jul (julgeit)
trevekkar (ein *tre-vekkar*)
hakkespett Jf. vekkar
trevna sjå: **trivnad**
trihamse (*trihammse, -hammsiŋŋ*)
hams med tre nøtter i Jf. brokskit
trille (ei *trîlḷ, trilḷå*) = trillebåre
trinten (adj *triŋŋtiŋŋ, -ta, -te, triŋŋtne* bf *triŋŋt'n*)
litt tjukk, fyldig (om folk og husdyr)
trivast (å *trivast, triffst, træffst, trevvest*) = like seg, ha det bra
trivnad (ein *trævvna, -na'n, -naa*)
trivsel, hugnad, velvære:
de e 'ʒe nåŋŋ trævvna ti sa kaṭṭv'a / haŋŋ fiŋŋ ṣlik trævvna ti å trɒ̂y me oŋŋå (trøye)
tro I (ei *tro, tro'a*)
renne, "halfpipe", av uthola stokk eller samanspikra fjøler, stundom av stein Sms. vasstro
tro II (eit *tro*)
bord over taksperrene til underlag for takstein, torv el. anna taktekkje Sms. trobord Jf. brontro
troa seg (å *troa*) = trone
trollbring (ein *trålḷbreŋŋ, -briŋŋen*)
bjørnebærplante
trollkjerringspytt (eit *-spøtt*)
skumaktig spinn av Cicada i graset
trollknute (ein *trålḷknute*) = blåknute
trollpåsse (ein *trålḷpåsse*)
nettmage (hos jortedyr) (Sjå elles vøllønd, slorv, marlakje, vom)
trollreå (ei *trålḷreå*)
trollride, kollikk
tromp (ein *trommp*) = trumf
trompen (adj *trommpiŋŋ, -pa, -pe, trommpne* bf *trommp'n*)
stutt og brysk, tverr, sta, vanskeleg:
ho va så trommpa te å svarra / dæmm e lîk trommp'n så 'n faṛ ḍerras va
trone (å *trɒ̂n, trona* av tro I)
om fjøl: få tro-form av di ho trutnar meir på eine sida enn på den andre
trong (eit *tråŋŋ, trånŋ'e*)
trong passasje i terrenget, liten avstand mellom elv og fjellvegg
tronga (å *tråŋŋa, trɒŋŋ, tråŋŋ, trånŋe*) = trenge
– tronga-på = vera i beit for, ha behov for hjelp av:
e he aḷḷ'der vårre så dåṛle att e he trånŋe-på dåkkt'er
– vera trongande = ha behov for:
ho va så trånŋaŋŋ fær å taṭṭa på naboaŋŋ
Sms. pisstrongande, skit-trongande
trongbekse (adv *trånŋbækkse*)
trongt og vanskeleg Jf. bekse
trongsmål (eit *trånŋs'måṭ*)
behov, nødvendigheit (mots. otrongsmål): *e de trånŋs'måṭ ti aḷḷt du he rådd-te?*
troppstol (ein *tråppstoṭ*)
repos i loftstrapp
trossau (adj *tråssɒu*)
trassig Sms. trossaupåle
trossaubekre (ein *tråssɒubækkre*)
stabukk (også i spøk om den som held att og strammar trådane når ein vitt renninga på vevbommen)

trossauplog (ein *tråssɒupḷog*)
dss trossaubekre
trottau (adj *tråttɒu, -åkt*)
trottig, som driv trufast på
Jf. trauten, hjartau, måttau
trotte (ein *tråtte, tråttiŋŋ*)
trote, opphovning: *tråttiŋŋ he lagga-se, kneʹe e ʼǩe så trute e dag*
Jf. trutne, truten
tru (å *tru, trur, truḍḍ* med dativ)
– tru seg på = våge seg på, våge seg imot, ha von om å vinne over
– truande til = som ein kan vente: *na jutiŋŋ e truaŋŋ te litt tå kvaṛṛṭ*
trug- sjå: **tryg-**
truten (adj *trutiŋŋ, -ta, -te, -tne*
bf *trutʹn*) = opphovna, opptrutna: *ho e truta e ǩækkå tå taŋŋværṛṛk*
trutne I (ein *truṭṭne, truṭṭniŋŋ*)
trote, opphovning: *truṭṭniŋŋ heḷḷ-på gåṛ-ṇe-att* Jf. trotte
trutne II (å *truṭṭʹn, truṭṭna*)
1. hovne, svelle opp: *ho truṭṭna opp e haḷṣʹa / leppåŋŋ truṭṭna tå daṣṣǩʹa*
2. auke i volum ved oppsuging av væte (helst om trevyrke som tetnar i sprekkene): *lægg stammpʹen ni beǩǩʹen så ʼn truṭṭna!*
tryge I (ei *trŷg, trygå*) = truge
tryge II (å *trŷg, tryga*)
sette truger på hesten (rundtryge = sette truger på alle fire føtene)
tryglaus (adj/adv *tryglɒs*)
utan (å bruke) truger: *e ǩɒr tryglɒsst aḷḷt oppå setʹra*
tryngytt (ein *tryn-jytṭ*)
nyfiken snokar som viser trynet sitt allstad Jf. gryngytt

tryte I (ei *trŷt, trytå*)
trut, munn Jf. stryte
tryte II (å *tryt, tryt, trɒt, tråtte*)
ta slutt, bli oppøydd: *de tryt vattʹne e beǩǩʹa no / vi trɒt-opp fær mjøḷ*
– særskilt: *de tryt-opp fæṛ ʼṇå* = han misser tolmodet
– det tryt ikkje tosk = toskeskapen tek aldri slutt
træl, trælen sjå: **trel, trelen**
trø I (ei *trø, trøʹa, trøʹn*)
lite (inngjerda) markstykke, gjerne der det er beitt eller trødd mykje (mange stadnamn)
Sms. sommarfjøstrøa
trø II (å *trø, trør, trødd*)
– trø hælane tå = dilte etter, vera usjølvstendig, ikkje vera til å bli kvitt: *haŋŋ he hafft lag te å trø heḷaŋŋ tå storkarrå*
– trø frammed = misfara seg
”Meinn e trødd framme å klædd me nakjinn” (HH: E slåttatæja Vårsøg s.344)
trøe sjå: **trøå**
trøngje (å *trøŋŋe, trøŋŋe, trɒŋŋt*)
trengje: *sɒuiŋŋ trɒŋŋt-se ehopʹ boṛṛṭi råʹnå*
trøngsel (ei *trɒŋŋʹsel, trɒŋŋṣlå*)
trengsle, trengsel: *de va ṣlik trɒŋŋʹsel boṛṛṭme dɒṛʹṇ, vi komm-efrå' kvaraŋŋʹer e trɒŋŋṣlåŋŋ*
trøske I (ei *trø̂ssk, trøsskå*)
skurtreskar
trøske II (å *trø̂ssk, trøsska*)
treske, trøske Sjå sluå
trøsk-gras (eit *trøssk-gras*)
dss trøskje I
trøskje I (ei *trøṣṣǩe, trøṣṣǩå*)
trauske, krypsoleie

trøskje II (ein *trøsṣṣʒe, trøsṣṣʒiṇṇ*)
sopp på slimhinnene i munnen
trøye (å *trȳ, trʏye, trøḍḍ*)
trøye, underhalde, leike, fordrive tida: *haṇṇ e så døkk'ti te trȳ me oṇṇå / dæmm trøḍḍ ti'a me koṛṛṭ'spæll aḷḷe kveḷḷa*
trøysam (adj/adv *trʏysamm*)
underhaldande, artig: *oṇṇaṇṇ he de så trʏysammt e lag*
trøysamheit (ei *trʏysamhæt, -hæta*)
moro, tidsfordriv, underhaldning
trøyte, trøyten sjå: **traute, trauten**
trøytte (ein *trøṭṭe, trøṭṭiṇṇ*)
trøyttleik: *e he våṛṛṭe fæṛ ṣlik æn trøṭṭe e aḷḷ dag*
trøå (ei *trøå*)
1. trode, fiskestong
2. ståplass, fotstøe, opptrakka rom i snø el. ulende: *haṇṇ sto å trappa e sommå trøåṇṇ / du lyt ha sekkrar trøå å stat på*
3. trøe, pedal (på sykkel, rokk, orgel)
trånnå (ei *trånnå, trånnå, trånnåṇṇ*)
ei ekstra øvre opning i ei høyløe (for lufting eller for å ta inn høyet dersom løa vart stappfull)
tråtte sjå: **trotte**
tu (prep/adv *tu* med dativ))
or, utor, utav: *dæmm jikk-tu arrbeia / kåṭṭv'en he dåtte tu bjøḷḷåṇṇ / haṇṇ he jevve-se-tu-di* = held seg unna, bryr seg ikkje
Jf. ga-tu, ha seg tu, komma-tu, stat-tu, vêre-tu
tu dagå (dativ flt *tu daggå*)
– komma tu dagå = døy, omkom-mast: *haṇṇ komm tu daggå så foṛṛṭ, haṇṇ faṛ ḍiṇṇ* Jf. tå dagå
tue sjå: **tuve** og **tuå, tvøggu**
tufsast (å *tuffsast*)
bli skral, bli tufsen
tuft sjå: **tøft**
tufte (ein *tuffte, tufftiṇṇ*)
tuftkall Jf. verg, disk
tuggu, turrull sjå: **tøggu, tørrull**
tukkel, tuklen sjå: **tokkel, toklen**
tukoka (adj) = (overført) utan vett: *de va så veṭ tu'koka!*
tukt (ei *tokkt, tokkt'a, tokkt'n*)
– ta tukt = ta lærdom, bli tvinga
Jf. age
tukte finn (å *tôkkt finṇ, tokkta*)
halde kring fingrane på nokon og støyte fingertuppane hans mot einannan (Ein måte å narre og mobbe truskuldige småungar på)
tull (ein *toḷḷ, toḷḷ'n*)
tull, tarm av karda ull til spinning
tulle (å *tôḷḷ, toḷḷa*)
1. snurre, gjera rundt noko, t.d. tvørru i graut
2. forvirre, seie i spøk, tøyse
– tulle opp *(toḷḷ-opp)* = hisse opp til noko uklokt Jf. stere
– tulle tå *(toḷḷ-tå)* = misse evna til å tenkje klårt: *ho va kḷår laṇṇa styṇṇe, mænn så toḷḷa 'å tå*
– tulle inn = pakke inn, bandasjere
tullferd (ei *toḷḷfer, -fera* sjå ferd)
tullete/uvettig/uvørden/uklok åtferd
tullskjor (ei *toḷḷṣʒor, -ṣʒora*)
dss tullskrokke
tullskrokke (ei *toḷḷskrôkk, -skrokkå*)
tankelaus og vidløftig jente el. kvinne Jf. sprøn, bønnøtt
tulltre (eit *toḷḷ-tre*) = tullskrokke

tummull (adj *tummuḷḷ*)
tagal, sur, tung i hugen, inneslutta: *de va tummuḷḷt emyḷḷ'å dæmm / haŋŋ går å e tummuḷḷ daggaŋŋes dag*
Jf. homlen, dølsint

tummullsamt (adv *tummuḷḷsamt*)
tamt, keitt, mørkt og vanskeleg: *de e tummuḷḷsamt å siṭṭa hæm ålæ̂n' aḷḷe kveḷḷa / de va tummuḷḷsamt å vâṛḷ ekreŋŋ' e mɒṛṛṭna* (mørkret)

tummullsle (adv *tummuḷḷṣle*)
tummulsleg, tummullsamt

tungblest (adj *toŋŋbłest*) = tungpusta

tungfattande (adj *toŋŋfattaŋŋ*)
tungnem, sein til å fatte Jf. nøgg

tungfridd (adj *toŋŋfriḍḍ*)
som ikkje er lett å overtala eller få hjelp av, sein til å seie ja

tungmilt (adj *toŋŋmiḷḷt*)
om kyr: tungmjølka (mots. lettmilt)

tungsam (adj *toŋŋsamm*)
trist, dryg: *de vaṛṛṭ toŋŋsamt åt dæmm så vaṛṛṭ-att*

tungsøvt (adj *toŋŋsɒft*)
som søv tungt (mots. lettsøvt)

tupp (ein *tupp, tupp'en*)
ein som skjemmer seg ut med dumskap, som trur han er meir til kar enn han er

tuppelure (ein *tuppelure, -luriŋŋ*)
dss tupp

tuppen (adj *tuppiŋŋ, -ppa, -ppe, tuppne* bf *tupp'n*) = tuppåt

tuppferd (ei *tuppfer* sjå tullferd)
dumt påfunn som folk flirer åt

tupp-hane (ein *tupphane*)
tuppåt kar eller gut

tupp-høne (ei *tupphø̂n*)
tuppåt kvinnfolk eller jente

tupp-jens (ein *tupp-jænns*)
tupp, kallenamn på ein som er tuppåt Uttrykk: "Tupp-Jens gjer likeins."

tupilka (adj *tu'pellka*)
mager, berre skinn og bein

tupp-skjor (ei *tupp-ṣʒor*)
dss tupp-høne

tupptal (eit *tupp-taḷ*)
tuppåt/toskete/skrytande tale: *e læiest sa tupp-taḷa din*

tuppåt (adj *tuppåt*)
toskete, som gjer seg til lått, som trur han er meir til kar enn han er
Jf. tuppen

tur I (ein *tur, tuṛ'ṇ*)
1. tur, reise, ferd
2. omgang, plass i rekkefølgje

tur II (eit *tur, tur'e*)
dur, jamt bråk, vedvarande sterk lyd: *e hɒr tur'e tå sa gamm'eḷ bil'a ni bakkå her*

tur III (adj *tur*)
om folk: svært lite å sjå til (ikkje så negativt som stygg): *ho e 'ʒe så tur så moṛ 'ṇa va* Jf. skryten, skruslen

ture (å *tû̂r, tura*)
1. dure, gi vedvarande sterk lyd
2. feire (gjerne kombinert med drikking): ture jul, ture brøllopp
– ture bøverdaling = om parfolk: gå etter kvarandre på vegen (mots. gå i leistand)

turke (å *tû̂ṛṛk, tuṛṛka*)
eta tørt, tvinge ned tørrmat utan drikke: *siṭṭ du å tuṛṛka på na tɒ̂r kakå?* Jf. jarpe

turt sjå: **tort**

turvoren (adj *turvoriŋŋ, -ra, -re, -ṛṇe* bf *-ṛ'ṇ*)
litt tur Sjå: beiningsgrend

tusen omule (adv *tus'n omule*)
heilt uråd, ugjerleg, vel umogleg

tuske (å *tûssk, tusska*)
1. avlive, drepa:
no te du å tusska na gamm'eṭ kattå!
2. rasle, kneste,tasse, tusle: *e hɒr nå så tusska boṛṛṭi hɒy-staḳḳa*
3. fara med noko i løynd: *ho he fårre å tusska åt se emmse på oeṛḷe vis / haŋŋ fer å tusska me dråkå*

tuskjen (adj *tuṣṣḳiŋŋ, tusṣḳa, tusṣḳe, tusskne* bf *tussk'n*)
fæl, utriveleg: *de vaṛṛṭ tuṣṣḳe ver*

tusl (eit *tuḷḷ*)
noko smått, unyttig gjeremål:
de bṭi iḳḳe nå ette sa tuḷḷa 'na
Jf. fjakk, fjakkel

tusle (å *tûḷḷ, tuḷḷa*)
1. pusle, sysle med eitkvart smått:
haŋŋ gåṛ der å tuḷḷa me iḳḳe-nå
2. tusle, gå smått og sakte:
ho tuḷḷa se hæm'att me de va jøsst

tuslen (adj *tuḷḷiŋŋ*) = puslen

tutter (å *tuṭṭ'er, tuṭṭṛa*)
tutre, småskjenne, småprate om sitt

tut-øygd (adj *tut-ɒggd*)
med utståande augo:
ho e tut-ɒggdar heḷḷ når ku

tuve (ei *tûv, tuvå*)
tuve, liten jordhaug: *haŋŋ ṣḳæmmest så besætt, jå'n, ti se ætermymɒṛṭuvå*

tuå (ei *tuå*)
tvoge, vaskeklut Jf. tvøggu

tvarra (å *tvarra*)
tvara, vri og vende seg utan å komma av flekken, vera oppgjeven og tvilrådig: *ho vaṛṛṭ bærre stataŋŋ å tvarra* Jf. tvørru

tvarre (ein *tvarre, tvarriŋŋ*) =
tvare, lite, forvridd tre: *tåḷḷåŋŋ bṭi aḷḷ'der anna heḷḷ tvarra oppå bærrgå der* Sms. tørvare *(tɒṛ-ṭvarre)* Jf. klure

tvart (adv *tvaṛṛṭ*) = tvert
– på tvart = vanskeleg, vrang

tvaun , tvei, tvenn sjå: **to**

tverbaut (ein *tvær-bɒt* sjå baut)
tverrsving: *miṭṭ ni bakkå joṛ 'ṇ æn tvær-bɒt så e reŋŋt-omm 'n*

tverbeint (adj *tvær-bænt*)
om hest: som linkar med stivt gonglag pga. bruskvokster i hasen

tverbrøst (eit *tvær-brøsst*)
tverrende på fiskegarn

tverbøykrok (ein *tværbɒy-krok*)
tre- el. jarnstykke med bøyg i rett vinkel, som held ringveden (torv-haldstokken) i nerenden av torvtak

tvere (ei *tvæ̂r, tværå*)
tverre, tverrstilling: *ṣleaŋŋ svæv så 'n komm på tværå / de va æn dig'er ståkk så ha lakkt se på tværåŋŋ*
Jf. på tvart

tverplog (ein *tvær-pḷog, -pḷojen*)
stabeis Jf.rangplog, trossauplog, trossaubekre

tverre (å *tvêrr, tverra*)

tvære, tvinne rundt seg sjølv, tøye ut og ikkje få noko gjort: *ho sto bærre å tverra å vaṛṛṭ aḷḷ'der fæṛṛḍi / ṣluṭṭ å tvêrr å jær-frå-de lækksånn!*

tvibeit (ei *tvibæt, -bæta, -bæt'n*)

to hestar jamsides i eitt skjekkel: *na mærr'a e så go ledar e tvibæt'n*

Jf. førspenn, tvispann

tvi-for-me (*tvifærme*)

eigl. tvi for meg, uttrykk i barneleiken gjømme og halde att/spytte kule der ein deltakar melder frå at han har kome fram til målet utan å bli funnen

Jf. ti-for-me

tvihaka (ein *tvi-haka, -hakann*)

fiskereiskap av ein bein ståltråd med lykkje midt på til å feste snøret i og lykkje i begge endar til å feste to onglar i

tvihendt (adj *tvi-henṇt*)

med begge hender

tvikjømle (adj *tvi-ḳømłe*)

som gjer ein tvilrådig

Jf. aven (sjå også haukjømle)

tvi-kle seg (å *tvi-kłe-se, -kłe, -kłædd*)

ta på seg mykje klede

tvile (å *tvîl, tvila*)

– tvile på = 1. dra i tvil: *de e væł iḳḳe å tvil på ta, når 'ṇ sie de så sekkeṛṭ* 2. tru, finne rimeleg: *e tvila på du he tiḳḳe-på-de fær myḳḳ'y no*

– tvile for = ha mistanke om: *ta he e tvila fær e lann ti / e ṣer att 'n Oła ḳæmm hitevve, e tvila fær att 'n ḳæmm hit*

tvilsmål (eit *tvils'måł*)

tvil: *de va aḷḷ'der nå tvils'måł me-'nå anna de skoḷḷ ga gått*

tvinne på rot (å *tvînn, tvinna*)

overført om dugande kvinnfolk: *de e æi så e tvinna på rot*

(Opphav: Når ein lagar til nesting uti marka og ikkje har noko høveleg å sette fast emnet i, kan ein skave av borken og tvinne renningen *før* ein skjer han av rota)

tvispann (eit *tvispann*)

to par (4) hestar spent for éin doning

Jf. tvibeit, førspenn

tvi-stae (ein *tvi-stae*)

to is-lag med vatn mellom: *når de va tvistae på vattna, konn hæsst'n foṛṛṭ bryt jønnå de ôsst laj'e*

Tvisterfossen (*tvissterfåss'n*)

to-delt foss fremst i Folldalen (truleg frå eit utdøydd verb *tvistra* = kløyve, dele i to)

tvøggu (ei *tvøggu, tvøggu, tvøgguṇṇ, tvøgguå*) = tvoge, vaskeklut, tuå

tvørru (ei *tvørru* bøy som tvøggu)

tvore, kjepp med kvistnabbar til å røre i grauten med

tvørrufør (adj *tvørrufør*)

om bartretopp som er tjukk nok til tvore-emne

tvørrull sjå: **tørrull**

ty (eit *ty*)

1. tøy, vove stoff Sms. ullty, brokty

2. to, hått, energi, evne "Ho er eit menneske med ty og temperamang, ho mosest på Haugen." (HH: Ei haustferd s.134) Jf. tyau

3. -ty som sistelekk: verkty, kallty
Jf. tyri, otjø

ty! (int *ty!*)
jø! jøye meg!

tyau (adj *tyɒu*)
hissig, iherdig (i arbeid)
”Men han var tyaug og trottug i arbeidet” (HH: Streiftog i bygda s.62) Jf. toen, toau, trauten

tye sjå: **tyå**

tykkje I (eit *tykkje*)
tykke, omdømme, skjønn, smak: *ette miṭṭ tykkje skoḷḷ de vårre småruta głas* Jf. teft og tykkje

tykkje II (å *tykkje, tykkje, tøkkt*)
tykkje, synast (I surndalsmål er å *tykkje* uttrykk for oppfatning eller meining, medan å *synast* fortel at noko er synleg for auga (visest))

tykkjen (adj *tykkiṇṇ, tykka, tykkje, tøkkne* bf *tøkk'n*)
snurt, fornærma, støytt Jf. torren

tyngje (å *tyṇṇe, tyṇṇe, tøṇṇt*)
tyngje, ligge tungt på: *ṣṇø'n tyṇṇe-ne løå-takje*

tynngryte (ei *tyṇṇ-grŷt, -grytå*)
stor jarngryte

tyri (eit *tyri, tyrie*)
to eller fleire saman, helst om ektefolk (eigl. trollpakk)
Jf. kallty, tokkeltyri

tysker (ein *tyssk'er, tyssk'eṛṇ*)
flytedobb, vakar på line el. garn

tyte I (ei *tŷt, tytå*)
1. knopp i huda (helst utan verk i, til forskjell frå kveise)
Jf. skvelltyte
2. generelt om utstikkande knopp, t.d. hard krystallinsk steinkorn i kvernstein (som ikkje slitst ned, men lagar spor (tytfar) i motståande kvernstein

tyte II (å *tyt, tyt, tøt, tåtte*)
1. sive ut, sprengjast ut (både om væske og tørrstoff)
2. låte
3. mase og tala omatt om det same ”… og tyt efrå tøftå me oinnele song” (HH: Far e dåggjen, Vårsøg s.197) Jf. rånde

tytfar (eit *tyt-far, -fare*)
spor som er slipa inn i kvernsteinen av motståande tyter (slark i opplagringa kunne få kvernsteinen til å ”gå ut av tytfara” og gå skeivt)
– hoppe tu tytfarå = overført om folk: skiplast, ”gå frå konsepta”

tyå (ei *tyå*)
tye, ”avdeling”, kvart av romma i eit seterfjøs eller sommarfjøs som var oppdelt med tømmervegger (men med opning for ”gjennomgangstrafikk”.
Der fleire gardar hadde sommarfjøs i lag, hadde gardane gjerne kvar si tye.
”Det var fire store tyer i fjøset og sytti krøter med stort og smått.” (HH: Brev frå barndommen s.115, om Eiterdalssetra)
(Somme meiner at ordet har vore bruka overført nedsettande om kvinnfolk)

tæppast att sjå: **teppe**

tærvatak sjå: **tørvatak**

tøe (ein *tøe, tøiṇṇ, tøå*)
tø, tøyr, mildversbolk Jf. le-ver

tøen (adj *tøiṇṇ, tøa, tøe, tøne, tø'n*)
om gras: tøe = mjukt og fløkje
Jf. lemen, kvee

tøft (ei *tøfft, tøfft'a*)
tuft, tomt: *hus'a komm-vækk tå tøfftå færre mi ti*

tøfte (å *tôfft, tøffta*)
tufte, gjera ferdig byggegrunnen:
de e fær bḷøtṭ å bynṇ å tôfft eṇṇo

tøgge I (ei *tôgg, tøggå*) = tugge

tøgge II (å *tøgg, tøgg, tågg, tåjje*)
tyggje

tøggu (ei *tøggu* bøy som tvøggu)
tòge, feste med dragkjetting mellom plog og skjekkel
Jf. ploghorse

tøk (adj *tøk*)
gløgg, lærenem, før alderen sin i utvikling (om born) (mots. nøgg):
de e æn tøk oṇṇe Jf. fløt, glup

tøkje (ei *tøkẹ, tøkẹå*)
jente, førkje (ofte nedsettande):
haṇṇ fer å dre på na by'tøkẹå eṇṇo
Jf. finntøkje

tøle (ei *tôḷ, tøḷå* oftast flt *tøḷå*)
saker, ting, pikkpakk
Jf. paur, spark

Tølløv (namn *tøllɒv*)
Tolleiv, Tellef
Skyttar-Tølløv var ein namngjeten kar

tømmer- sjå: **temmer-**

tøngn (ei *tøŋŋn, tøŋŋn'a, tøŋŋ'n, tøŋŋne* eller: ein *tøŋŋne, tøŋŋniṇṇ*) = tyngd

tøngsel (ei *tøŋŋ'sel, tøŋŋṣlå*)
tyngsle, bør

tør I (ein *tør, tøṛ'ṇ*) = tiur

tør II (adj *tɒr, tɒṛṛṭ* = tørr

tørhause (ein *tɒrhɒse, -hɒsiṇṇ*)
skyhause som ikkje gjev nedbør

tørkjenne (å *tɒr-kẹêṇṇ, -kẹeṇṇe, -kẹeṇṇt*)
1. gjera merksam på at ein er her, t.d. eit bunde dyr som står og rautar etter folk, eller ein som kremtar når ingen legg merke til at han er til stades
2. tala med ukjenneleg mål: *haṇṇ tok trɒyå evve hɒu'e å tɒr-kẹeṇṇt se*

tørnaut (eit *tɒṛ-ṇɒt, -ṇɒte*)
ku el. kvige som ikkje mjølkar

tørnavvar (ein *tɒṛṇavvar*)
tørrnavar, ein som er tungnem, uintelligent Jf. tørnem, nøgg

tørnem (adj *tɒṛṇæmm*)
tungnem, som har tungt for å lære:
sa oṇṇaṇṇ va tɒṛṇæmm e skuḷå
Jf. nøgg

tørnuv (ein *tɒṛṇuv, -nuven, -nuva*)
dss tørnavvar

tørrstu (ei *tøṛṛṣtu, tøṛṛṣtuå*)
tørkestue (for korn)

tørrull (ein *tørruḷḷ (tvørruḷḷ)*)
1. tverel, kinnestav (til strokkkinne)
2. tyrihjelm, stormhatt (plante)

tørrullhatt (ein *tørruḷḷhatt*)
tyrihjelm, tørrull

tørskite (å *tɒṛṣkẹit* sjå skite)
pruppe, fjerte, fise

tørtala (å *tɒṛṭaḷḷa*)
prate inkjeseiande tomsnakk

tørvatak (eit *tɒrrvatak, -takẹe* av *turve* = trenge)
nødvendig krafttak, storarbeid:
de va eṭṭ tɒrrvatak att dæmm fekk iṇṇ hɒy'e fɒr ræŋŋn'e komm
Jf. røsnaverk (NB! Ikkje torvtak)
– særskilt: eit etterlengta dødsfall etter lang og smertefull kamp:
de va eṭṭ tɒrrvatak att ho fekk ṣlæpp-tu te ṣluṭṭ

tøsast (å *tøsast, tøsest, tøstest*)
ikkje få arbeidet frå handa, heftast og ikkje få det til Jf. fjaslast

tøsbryå (ei *tøsbryå*)
tøse kvinnfolk Jf. tøskopp

tøse (å *tø̂s, tøse, tøst*)
somle, dromle, ha lite flyt i arbeidet: *ho går å tøse å får ḍe iḳḳe tu haṇṇå*

tøsen (adj *tøsiṇṇ, -sa, -se, -sne*
bf *tøs'n*) = sein, dromlen, som ikkje får arbeidet gjort:
ho he vårṛṛṭe bærre tøsnar me årå

tøskopp (ein *tøskåpp*)
tøsen kar Jf. tøsbryå

tøtte (ei *tø̂tt, tøttå*)
tytte, jente, kvinne: *ho væt å bærrg-se, deṇṇ tøttå!* Jf. kjelle

tøvast (å *tøvast, tøvest, tøftest*)
1. bli tøvt (om ull)
2. heftast, vera ugreitt:
de må ha tøftest fær ḍæmm når ḍæmm bḷi så leṇṇe

tøve (å *tø̂v, tøve, tøft)*
1. tove, krympe ullty
2. somle, hefte, drygje

tøven (adj *tøviṇṇ, -va, -ve, -vne*)
sein, heftande, ugrei, meinsleg:
de går tøvnar heḷḷ dæmm truḍḍ

tøvfjøl (ei *tøvfjøḷ*)
tovfjøl, brei fjøl med tvartpåriller til toving og klesvask (tidleg utgåve av vaskebrett)

tøy (ein *tɒy, tɒ'n, tɒy'a*)
mildver om vinteren: ” *grøs'møss tɒy e bê̂r hæll ti lass hɒy*”
Jf. le-ver

tøyingsmon (ein *tɒyeŋŋsmon*)
elastisitet, fleksibilitet t.d. kor tøyeleg eit stoff er, også om evne til å strekkje seg under forhandlingar

tå dagå (dativ flt *tå daggå*)
av dage, død
– komma tå dagå = 1. døy, 2. bli døgnvill Jf. tu dagå

tå I (ei *tå, tå'a, tå'n, te, te'n, tå'nå*)
tå (kroppsdel)

tå II (prep/adv *tå* med dativ)
av, frå (mots. *på*): *vi lyt makka ṣṇø tå taḳa / vi ḳæmm-hæm æn tå di fø̂sst daggå / ṣṭḳær-ṭå æi kak-ṣṭḳî̂v!*

tåa (å *tåa*)
– tåa ut / tåa inn= vende tærne utover / innover når ein går:
ho he lag te tåa ut når 'å går foṛṛṭ

tåe (ein *tåe, tåiṇṇ*) = berrflekk i snø

tåg (ei *tåg, tåja, tåjen; teger, tegerṇ, tågå*) = rot-tåg, mjuk og sterk rotstengel eller tråd

tågbær (ei *tåg'ber, -bera*)
teiebær, tågebær
”…å vea gras å tort å tågberløng.” (HH: Vårsøg s.173)

tågrime (ei *tå'grî̂m, -grimå*)
lapp som vart sauma på overleret på sko frå tåspiss til bøygen bak tærne)

tåheina (adj *tå'hæna* av heine tå)
som har mist kjærasten sin til ein rival: *haṇṇ vaṛṛṭ tå'hæna, ho faṇṇ se æn annaṇṇ kar* Jf. attomralla

tåhette (ei *tå'hæ̂tt, -hættå*) = tågrime

tåkommen (adj *tå'kåmmiṇṇ*)
skipla, (også om dement) Jf. toklåt

tålabb (ein *tå'labb, -labben*)
førføtt av ein sokk (gjerne med innspunne nauthår), med skinnsole og hælreimar, til å ha utapå skotåa når ein går på ski i sterk kjøld

Eik-Senteret Surnadal

Børnå må 'n ha te rei når stråa ska takast, — men ikkje hopp-tu tytfarå om det e ingkvart så skrakast.

tåll', tålla, tålt sjå: **tolle, tola, tolvt**

tånn (ei *tåŋŋ, tåŋŋ'a, tå'ŋŋ, teŋŋ, te'ŋŋ, tåŋŋå*) = tann

tånne (å *tâŋŋ, tåŋŋa* intrans)
torne, tørkast, bli tørrare:
hʊye tåŋŋa foṛṛṭ e sa laŋŋ-vera /
rættno he væṭ hʊy'e tåŋŋa-tu så de
ṣlæppe sæjiŋŋ
– om ver: bli finver etter regn:
de ṣer-ut så 'n tånŋa-tu me vera

tåpp sjå: **topp**

tårast (å *ṭårast*)
få tårer i augene, komma på gråten:
de e mæsstå så e viḷḷ tårast når e
teŋŋḳe på de Jf. møklast

tårrin sjå: **torren**

tåtak (eit *tåtak, -taḳe*)
avløysing, avlasting:
ho stoŋŋa væṭ på tåtak, ho moṛ ḍi å

tått- sjå: **tott-**

U

(også ord med o-lyd: und-, unn-. Ord med førestavinga u- står på O)

ufs (ei *uffs, uffs'a, uffs'n; uffse*)
ufs, overheng (i fjell eller kanten av hustak), takskjegg Jf. raft

ufsdrope (ein *uffsdråppe*)
takdrope, drope frå kanten av hustaket (ufsa)

ulsblakk (adj *uḷṣ'bḷakk*)
ulvsblakk, grågul, gråkvit (hårfarge på hest)

ugg (ein *ugg, ujj'en, ujj'a; ugga, uggaŋŋ, uggå*) = finne (på fisk)

ulv (ein *uḷḷv, uḷḷv'en*)
1. ulv (dyr)
2. drøvel: *e ska dra-opp uḷḷv'en ti-'nå, e!* (uhøvla trusel)

ulvnitje (ei *uḷḷv-niḳḳe* sjå nitje)
"ulvnetje", om ein som er uvanleg hard og seig til å drive på: *haŋŋ he aḷḷvæg vårre så æi uḷḷv-niḳḳe*

und (prep/adv *oŋŋ / ôŋŋ* med akkusativ/dativ)
under: *ta å dupp-'n-oŋŋ! / haŋŋ låg hæḷt ôŋŋ da dæmm faŋŋ 'n / de e gått å varra oŋŋ tak*
Sms. undbrok, undkle, undstakk
Jf. attund

undhall (eit *oŋŋ-haḷl)*
skråning, unnabakke

undhøkku (ei *oŋŋ-høkku*)
dobbelhake

undhål (adj *oŋŋ-håḷ* sjå hål)
hål, glatt (om is under laussnø)

undhålke (ei *oŋŋ-hâḷḷk, -håḷḷkå*)
hålke (glatt føre) under laussnø

undlag (eit *oŋŋ-lag, -laje*)
underlag, nedste omfaret i tømmerbygning, ramma på grunnmur i stavbygg Jf. syll

undlaga (å *oŋŋ-lagga*)
bu seg, gjera seg i stand: *du lyt væṭ snaṛṭ oŋŋ-lagga de på hæmrâs?*
eller: *lagga de oŋŋ* Jf. laga und

undlen (adj *oŋŋliŋŋ, -la, -le, -lene*
bf *-len*) = underleg, rar, merkeleg:
de vaṛṛṭ æi oŋŋla dræfft /
de e oŋŋlene åtfere, ṣlekkt så ta

undliv (eit *oŋŋ-liv*)
underkleplagg med stropper til å halde strømpene Jf. snørliv

undløå (ei *oŋŋ-løå*)
lagerrom under låven (til skilnad frå frittståande høyløe) Jf. pundløå

undskord (ein *oŋŋskoṛ, -skoṛ'ṇ*)
botntelne på kastnot Jf. telne
undskorde (ei *oŋŋskôṛ, -skorå*)
fiskfjøl, fjøl som står under toftene og avgrensar mela (fiskrommet), fast fjøl under skjærtofta, laus fjøl under fremre tofta Jf. sneding
undskårnever (ei *oŋŋskåṛ-ṇever*)
stor never i eit lag nedst mot ufsa på torvtak
undtrøye (ei *oŋŋtrn̂y, -trnyå*)
skjorte med krage og knappar (mots. skjorte = undertrøye nærast kroppen) Sms. gammelundtrøye = arbeids-skjorte
undøy (ei *oŋŋ-ny* sjå øy)
flatt og låglendt jordstykke langsmed elv, helst avgrensa av ein mel opp til lendet ovafor Jf. fætta I
unna (prep/adv *oŋŋa* med dativ)
unna: *vi lyt ga oŋŋa viŋŋ'a / de e bra ka vi får oŋŋa / de går oŋŋa fær oŋŋa* = "det går så det susar"
– vera unna = vera avkom etter: *ho va oŋŋa sa storfåłłłꝏ på Asspåŋŋ*
unnadragar (ein *oŋŋa-dragar*)
ein som tek høyet frå vogna til høystålet: *di he spæie oŋŋa-dragara* Jf. stålkråke
unnakommen (adj *oŋŋakåmmiŋŋ*)
holsvolten, magetom, som generelt manglar det ein treng: *di błi nå væł oŋŋakåmm'n tå sa lâŋŋ økktå*
unnselen (adj *oŋŋ-seliŋŋ, -la, -le, oŋŋselne* bf *oŋŋsel'n*)
brydd, skjemd, lite for seg, med liten sjølvtillit: *ho e så oŋŋsela att 'å tnr iꝏke varra me iŋŋ / ho e eŋŋda oŋŋselnar hełł 'å moṛ 'ṇa va*
unnsjå seg (å *oŋŋ-ṣå se*)
ikkje finne det rett å gjera, ikkje komma seg til, eve seg med: *ho oŋŋsåg se fær å sæi ka 'å tøkkt*
unåau sjå: **onåau**
ur- (*ur-*) = forsterkande førestaving:
urliten, ursmå
urandste (adv *uraŋŋste*)
urandste liten = urliten
urve (ei *ûrrv, -urrvå*)
vidjering på båtripa til å feste tauverk i: *ṣlå-fasst ti sa urrvåŋŋ der!*
Jf. geitbåt, nesting
urven (adj *urrviŋŋ, -va, -ve, -vne* bf *urrv'n*) = urven, uopplagt
Jf. olotten, lurpen
utame sjå: **otame**
utamed (prep/adv *uta-me*)
1. utafor, tilsidesett, utan del i: *dæmm hełł 'n uta-me me di dæmm he-fæṛ-ṣe / vi błi lekk'så uta-me ałłt, vi så e gamm'eł*
2. attåt, i tillegg: *de e iꝏke så lite haŋŋ he tent uta-me e viŋŋ'ter*
utapå-kle (flt *utapå-kłe, -kłeåŋŋ, -kłeå*) = ytterklede
utate (prep/adv *utate* dativ)
utafor, lenger ut: *Oppestuå legg utate Pestuåŋŋ* (*utafær Pestuå*)
Jf. innate, austate
utbor (ein *utbor, utboṛ'ṇ*)
utburd, utskot, kriminell (eigl. skrømt av udøypt barn som er utbore i skogen, eller byting)
utendes (adv *uteŋŋes*)
uendeleg, umåteleg langt til målet: *e tøkkt de va uteŋŋes laŋŋt evve marrꝏ'a*

utfådd (adj *utˈfådd* av <u>få II</u>)
om høy som ikkje har tørka skikkeleg: skjemt, halvrote
Jf. <u>fukjen</u>

utgard (ein *utgar, utgaṛ'ṇ*)
gjerde (alle slags): *di får jêr utgaṛ'ṇ åvvafær sommarfjøse* (det vanlege ordet for gjerde i surndalsmål, medan <u>gjerd</u> er eit jordstykke)
Sms. steinutgard, risutgard, <u>åvvågjerdsutgard</u>, <u>merkjesutgard</u>

utgjort (adv *utˈjoṛṛṭ*)
uheldig, <u>formeins</u>: *de va utˈjoṛṛṭ att e skoḷḷ varra bôṛṛṭ da du komm*

utgått på (*utˈgått på*)
med hensikt: *ho va utgått på å få-se-ti ny kåp åt viŋŋtˈra*

uthall (eit *ut-haḷḷ*)
sidehall, skåhall: *haŋŋ ʒpr ekaŋŋtˈ e uthaḷḷa neafær fjøsa*

uthaldt (prep *ut-haḷḷt*) = utafor (til sjøs): *dæmm rodd uthaḷḷt Sprutå*

uthallen (adj *uthaḷliŋŋ*)
som hallar ut til sides: *væˈn e så uthaḷliŋŋ*

uthespe seg (å *uthæ̂ssp se, -hæsspa*)
uttala seg i sterke ordelag, "lesa ein teksten": *du skoḷḷ ha hpṛṛṭ kår 'å uthæsspa se*

uthøre (å *uthør* sjå <u>høre</u>)
spørje ut, få greie på

uti det (adv *uti-di*)
rådlaus, forkommen. opprådd: *dæmm e så uti-di fær ṣa oŋŋå*

utklappa (adj *utˈkłappa*)
